



Frå opposisjon til republikanisme

Politisk kultur i Øvre Bratsberg frå kring 1800 til 1905 og oppslutninga til republikanismen.

ASTRI CATHRINE DRAUGEDAL BJØRGUM

RETTLEIAR
Harald Rinde

Universitetet i Agder, 2019
Fakultet for humaniora og pedagogikk
Institutt for historie, religion og filosofi.



Føreord

Då eg byrja på prosjekt «masteroppgåve» tenkte eg: «Hjelp, høtt he eg gjort?!» For ein tid det har vore, og for eit prosjekt! Frå temaet byrja å ta form hausten 2016 til dette endelege eksemplaret, har det vore mange timars arbeid på lesesalen, frustrerte augneblink, latter og glede, meistringskjensle, og oppgittheit. I denne prosessen har rettleiaren min, professor Harald Rinde, vore viktig. Han har gitt meg mange gode ord og oppmuntringar, gode og konstruktive tilbakemeldingar. Saman med bi-rettleiar, professor Nils Ivar Agøy ved Universitetet i Sør-Aust-Noreg, har eg lært mykje om både skriveteknikk, kunnskap, tenkjemåte og kjeldebruk. Masteroppgåva mi hadde ikkje vore nokon ting utan rettleiarane mine, og eg er evig takknemleg for all hjelp eg har fått.

Når det er sagt er det også andre som har hjelpt meg, og då særskilt med tilgang til kjelder. Universitetsbiblioteket har vore flittig brukt, og tilsette der har gitt meg god hjelp. Hartwig John, formann for Kviteseid Venstre, og Juan Gutierrez, arkivar ved Vinje kulturhistorisk arkiv, må verkeleg takkast, der begge brukte av sin fritid så eg kunne få undersøkt dei dyrebare og interessante protokollane. Asbjørn Rygh Pedersen, arkivar for Nissedal kommune må også takkast i denne samanheng. Masteroppgåva hadde heller ikkje vore heilt det same utan uunnverlege bidrag frå professor Ellen Schrumpf og professor Knut Dørum, som begge delte av sine upubliserte manus.

Til slutt vil eg rette ein takk til gode vene på lesesalen på bygg 46 som gjorde studiekvarden uthaldande, og for medstudentars gode råd og tilbakemeldingar til dei mange (og ofte alt for lange) tekstutdragene mine. Så må eg takke Alfred Rynningen som gjorde ein formedabel jobb med korrekturlesing. Eg kan heller ikkje gløyme vesle gutungen min (masteroppgåvas tvillingbror i følgje professor Knut Dørum) som fekk meg opp mellom 05.00 og 06.30 kvar morgen, og gjorde det mogleg å fullføre dette store prosjektet på to semester. Og så var det mannen min, Jon Martin, som har gitt meg motivasjon, inspirasjon, oppmuntring, ein eg har kunne dele frustrasjonar, bekymringar og små sigrar med. Du har alltid hatt trua på meg. Takk

Kristiansand, mai 2019

Astri Cathrine D. Bjørgum

Innhaldsliste

| | |
|--|----|
| Føreord | 1 |
| Innhaldsliste | 2 |
| Innhaldsliste for figurar og tabellar | 4 |
| 1. Innleiing | 5 |
| 1.1. Tema, problemstilling og hypotese | 5 |
| 1.2. Periodisering og avgrensing | 7 |
| 1.3. Forskingssituasjon | 8 |
| 1.4 Nokre sentrale omgrep og teori | 10 |
| 1.4.1. Politisk kultur | 12 |
| 1.4.2. Sentrum-periferi-teorien..... | 13 |
| 1.4.3. Kva var kongevalet?..... | 15 |
| 1.5. Kjeldebruk og metode | 16 |
| 2. Val og resultat | 18 |
| 2.1. Innleiing..... | 18 |
| 2.2. Teoriar om kvifor folk røystar som dei gjer | 18 |
| 2.3. Kor mange røysta og kva røysta dei? | 20 |
| 2.4. Konklusjon..... | 25 |
| 3. Politisk kultur før 1860 | 26 |
| 3.1. Innleiing..... | 26 |
| 3.2. Øvre Bratsberg i opposisjon | 27 |
| 3.3. Endring av politisk kultur i 1814 | 31 |
| 3.4. Politisk kultur etter 1814 | 35 |
| 3.5. Konklusjon..... | 37 |
| 4. Rørsler og tradisjonar som påverka den politiske kulturen i andre halvdelen av 1800-talet | 39 |
| 4.1. Innleiing..... | 39 |
| 4.2. Den kristne lekmannstradisjonen..... | 41 |
| 4.3. Fråhaldsrørsla og den politiske (drikke-)kulturen | 45 |
| 4.4. Bondevenrørsla | 47 |
| 4.4.1. Hvideseid bondeforening | 51 |
| 4.5. Folkehøgskulerørsla..... | 54 |
| 4.6. Frilynte ungdomslag | 62 |
| 4.7. Målrørsla og norskdomsrørsla | 64 |
| 4.8. Konklusjon..... | 67 |

| | |
|---|-----|
| 5. Betydinga av politiske parti i Øvre Bratsberg | 68 |
| 5.1. Innleiing..... | 68 |
| 5.2. Veksten av Venstre og Høire på nasjonalt nivå..... | 69 |
| 5.3. Kven var Venstreveljarane og Høireveljarane?..... | 71 |
| 5.4. Venstre i Bratsberg, kløyvinga og kampen mot Høire | 71 |
| 5.5. Politiske interesser i Venstre og Høire | 74 |
| 5.5.1. Folkesuverenitetslæra og republikanismen..... | 76 |
| 5.6. Studie av Kviteseid og Treungens venstreforeiningar..... | 79 |
| 5.6.1. Medlemer og møteoppslutning | 79 |
| 5.6.2. Forhandlingssaker | 83 |
| 5.6. Konklusjon..... | 87 |
| 6. Den politiske kulturen i 1905 og republikanismen | 88 |
| 6.1. Innleiing..... | 88 |
| 6.2. Varden | 89 |
| 6.2.1. Kva vest-telene sjølve skreiv i Varden | 91 |
| 6.2.2. Retorikken til Varden..... | 92 |
| 6.3. Politisk kultur i Øvre Bratsberg (tolka frå Varden) | 94 |
| 6.4. Statsformdebatten og argument for republikk | 101 |
| 6.5. Innsende resolusjonar og adresser | 109 |
| 6.6. Konklusjon..... | 110 |
| 7. Konklusjon | 112 |
| 7.1. Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg? | 112 |
| 7.2. Korleis medverka den politiske kulturen til å forklare veksten av republikanismen i Øvre Bratsberg?..... | 114 |
| 7.3. Avhandlinga sin plass i forskingssituasjonen | 117 |
| Kjeldeliste..... | 118 |
| Utrykte kjelder..... | 118 |
| Nettstader:..... | 118 |
| Trykte kjelder | 119 |
| Litteratur | 120 |
| Vedlegg | 126 |
| Vedlegg 1 «Nei»røysteprosent i Bratsberg 12. og 13. november 1905..... | 126 |
| Vedlegg 2 Figur av røsteoppmøte i Øvre Bratsberg 1829-1905 | 127 |
| Vedlegg 3 Utviklinga av røystene til partia på 1880- og 90-talet | 128 |
| Vedlegg 4 Aktivitet i ulike Venstrelag i Øvre Bratsberg på 80-talet | 129 |

Innhaldsliste for figurar og tabellar

| | |
|---|----|
| Figur 1: Utviklinga av røysteprosenten i Øvre Bratsberg og landdistrikta i Noreg frå 1829 til folkerøystinga 12. og 13. november..... | 21 |
| Figur 2: Utviklinga av røysteprosenten hjå herada med høgast og lågast valoppmøte samt gjennomsnittet for Øvre Bratsberg..... | 22 |
| Figur 3 Kor mange som var til stades på møta til Kviteseid Venstreforening. | 82 |
| Figur 4 Kor mange som var til stades på møta til Treungen Venstreforening. | 82 |
| Tabell 1: Oversikt over "nei"-røystene i kvart herad i Øvre Bratsberg ved folkerøystinga 12. og 13. november 1905..... | 24 |

1. Innleiing

1.1. Tema, problemstilling og hypotese

I 1905 fekk folk i Noreg delta i folkerøysting heile to gonger. Den fyrste gongen, 13. august, røysta folk for eller mot regjeringas vedtak om å gå ut av unionen med Sverige. Det vart eit soleklårt «ja». I den andre avrøystinga, 12. og 13. november, var spørsmålet om folk var samde med regjeringa i at den danske prins Carl skulle verte Noregs nye konge. Også då sa folk eit klårt «ja». Men denne gongen var det nokre område i landet der folk hadde ei anna mening. I Øvre Bratsberg røysta heile 65 % «nei» til om dei ville støtte regjeringas val av prins Carl som Noregs nye konge, og var det distriktet som hadde størst «nei»-prosent.¹

Kvifor var det så mange som røysta «nei» i Øvre Bratsberg november 1905? Me har grunn til å tru at mange av dei som røysta «nei» ønskja republikk.² For å koma til roten av dette spørsmålet ønskjer eg å studere den politiske kulturen. Politisk kultur er kompleks, med mange faktorar som spelar inn, og vil endre seg etter som tida går. Derfor ser eg det som nyttig å studere den politiske kulturen i Øvre Bratsberg over lengre tid, for å sjå om det var noko utvikling, kontinuitet eller store endringar som kunne gje grunnlag til den republikanske tanken.

Hovudproblemstillinga mi vil derfor vere:

Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg, og korleis medverka den til å forklare veksten av republikanismen i Øvre Bratsberg?

Hovudvekta av oppgåva kjem til å liggje på politisk kultur, der store deler av den politiske kulturen i Øvre Bratsberg vil bli forska på og analysert. Deretter vil eg kunne sjå kva deler av den som kunne vere medverkande for veksten av republikanismen. Når eg skriv om politisk kultur er det viktig å vere klar over at det er majoritetskulturen i samfunnet eg forskar på, og ikkje ein kultur som gjeld alle. I nokre tilfelle vil eg trekkje inn motparten av majoritetskulturen, men politisk kultur handlar (kort sagt) om normer og forhold til politikk

¹Rovde, Olav (2005) Kvifor stod tanken om republikk så sterkt i Telemark? I I. Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905.* (26-39) Porsgrunn: Wera AS: 32.

² Ein kunne røyste «nei» og likevel vere for monarki, men heller vere imot kongekandidaten, eller vere usamde om framgangsmåten som vart valt. Likevel meiner Rovde at folkerøystinga vart eit val om monarki eller republikk, og det vart ein generell haldning om at dei som røysta «nei», røysta for republikk. Rovde, 2005: 26f.

og makthavarane, og derfor vil ikkje politisk kultur innebere alle sider av, meinigar om og haldningar til politikken.

Ved studiet av politisk kultur ser me at det kan vere ein samanheng mellom tradisjonar, kultur og tidlegare politisk praksis med kor folk stod i store politiske spørsmål. Politisk kultur vil ikkje åleine forklare veksten av republikanismen, men me kan sjå nokre faktorar til den. Politisk kultur inneber både strukturbaserte og aktørbaserte forklăringer av utviklinga, og sjølv om det var andre ting som spela inn på kvifor så mange valte å røyste «nei», har eg grunn til å meine at politisk kultur hadde ein viktig rolle i veksten av republikanismen.

For å få gode svar på hovudproblemstillinga mi har eg formulert nokre forskingsspørsmål som vil vere til god hjelp. Desse er som følgande:

Kva deler av den politiske kulturen vil gå attende gjennom heile perioden eg skal forske på?
Sidan politisk kultur vil endre seg over tid, vil noko koma og noko gå. Likevel trur eg at deler av den politiske kulturen vil vere kontinuerleg over lengre tid, og eg meiner at denne delen av den politiske kulturen vil vere særskilt viktig for samfunnet det gjeld i større politiske saker, slik som kongevalet i 1905.

Korleis kan valstatistikk kaste ljós over den politiske kulturen? Valstatistikkane viser både kor aktive bøndene var, om kor mange som røyste, og kva dei røyste på. Sistnemnde vil føre meg vidare til spørsmålet om *kva parti som hadde mest å seie for den politiske kulturen i Øvre Bratsberg?* Ved å studere dei største partia i Øvre Bratsberg, og sjå kor mange som slutta seg til dei, og kva saker som engasjerte partia, kan me finne ut av kva som var viktige for bygdesamfunna. Då vil det vere særskilt interessant å sjå om det var nokre tema, politikk eller tankar som me kan finne både i partia og i statsformdebatten.

Kva republikkargument kan me finne attende i den politiske kulturen før 1905? Argumenta for republikk kom frå ein stad, og ved å studere politisk kultur vil ein også kunne sjå kvar argumenta kom frå, og kvifor dei var så viktige for bygdesamfunna.

Kva rørsler hadde noko å seie for veksten av den republikanske tanken? Det er ein tydeleg samanheng mellom politisk aktivitet, politisk kultur og foreiningar. Mange av dei som røysta ved folkerøystinga dette året, hadde vore med og utvikla foreningslivet i bygdene. Desse foreiningane og deira tidleg aktivitet har truleg påverka kva som var viktig for innbyggjarane. Dei same rørslene har fleire trekk som republikanarane seinare bruker i debatten om statsform.

Korleis kan me bruke Stein Rokkans teori om sentrum- periferi for å forklare den politiske kulturen, og veksten av republikanismen? Stein Rokkan har ein teori der sentrum og periferien var prega av konflikt. Kan me finne nokre av desse konflikt-dimensjonane i Øvre Bratsberg? Kvar ligg så Øvre Bratsberg i denne teorien? Ved studie av sentrum-periferi-teorien i Øvre Bratsberg finn me også omgrep som motkultur og telemarkradikalisme, og *kor viktig var motkulturen og telemarkradikalismen for utviklinga av republikanismen i Øvre Bratsberg?* Bratsberg har vorte kalla for eit radikalt amt, og kan det hatt noko å seie for republikk-tilslutninga? Motkulturen i Øvre Bratsberg viste kan me kjenne attende frå Vestlandet, og skapte ein avstand mellom fjellbygdene og hovudstaden, periferien og sentrum. Dette ville påverke den politiske kulturen og eg vil sjå nærare om det også ville påverke republikanismen.

Eg ønskjer å forske på politiske kulturen, for eg meiner at når eg kan forstå den i eit samfunn, kan ein også forklare utvikling og haldningar til folk gjennom historia og fram til i dag. I avhandlinga mi har eg valt Øvre Bratsberg fordi det er eit område som skil det seg ut frå resten av landet i temaet 1905 og spørsmålet om statsform. Med å forstå kva politisk kultur er, kan ein bruke teorien til å forstå korleis andre samfunn også har utvikla seg.

1.2. Periodisering og avgrensing

Eg vel å avgrense oppgåva frå litt før 1800 fram til 1905. Grunnen for at eg vel 1800-talet som hovudperiode er dei store sosiale og politiske endringane som skjedde det hundreåret. Eg avsluttar i 1905 med kongevalet i november som klimaks, sidan Øvre Bratsberg skilte seg ut her, og er i seg sjølv ein naturleg grensesetjing.

Øvre Bratsberg var altså den regionen som hadde størst «nei»-prosent ved folkerøystinga. Derfor er det interessant å ta føre seg denne delen av amtet. Bratsberg var eit delt amt på 1800-talet, med store skilnader sosialt, kulturelt, politisk og samfunnsmessig mellom aust og vest,³ noko også folkerøystinga viste. Derfor har eg valt å fokusere på Øvre Bratsberg, og ikkje heile amtet.

Det er likevel viktig å presisere at republikanarane ikkje heldt til berre i Øvre Bratsberg, men også i andre delar av amtet, og i landet. Tabell 1 på side 24 viser oversikt over «nei»-prosenten i kvart herad i Øvre Bratsberg, og Vedlegg 1 viser ein fullstendig oversikt over

³ Schrumpf, Ellen (2019) Drikkeskikker og politisk kultur i Telemark på 1800-tallet. I O. L. Hoel et. al. (Red.) *Heimen* 56 (1) 25-38. Universitetsforlaget. Henta frå: https://www.idunn.no/file/pdf/67116924/heimen_2019_01_pdf.pdf. Sist besøkt: 18.04.2019: 36.

«nei»-prosenten i alle herad i heile Bratsberg. Til dømes hadde Solum 51,5 % «nei», og den største byen, Skien, hadde 47,2 %. Det var altså ein større del som røysta «nei» i desse og fleire andre herad i Nedre Bratsberg enn i Hjartdal.⁴ Medan det var 65 % som røysta «nei» i Øvre Bratsberg, var det tilsvarende talet for resten av Bratsberg 40,2%.⁵ Det er generelt høg «nei»-prosent, noko som har ført til at det alt er mykje litteratur om emnet, men det er lite forsking som skil mellom Øvre og Nedre Bratsberg. Det er derfor av større interesse for meg å forske på berre Øvre Bratsberg, og ikkje heile amtet, for det er tydelege skilnader på øvre og nedre del av amtet.

Det har vore nokre få endringar av herad i Øvre Bratsberg, og frå 1826 var futedømet delt i følgjande herad: Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Lårdal, Mo, Vinje, Tinn, Hjartdal, Gransherad. Rauland vart eit eige herad frå 1862. I 1903 vart Gransherad-Jondalen eit eige herad, og er derfor med i statistikkane for 1905.

1.3. Forskingssituasjon

Det er gjort mykje forsking på politisk kultur dei seinare åra, der særskilt svenskane har ligge i teten. Dei har fyrst og fremst sett på politisk kultur som politiske spelereglar.⁶ P. Ihalainen et. al. har forska på politisk kultur i Skandinavia på 1700-talet. Fyrst kan det sjå ut som at det ikkje var store skilnadar på politisk kultur i dei landa som vart forska på, når ein tok utgangspunkt i ein svært vid definisjon.⁷ Men det er likevel store skilnadar mellom dei skandinaviske landa.

Knut Dørum har i boka «Frå undersått til medborgarar» forska på politisk kultur i norsk historie, og kan kort forklare at politisk kultur er kva normer for politiske handlingar ein hadde *utanfor* styresmaktene.⁸ Dørum forskar på korleis politisk kultur vart utvikla i Noreg då me gjekk frå eineveldet til demokrati,⁹ og ser at det er stor kontrast mellom den folkelege politiske kulturen og elitanes politiske kultur,¹⁰ og det er nettopp folkeleg politisk kultur eg vil forske på i Øvre Bratsberg.

⁴ Sjå tabell 1 for oversikt over «nei»-røystene i Øvre Bratsberg.

⁵ Rovde, 2005: 32.

⁶ Dørum, Knut (2016) *Frå undersått til medborgarar. Styreform og politisk kultur i Noreg 1660-1884*. Oslo: Det Norske Samlaget: 50f.

⁷ Munch (2011) Preface. I P. Ihalainen et. Al (red.) *Scandinavia in the Age of Revolution. Nordic Political Cultures, 1740-1820*. New York: Routledge: xviii.

⁸ Dørum, 2016: 8.

⁹ Dørum, 2016: 51.

¹⁰ Dørum, 2016: 79.

Forskinga på den politiske kulturen i Øvre Bratsberg er noko mager. Nils Ivar Agøy drøftar trekk ved den politiske kulturen i Telemark Historie bind 2, men er noko utsydeleg på at det er politisk kultur som er fellesnemnar her.¹¹ Gunnar Bolstad skreiv ei avhandling om «Politisk kulturdannelse i Øvre Telemark rundt 1814», og forskar på korleis bøndene vart politiserte og fekk erfaring i politikk i 1814.¹²

Det er ingen eller lite forsking som bruker politisk kultur som ein mogleg årsak til veksten av republikanismen, og når det gjeld forsking på republikanismen i 1905 er heller ikkje dette vidt forska på. Arve Solstad har i sin avhandling forska på aktørar og aktiviteten til republikanarane i 1905.¹³ Han kom fram til at det først og fremst var dei venstreorienterte partia som agiterte for republikk, der partiet Venstre var delt på midten, i tillegg til dei nasjonale aktivistiske elementa og rørsler.¹⁴ Der tar Mastergradavhandlinga til Samuel Høiland frå 2018, «Det jevne Folkestyre, som de i Aanden saa», republikktemaet vidare, og studerte republikanismen i Lister og Mandals amt. Først og fremst studerte han kvifor folk i Lister og Mandals amt røysta «nei» ved folkerøystinga 12. og 13. november. Han undersøkte utbreiinga av republikanismen, og argumenta som vart brukta i debattane i lokale aviser.¹⁵ Denne avhandlinga var også ein stor inspirasjonskjelde til min oppgåve, og eg ønskjer å bidra i dette feltet med mitt case-studie. Ved å lese Høiland s analyse av argument for republikanismen, forstår ein at dette var handlingar som låg i folk allereie før 1905, og Høiland trekkjer blant anna fram Jaabæk og bondevenrørsla som var aktive 30 år før unionsoppløysinga.¹⁶

Det har også vorte forska på folkerøystinga 12. og 13. november på Nord-Vest-landet, der ein har sett ein samanheng mellom oppslutninga om lekmannsrørsla, pietismen og oppslutninga om kongedømmet i 1905, og Møre og Romsdal, som vart forska på, vart delt mellom kyst og innland for kvar ein stod i statsformspørsmålet.¹⁷

¹¹ Agøy, Nils Ivar (2015) Frå passivitet til radikalisme. I N. I. Agøy et. al. (Red.) *Telemarks Historie 2. 1814-1905.* (2. opplag, bd. 2) Bergen: Fagbokforlaget.

¹² Bolstad, Gunnar (2010) «Der blev dygtig politiseret...» *Politisk kulturdannelse i Øvre Telemark rundt 1814.* (Mastergradsoppgåve). Volda: Høgskulen i Volda.

¹³ Solstad, Arve (1964) *Republikanerne i 1905. Aktører og aktivitet.* (Hovudfagsoppgåve) Statsvitenskap, Oslo: Universitetet i Oslo.

¹⁴ Solstad, 1964: 221f.

¹⁵ Samuel (2018) *Det jevne Folkestyre, som de i Aanden såå.* *Republikanerne i Lister og Mandals amt i 1905* (Mastergradsoppgåve). Kristiansand: Universitetet i Agder: 1.

¹⁶ Høiland, 2018: 32.

¹⁷ Hovland, Brit Marie (1994) *Folkeavstemningen over monarki-republikk i 1905. Et økologisk perspektiv.* (mellomfagstillegg) Høgskulen i Volda: Institutt for historie.

Avhandlinga vil vere ein i rekka av mange lokalhistoriske artiklar og forsking på republikanismen i Bratsberg, der særskilt årboka «Telemark Historie. Telemark 1905. Nr. 26. 2005» frå Telemark Historielag, som har fleire artiklar som omhandlar republikanismen i Bratsberg frå ulike vinklar er nyttig. Her vert personaktørar som kunne spele inn og hovudargument for republikk drøfta.¹⁸

Forskningsprosjektet mitt vil bidra til å forklare republikanismen i 1905 på ein måte som ikkje er systematisk tematisert før, nemleg å sjå korleis politisk kultur var med og påverka veksten av republikanismen. Ved å studere politisk kultur over tid, vil avhandlinga vise ein utvikling, og me kan sjå korleis politisk kultur endra seg i lokalsamfunnet. Me vil kunne sjå om det var nokon samanheng mellom rørsler, republikanismen og politisk kultur, og ved å samanlikne politisk kultur i Øvre Bratsberg med andre regionar, kan me sjå kva som var typisk for nettopp dette området, og korleis dei skil seg ut. Det siste skal eg ikkje gjere ein større analyse av i denne avhandlinga, men eg kjem til å trekkje nokre samanlikningar til enten andre regionar eller landet som heilskap, og kan på nokre område vise korleis Øvre Bratsberg skilte seg ut.

1.4 Nokre sentrale omgrep og teori

Telemark heitte på denne tida Bratsberg, og alle offisielle dokument brukar dette namnet. Innbyggjarane sjølve bruka namnet Telemark, eller i mange tilfelle danskeforma «Tellemarken». Eg vil likevel halde meg til namnet Bratsberg og Øvre Bratsberg når eg skriv om Telemark og Øvre Telemark.

1800-talet var eit hundreår med mykje endringar, sosialt, økonomisk, politisk og kulturelt. Det er blant anna då det norske samfunnet gjekk over frå å vere eit standssamfunn, med bonde- og embetsmannstand og byborgarar, til å verte eit klassesamfunn, med arbeidarklasse, middelklasse og overklasse. Bondesamfunnet i Øvre Bratsberg var på slutten av 1800-talet framleis mest prega av standssamfunnet, der standsomgrepet har både ei tredelt tyding; embetsmenn, borgarar og bønder, og ei sosialpolitisk tyding, der menneske følte samhøyr utan ein fast struktur.¹⁹ Tida mellom 1814 og 1884 kan karakteriserast som embetsmannstandens tid, der det for det meste var embetsmenn som sat i regjering og storting. Bøndene tok opp kampen mot dette styret på byrjinga av 1880-talet, og i 1884 fekk dei danna den fyrste regjeringa som hadde fleirtal av bønder. Jens Arup Seip karakteriserer tida etter 1884 (fram til

¹⁸ Royde, 2005: frå side 26. Kleppen, 2005: frå side 40. Rui, 2005: frå side 102.

¹⁹ Bolstad, 2010: 13.

1945) som næringsdrivande og borgarskapets tidsalder, og i denne perioden vokst partia og organisasjonar, og embetsmannsstaten vart erstatta med det Seip kallar for fleirpartistaten.²⁰ Dette markerte slutten på standssamfunnet, ved at styreforma frå 1814 vart endra, og ein hadde ikkje lenger berre tilhørysle i ein stand, men også gjennom parti og foreiningar skapa tilhørysle, og klassesamfunnet vart meir aktuelt. Når eg i kapitla som tar føre seg tida etter 1880 bruker omgropa bonde og embetsmenn, er det ikkje standomgrepet eg siktar til, men yrkestilhørysle. Sjølv om embetsstanden ikkje fantes på same måte som før, var der framleis embetsmenn, som er menn som hadde eit embete i staten.

Som eg vil koma inn på fleire gonger, var Bratsberg prega av ein radikalisme som var særskilt for området, og som mange har kalla for «telemarkradikalisme». Radikal kjem frå det latinske ordet «radix» som betyr «rot», og er ofte brukt i politikken om personar, rørsler og organisasjonar som ønskjer store og raske endringar av etablerte sosiale, politiske og økonomiske forhold.²¹ Telemarkradikalismen gjekk ut på at bøndene, spesielt i dei øvre delane av amtet, var så opptekne av å bevare gamle tradisjonar at det ofte gjekk ut over utviklinga som gjekk føre seg i samfunnet elles, og dei vart derfor radikale.²² Eg vil drøfte radikalismen meir i kapittel 3.1.

Eg kjem nokre gonger til å kome innom omgrepet motkultur, og fleire gonger betydninga av omgrepet utan å bruke sjølve omgrepet. Motkultur er kort sagt det som går imot og utfordrar den dominante kulturen i landet som er knytt til den styrande eliten, altså embetsmannstanden og det urbane borgarskapet. Veksten av målrørsla og frilynte ungdomslag representerer ofte denne motkulturen, og folkehøgskulerørsla, som var sterkt representert i Øvre Bratsberg, var viktig for spreying av motkulturen. Denne motkulturen var spesielt sterkt på Vestlandet, men også i Øvre Bratsberg.²³ Stein Rokkan viser til motkultur på Sør- og Vestlandet, utan å direkte bruke omgrepet *motkultur*. Han forklårar at denne landsdelen hadde sterke støtte til følgjande politiske tema enn nokon andre regionar: 1) forsvar av luthersk ortodoks og pietistisk fundamentalisme i motsetning til radikalisering og sekularisering som påverka byane, 2) dei har vore prega av temperament og ulovlege rørsler, 3) dei har vore

²⁰ Seip, Jens Arup (1987) *To linjer i norsk historie. Frå embetsmannsstat til ettpartistat. Høire gjennom hundre år 1880-1980*. Oslo: Universitetsforlaget: 19.

²¹ Thorsen, Dag Einar (2018) *Radikal*. Henta frå: <https://snl.no/radikal>. Sist besøkt: 16.04.2019.

²² Agøy, 2015: 196.

²³ Kjeldstadli, Knut (2004) Finnes faktisk en radikal Telemark-tradisjon? I E. Schrumf et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 25- 2004. Den stridbare Telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS: 73.

forkjemparar for landsmålet, og målrørsla har vore sterkt til stades.²⁴ I oppgåva mi vil eg vise at alle desse rørslene og tradisjonane også var sterke i Øvre Bratsberg, og eg skal kome inn på korleis dei påverka den politiske kulturen, og haldningane til monarki og republikanismen.

1.4.1. Politisk kultur

Politisk kultur er kort sagt normer og reglar for korleis ein oppfattar politikk, og i praksis kven som kan utøve makt. Thomas Munck skriv at politisk kultur «consists of all accepted ideas, institutions, commonly shared values and normal practices relevant to the exercise of power and the maintenance of order in society». Som han skriv vidare så omfattar dette omtrent alt, og er ein svært vid definisjon.²⁵

Knut Dørum skriv at politisk kultur er

kva slags normer for politiske handlingar og aksjonar som gjaldt utanfor maktapparatet rundt konge og regjering, altså kva ord, uttrykk og handlingar som var tillatne for undersåttane når dei i organiserte former eller i samla flokk ville nå fram overfor styresmaktene eller andre sosiale grupper.²⁶

Altså politisk kultur var *folket* sin aktivitet, og korleis dei uttrykte politikk, og

[i] politisk kultur ligg altså ulike former for politisk organisering og kollektiv aktivitet hos ulike sosiale lag, og ikkje minst gradar av folkestyre eller folkeleg innverknad på politiske avgjerder.²⁷

Politisk kultur handlar om meir ålmenne førestillingar og kva som legitimerer makt.²⁸ Eg skal forske på den folkelege politiske kulturen, som kort sagt er folkelege normer og verdiar som skaper eit medvit om kor mykje dei «store kunne krevje av dei små», til dømes gjennom vern av gamle rettar, rettferdige prisar, særskilt ved krisetider, ein folkeleg førestillingsved som kunne stå i opposisjon til dei store og mektige i samfunnet.²⁹

Den politiske kulturen vil endre seg over tid,³⁰ ettersom både samfunnet og maktfordelinga endrar seg. Knut Kjeldstадlis forstår politisk kultur som at den omfattar for det fyrste karakteristiske former i politikken, politikkens institusjonar, praksis, prosedyrar, og semja om «korleis ein gjer det her». Politisk kultur omfattar også dominerande mønster av meining og

²⁴ Rokkan, Stein (1967) Geography, Religion, and Social Class: Crosscutting Cleavages in Norwegian Politics. I S. M. Lipset et. al. (Red.) *An offprint from Party Systems and Voter Alignments*. USA: The Free Press: 415.

²⁵Munck, 2011: xviii.

²⁶ Dørum, 2016: 8.

²⁷ Dørum, 2016: 9.

²⁸ Dørum, 2016: 51.

²⁹ Dørum, 2016: 57.

³⁰ Dørum 2016: 52

fortolking i det politiske miljøet, og meir konkrete haldningar eller standpunkt blant veljarane i opinionen.³¹

Så korleis «gjorde ein det» i Øvre Bratsberg frå 1800 til 1905? For å finne svar på dette ønskjer eg å sjå på folks forhold til politikk, og korleis kulturen og samfunnet påverka dei politiske interessene, og kva politiske interesser ein hadde i Øvre Bratsberg. Eg skal studere politisk praksis i Øvre Bratsberg, finne meiningsane deira i den politiske debatten om kva statsform dei ønska, korleis røystemonsteret deira var, og kva foreiningar som påverka det politiske biletet.

1.4.2. Sentrum-periferi-teorien

Gabriel Øidne publiserte i 1957 artikkelen «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet» der han påviste klare motsetningar og ulikskapar mellom dei ulike geografiske områda i landet. Vestlandet var sterkt prega av motkultur, med religiøs pietisme og med fråhaldssak og målsak som viktige rørsler, i motsetning til Austlandet.

Bratsberg vart kalla for eit «Austland som lengtar mot Vestlandet»,³² og i Øidnes samanlikning mellom desse regionane ser me dette godt. Øvre Bratsberg var på mange måtar meir lik Vestlandet kulturelt, og vil difor føre med seg ein større avstand mellom Øvre Bratsberg og Austlandet, der dei politiske avgjerslene vart tekne i hovudstaden.³³

Rokkan har teke Øidnes geografiske skilnader vidare og formulert sentrum-periferi-teorien, som kort sagt går ut på at sentrum og periferi står i motsetningar til kvarandre. Ein brukar ofte denne teorien når ein skal analysere politiske system. Teorien, og tanken om geografiske, sosiale og kulturelle skilnader, meiner eg er viktig å forstå når eg skal forklare den politiske kulturen i Øvre Bratsberg, for i mine undersøkingar har eg fleire stader kome borti desse ulikskapane og skilnadene, både i samtid og ettertid.

I sentrum-periferi-teorien er det viktig å avgrense det geografiske området, og sjå på strukturen i området me vil analysere. Me må først sjå på *sentrum* som Rokkan definerer som der store avgjersler vert tekne, der dei dominante aktørane i systemet er, saman med familie og vener som påverkar. Deretter må me ta føre oss områda som vart kontrollerte av sentrum,

³¹ Kjeldstadli, 2004: 70.

³² Nærøvik, Jostein (1979) *Bondevener og andre uvener. Studie frå Telemark.* Kragerø: Naper Boktrykkeri: 16.

³³ Artikkelen vart opphavelig publisert i Syn og Segn i 1957, men seinare trykt i O. Aagedal *Bedehuset: rørsla, bygda, folket,* (1986) og det er den sistnemnde eg bruker som kjelde. Me skal gå nærmere inn på desse rørslane påverknad i Øvre Bratsberg seinare i oppgåva. Øidne, Gabriel (1986) Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet. I O. Aagedal *Bedehuset: rørsla, bygda, folket.* Gjøvik: Det norske samlaget.: 41f.

nemleg periferien. Befolkinga i periferien er avhengige av sentrum, og vert påverka av avgjersler som vert tekne der.³⁴ Viktige karakteristikkar i denne teorien er avstand, ulikskap og avhengigheit. Periferien ligg i ein geografisk avstand frå sentrum, den er ulik sentrum på fleire måtar, og periferien er meir eller mindre avhengig av sentrum, når det gjeld politiske, økonomiske og kulturelle avgjersler.³⁵ Sentrum er også der størsteparten av informasjonen vert kontrollert.³⁶

Rokkan har to ulike betydningars av omgrepet «periferi»: vertikal og horisontal periferi. Med horisontal periferi meiner han territoriale skilnader som me allereie har teke føre oss. Vertikal periferi definerer han som sosiale avstandar, altså sosio-kulturelle konfliktlinjer. Vertikal periferi vil kunne analysere interaksjonen mellom dei som tek avgjersler og dei som har minst påverknad på den prosessen, utan at det nødvendigvis er avstand mellom dei territorielt. Det er viktig å ta føre seg begge tilnærmingane når ein brukar teorien, og kombinert med dei ulike konfliktdimensjonane vil desse vere gode verktøy til å forstå den politiske kulturen.³⁷

Dei fem konfliktdimensjonane i det politiske systemet i Noreg som Rokkan studerte, er: 1) Territoriale motsetningar mellom sentrum og periferi, som forklart over, 2) sosio-kulturelle konfliktlinjer mellom akademisk utdanna i byar og nasjonsorienterte bønder i landdistrikta, og mellom den styrande og dei styrte, 3) religiøse motsetningar mellom sekularisert liberalisme i byane og den ortodokse lutherdomen i landdistrikta, 4) økonomisk konfliktlinje på varemarknaden mellom produsent og kjøpar, 5) motsetningar på arbeidsmarknaden, mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Kjenneteiknet på fleire desse konfliktdimensjonane er at dei illustrerer konfliktområda mellom byane og landdistrikta. Dei fleste av konfliktdimensjonane kunne vere aktuelt å bruke i analysen av politisk kultur, men med tanke på temaet eg forskar på er det hovudsakeleg territoriale motsetningar og sosio-kulturelle konfliktlinjer som er mest aktuelt å bruke i analysen, noko også Rokkan mente var dei mest tydelege motsetnadsforholda på slutten av 1800-talet.³⁸

³⁴ Kuhnle, Stein et. al. (Red.) (1999) *State formation, nation-building, and mass politics in Europe: the theory of Stein Rokkan: based on his collected works*. Oxford: Oxford University Press: 108.

³⁵ Kuhnle, et. al. 1999: 115.

³⁶ Kuhnle et. al. 1999: 114.

³⁷ Kuhnle et. al. 1999: 113ff.

³⁸ Rokkan, Stein (1987) *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget: 137f.

Kvar ligg så Bratsberg i sentrum-periferi-landskapet i Noreg? Det er ingen tvil om at Bratsberg var periferi. Geografisk var amtet prega av mykje fjell, men også kyst og store skogsområde. Bratsberg var eit svært varierande amt geografisk. Det låg midt i mellom aust, vest og sør i Sør-Noreg og høyrde eigentleg til Austlandet, men dei øvre delane av amtet kunne på mange måtar identifisere seg med Vestlandet. Dette ser me godt gjennom Øidnes analyser av Aust- og Vestlandet, og gjennom heile utgreiinga mi vil me støyte på fleire problemstillingar som splitta amtet mellom desse regionane. Bratsberg har også byane Skien og Porsgrunn, i tillegg til eit par andre mindre byar, som fungerte som eit sentrum inne i amtet. Skien var hovudstaden, der amtmannen heldt til, og der valmennene frå distrikta møttast. Øvre Bratsberg fungerte uansett som periferi, uansett kvar me seier sentrum var.

Sentrums-periferi-teorien vil vere eit godt analyseverktøy for å svare på problemstillinga mi når eg les kjelder og litteratur. Det er tydeleg at den politiske kulturen i Øvre Bratsberg var sterkt prega av avstanden mellom by og bygd, bonde og embetsmann. Ved å analysere Øvre Bratsberg og den politiske aktiviteten, forholdet mellom stat og folk, kva forhold folk hadde til politikk, og kva politisk praksis det var, opp mot denne teorien, vil eg koma med ny empiri som forsterkar Rokkans teori.³⁹

1.4.3. Kva var kongevalet?

Me må drøfte kva folkerøystinga 12. og 13. november 1905 eigentleg var. Spørsmålet folk skulle ta stilling til var om dei var «enig i stortingets bemyndigelse til regjeringen om at opfordre prins Carl af Danmark til at lade sig vælge til Norges konge».⁴⁰ Dei skulle røyste «ja» eller «nei», og ta stilling til det som alt var gjort av Stortinget og regjeringa. Folkerøystinga 12. og 13. november var altså eit «kongeval» i ordets rette betydning, der folket skulle velje (eventuelt velje bort) prins Carl som norsk konge.

³⁹ Når eg i oppgåve omtaler «folk flest», meiner eg dei som ikkje representerte staten ved yrke eller offentlege verv. På tidleg 1800-tal var det for det meste embetsmenn som hadde slike stillingar i samfunnet, men dei var svært få på bygdene, så også bønder med høg sosiale posisjonar fekk slike stillingar. I mange tilfelle vil «folk flest» vere dei røysteføre, eller dei som var medlemmar i ulike foreiningar, dei som har sett spor etter seg i kjeldene. I Øvre Bratsberg var det i 1835 18 embetsmenn (10 geistlege, 5 sivile og 3 militære embetsmenn), 1811 sjølveigarar, 638 leiglendingarar og forpaktarar, 1917 husmenn med uskyldsett jord, 109 handverkarar, 958 daglønarar og jordlause husmenn, 1906 tenestefolk, 957 fattige. Det Kongelige Finants-, handels-, og Told-Departementet (1838) *Statistiske tabeller for kongeriket Norge. Første række*. Christiania: Chr. Grøndal. Henta frå: https://www.ssb.no/a/histstat/nos/st_01r_1835.pdf. Sist besøkt: 20.02.2019: 16f.

⁴⁰ St.mdd. nr. 5 (1905/1906) *Ang. redegjørelse for resultaterne af folkeavstemningen den 12te og 13de november 1905*. Henta frå: (14.10.16) https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1905-06&paid=2&wid=a&psid=DIVL2371&pgid=a_1876: 1.

Olav Rovde reflekterer rundt denne formuleringa, og kva avrøystinga eigentleg var. «Eit nei var dermed eit nei til 7. juni-regjeringa. Formelt sett var såleis ikkje avrøystinga eit spørsmål om statsform, men om tillit til regjeringa- og om prins Carl skulle veljast til konge.»⁴¹ Det som opphavelig skulle vere eit kongeval, vart eit val om Noreg skulle vere monarki eller ikkje.⁴² «Ethvert ja er en stemme for kongedømme, ethvert nei en stemme for republik» skreiv både Varden og fleire andre aviser.⁴³ Å røyste «ja» ville altså seie at ein ville at Noreg skulle vere monarki, og prins Carl skulle verte konge. Eit «nei», derimot, ville seie at ein ønskte at Noreg skulle verte republikk.⁴⁴ Likevel kan me ikkje med sikkerheit vite at dei som røysta «nei» ville ha republikk eller om dei rett og slett berre ikkje ville ha prins Carl som norsk konge. Ordlegginga av spørsmålet gjorde at det norske folk ikkje fekk sei sin eigentlege mening.

1.5. Kjeldebruk og metode

Eg vil i denne avhandlinga basere meg på mykje av litteraturen og forskinga som allereie finnes, og fylle inn med eigne studiar av primærkjelder der det er manglar, for å få ei betre forståing av den politiske kulturen og veksten av republikanismen.

Kjelder eg vil bruke i tillegg til tidlegare forsking, er avisa Varden, venstreprotokollar og protokollar etter ungdomslag. Eg vil også ta i bruk ulike statistikk.

Eg kjem hovudsakeleg til å bruke Varden i samband med statsformspørsmålet og politisk kultur i 1905. Når eg bruker Varden, og nokre andre aviser, er det for å svare på spørsmål som korleis statsformdebatten gjekk føre seg, og studere viktige republikkargument og motargument. Når ein les ein avis kan ein også få eit inntrykk av korleis den politiske kulturen var, ved at ein kan sjå kva saker som engasjerte og korleis politikken vart omtala i media. Me kan også til ein viss grad sjå aktiviteten til folk, og om bøndene i Øvre Bratsberg var så engasjert i statsformdebatten eller ikkje, og om dei eventuelt var mest opptatt av spørsmålets konkrete ordlyd og bokstavelege betydning. Varden var ein tydeleg republikk-avis, og var svært selektiv til kva stoff som kom med. Derfor måtte eg også lese andre aviser frå Bratsberg for å få eit større bilet av statsformdebatten. Desse var Vestmar, Grenmar og Kragerø Blad. Desse avisene heldt seg berre rundt byane dei reprenterte, og det finnes svært få ymt til at dei også vart lese i Øvre Bratsberg. Sidan Varden vart lese i øvre deler i amtet, i motsetning til dei

⁴¹ Rovde, 2005: 26.

⁴² Nielsen (1906) *Norge i 1905*. Horten: C. Andersens Forlag: 477.

⁴³ Høiland, 2018: 74. *Til det norske folk!*, Vestmar, 04.11.1905: 2. *Til det norske folk*, Varden, 03.11.95: 1.

⁴⁴ *Til det norske folk*, Varden, 03.11.1905: 1.

andre avisene, vil Varden vere den viktigaste hovudkjelda til republikk-argumentasjon og politisk kultur i 1905 i Øvre Bratsberg.

Eg skal studere fleire protokollar frå foreiningar. Desse protokollane vil vise noko av kor aktiv bøndene i bygdene var i foreiningar. Dei politiske foreiningane kan gjennom møteaktivitet samanlikna med valresultat vise kor viktige foreiningane var for valresultata. Protokollane viser referat frå møta som vart haldne, der dato (nesten) alltid er oppgitt, og me kan finne ut av kva dei var opptatt av og kva politiske interesser dei hadde. Dette vil eg også sjå etter i protokollane til ungdomslaga.

Ein annan sentral kjelde eg både har bruka i analysen av politisk kultur og tatt utgangspunkt i ved drøftinga av temaet, er statistikk. Då har eg studert mykje valstatistikk, både valoppmøte og røysteresultat. Då har særskilt Det Statistiske Centralburea vore ein god kjelde. Eg har også gjort nytte av tabellar og tal-oversikt som andre forskrarar har utvikla, og då har Olav Rovde sin oversikt over «nei»-røystene i Bratsberg vore til god hjelp. Ved å analysere tal og statistikk har eg kunne sett resultata av at Bratsberg har skilt seg ut i visse samanhengar, samanlikna gjennomsnitt i Øvre Bratsberg med landsgjennomsnittet, og kunne tatt utgangspunkt i desse tala i ein større og djupare analyse av politisk kultur. Særskilt når det gjeld folkerøystinga november 1905, har tal vore viktig for å vise kvar republikktanken var sterkest. Og det var slik eg i det heile kom fram til temaet for denne avhandlinga.

2. Val og resultat

2.1. Innleing

Før eg gjennomfører ein større analyse og drøfting av den politiske kulturen, vil eg sjå nærmare på kva valtradisjonar det var i Øvre Bratsberg. Ved å analysere og drøfte røysteresultat av valmannsvala gjennom 1800-talet fram til 1905, kan me sjå kor stor samanheng det var mellom aktivitet og valresultat, aktiviteten i dei ulike rørslene og påverknad frå andre politiske endringar eller utvikling. Eg meiner det også er nyttig å sjå på valresultat for å vite kva parti som hadde flest tilhengjarar, som eg seinare kan studere nærmare. Når eg ser på røysteoppmøte kan eg sjå kor politisk aktive bøndene var. Ved å studere valstatistikk kan me også samanlikne Øvre Bratsberg med resten av landet, og eg kjem til å samanlikne gjennomsnittet ved valoppmøte i Øvre Bratsberg med landsgjennomsnittet.

Eg vil i dette kapittelet drøfte teoriar om kvifor folk røyster som ein gjer ut frå Øyvind Østeruds valmodellar, før eg analyserer valstatistikk frå 1829 til 1905, både når det gjelder røysteoppmøtet og røysteresultat.

2.2. Teoriar om kvifor folk røystar som dei gjer

Teoriar om kvifor folk røystar som dei gjer er henta frå Øyvind Østerud «Statsvitenskap. Innføring i politiske teorier» (1991). Desse modellane klårgjer i hovudsak valoppslutninga i vanlege val og ved enkelte politiske stridsspørsmål som vil gå på tvers av parti, og som vil gje grunnlag for andre former for deltaking. Eg vil bruke dette for å sjå på nokre forklæringsmodellar for kvifor valresultata i Øvre Bratsberg vart som dei vart, både ved valmannsval og ved folkerøystinga i november 1905. Desse teoretiske modellane er ein fordel å ha i tankane når ein les resten av oppgåva, og dei kan underbyggje og forklåre kva verknader ulike rørsler og tradisjonar hadde ved val. Eg kjem til å bruke dei valmodellane eg ser som aktuelle i min studie av Øvre Bratsberg, og det vil derfor vere ein moglegheit for at eg ekskluderer andre modellar som kunne vere nyttige. Dei modellane eg trekkjer fram vil bli satt inn i empirien frå Øvre Bratsberg og bli drøfta nærmare.

I 1897 studerte geografen Andreas Hansen kløyvinga av Venstre ved stortingsvala, og kome fram til at Moderate Venstre hadde størst tilslutning langs kysten på Vestlandet, mens Reine Venstre hadde størst tilslutning i dei indre fjordbygdene og bygdene i dalane.⁴⁵ I liknande

⁴⁵ Østerud, Ø (1991) *Statsvitenskap: innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.: 246f.

geografiske område røysta altså folk nokolunde likt. Det må då vere nokre likskapstrekk ved kulturen innanfor dei ulike områda. Den geografiske plasseringa av eit samfunn vil likevel vere med på å påverke samfunnsform og kultur. For Øvre Bratsberg kan me sjå at den geografiske avstanden til marknaden og det politiske sentrum ville føre til at det vart større ulikskap mellom folk frå desse områda, noko som også ville føre til konfliktar, jamfør Stein Rokkans sentrum-periferimodell som er gjort greie for i kapittel 1.4.2.

Det er også eit skilje mellom langsiktige og kortsiktige forhold som har verknad på korleis folk røystar. Dei langsiktige forholda er sosiale og geografiske tilhøve i tillegg til ideologisk orientering og identifisering til parti. Sosial tilhørysle har betydning for partiidentifikasjon, som vil attende påverka dei kortsiktige forholda. Dei kortsiktige forholda er appellen og interesseprofilen til kandidatane, aktuelle politiske stridsspørsmål og partia sine regjeringspresentasjoner.⁴⁶ Dette ser me spesielt i 1905, der viktige personar gjekk offentleg med sine meningar, og var frontfigurar for statsformdebatten. Ved valmannsvala på slutten av 1870-talet og byrjinga av 1880-talet, var det store valkampar i forkant av vala, og det var skarpe ordstridrar i pressa og flygeblad. Røysteoppmøte var også høge desse åra, og me kan sjå kor viktig lokal engasjement kunne påverke vala, kanskje mest for dei som ikkje var trufaste til eit parti.⁴⁷

Ei anna forklåring er «kløftdanning» som Seymour Martin Lipset og Rokkan utforma etter å ha studert valmønster, og som saman med sentrum-periferiteori, forklårar at røystegjevnaden er klassebestemt. Det lagar seg eit skilje der Rokkans konfliktstrukturar er sentrale, med vekt på ei regional konfliktlinje (sentrum mot periferi), ein kulturell konfliktdimensjon (omkring religion, språk og alkohol), og ein dobbel, økonomisk konflikt (arbeidsgjevar mot arbeidstakar, primærnæringar mot andre næringar). Dette konfliktmønsteret vert eit grunnlag for partimønster, og kan sjåast gjennom graden av valstabilitet over fleire år. Denne valmodellen viser at partiidentifikasjon har vore kopla til dei samfunnsstrukturelle skiljelinjene.⁴⁸

Østerud trekkjer fram fleire valmodellar, men eg har valt ut desse for det er dei som saman kan vere med og kaste ljós over kvifor folk røysta som ein gjorde i perioden eg skal forske på. Viss me ser på veljarane frå Øvre Bratsberg, kan me bruke Andreas Hansens geografiske teori om Venstretilslutninga for å forklare kvifor så mange røysta Venstre, og sjå på dei kortsiktige

⁴⁶ Østerud, 1991: 248.

⁴⁷ Berge, Rikard (1975) *Vinje og Rauland IV*. Stavanger: Dreyer Aksjeselskap: 152.

⁴⁸ Østerud, 1991: 248.

årsakene der vest-telenes interesser viste kva parti dei ville røyste på som var tydeleg på det same, og personar dei var samde med, som Gunnar Knudsen og Viggo Ullmann. Ideologisk var bøndene samde med Venstre, noko som også gjaldt dei sosiale forholda. Bøndene kan også ha vore ideologisk orientert om republikk i 1905.

2.3. Kor mange røysta og kva røysta dei?

I tida etter 1814 var det menn over 25 år, som anten var eller hadde vore embetsmenn eller hadde eigedom med matrikulert jord eller som hadde leigd slik jord i meir enn fem år, i tillegg til dei som hadde borgarskap i kjøpstader og ladestader eller som hadde eigedomar der av ein viss verdi, som kunne røyste. I 1885 var det ein røysterettsutviding, og i 1898 vart det innført ålmenn røysterett for menn.

Vala på 1800-talet var indirekte val, der dei røysteføre i kvart valsokn røysta på valmenn som vart sendt til valmøtet i amtet. Alle valmennene frå amtet kom så saman og valde stortingsrepresentantar, derav namnet «valmannsval».⁴⁹ Denne valmåten var gjeldande til og med 1905.

Det er ein skilnad på *røysterettskvalifiserte* og *røysteføre*. Røysterettskvalifiserte var alle som hadde røysterett, men dei måtte registrere seg i manntalet for å bli røysteføre. Kvalifiserte som ikkje hadde registrert seg kunne ikkje røyste ved val.⁵⁰

For å få ein oversikt over valoppmøte i Øvre Bratsberg, kan me studere figur 1 på neste side. Bratsberg hadde gjennom heile 1800-talet lågare valoppmøte enn gjennomsnittet, og låg nest nedst på statistikken over kor mange som røysta i høve til folkemengda frå 1829-1882.⁵¹ Ser me på forholdet mellom Øvre Bratsberg og resten av landdistrikta i Noreg, ser me at tendensen for både Øvre Bratsberg og landsgjennomsnittet har ein jamn, men låg, røysteprosent heilt fram til 1879, då begge voks og fordobra røysteprosenten innan 1894. Deretter fell begge kraftig i 1900 før folkerøystingane i 1905 førte til ein stor auke. Generelt ser me at landsgjennomsnittet av røysteprosenten er høgare enn gjennomsnittet i Øvre Bratsberg heilt fram til 1876.⁵² Deretter ligg Øvre Bratsberg omrent likt med landsgjennomsnittet. Men mens landsgjennomsnittet går ein del ned i 1888, ligg Øvre

⁴⁹ Bolstad, 2010: 102.


⁵⁰Mjeldheim, Leiv (1984) *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880-åra til 1905*. Bergen: Universitetsforlaget: 296.

⁵¹ Agøy, Nils Ivar (2014) Nasjonen i Telemark, Telemark i nasjonen. I Hyvik et. al. (Red.) *Med påhalden penn?* (51-94) Oslo: Novus Forlag: 89.

⁵² Her er kjøpstader og ladestader ekskludert.

Bratsberg stabilt. Fallet i 1900 var derimot større for Øvre Bratsberg enn landsgjennomsnittet.⁵³

Figur 1: Utviklinga av røysteprosenten i Øvre Bratsberg og landdistrikta i Noreg frå 1829 til folkerøystinga 12. og 13. november 1905⁵⁴



Det låge valoppmøtet gjennom store delar av 1800-talet kan tolkast som at telemarkingane hadde mindre interesse for rikspolitikk enn resten av landet.⁵⁵ I Øvre Bratsberg er det ein liten topp i 1870 som viser seg samtidig med skipinga av dei mange bondevenforeiningane i regionen, og kan ha ein samanheng med det. Dette vil bli drøfta meir i kapittel 4.4. Men det var først i 1879 at røystetalet gjekk opp i både Noreg sett under eitt og i Øvre Bratsberg, grunna den store, landsomfattande mobiliseringa før valmannsvalet, og opptakten til riksretten mot regjeringa.⁵⁶ Me ser ei jamn stiging av røysteoppmøte i Øvre Bratsberg, og så eit stort fall i 1900 som kan forklåast med innføringa av ålmenn røysterett for menn, og det tok tid å mobilisere dei nye veljarane, på same måte som etter 1814. Me kjem seinare til å granske rørslene som truleg var med og påverka røysteoppmøtet, og då vil me sjå korleis dei påverka og kor viktige dei var for både røysteoppmøtet og resultata.

Figur 2 på neste side viser valoppmøta til dei to herada med lågast og dei to med høgast valoppslutning. Me ser at det er stor skilnad på dei. Til dømes skil det nesten 80 % på Laardal

⁵³ Det Statistiske Centralbureau, (1898) *Norges officielle statistik. Tredie Række Nr. 306. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Storhingsvalgene 1897*. Kristiania: H. Aschehoug & Co: 66f.


⁵⁴ Figur 1 er utarbeida ut frå tala henta frå Centralbureau, 1898: 66f, 150ff, 158ff.

⁵⁵ Agøy, 2014:89f.

⁵⁶ Berge, 1975: 152. I 1883-84 vart det ført riksrett mot regjeringa, der Venstre sigra. Dette førte til at regjeringsmedlemmane kunne møte i Stortinget. Dette vart byrjinga av det som vart parlamentarismen.

som hadde høgast og Tinn som hadde lågast valoppmøte i 1847. Nokre val har eit meir jamt valoppmøte, som i 1888, der det er omrent 10 % som skil høgast og lågast oppmøte. Dette er interessant, for når eg i figuren over samanliknar landsgjennomsnittet og gjennomsnittet for Øvre Bratsberg, veit eg at det er store skilnader innanfor futedømet. Det er også interessant at dei fleste herada hadde nesten annakvart val med høgt og lågt oppmøte, og grafen får ei sikksakkform, som også Vedlegg 2 viser. Vedlegg 2 viser ein figur over valoppslutninga i alle herada i Øvre Bratsberg.

Figur 2: Utviklinga av røysteprosenten i herada med høgast og lågast valoppmøte samt gjennomsnittet for Øvre Bratsberg.⁵⁷



Lat oss sjå nærmare på valresultata. Venstre var det største partiet i Øvre Bratsberg frå 1880-åra til 1903, som me også skal studere i kapittel 5, men Venstre opplevde også noko nedgang. I 1882 fekk venstrerørsla 79 prosent av røystene i Øvre Bratsberg,⁵⁸ mens i 1885 fekk Venstre 54,3 prosent. Til saman i Øvre Bratsberg var 14 av 21 valmenn venstremenn dette året, så dei hadde klårt fleirtal, sjølv om røysteprosenten var jamn mellom Venstre og Høire, som hadde 41 % av røystene.⁵⁹ I 1888 fekk Venstre 59 prosent av røystene, ein liten auke frå førre valet, og i 1903 fekk partiet over 60 % fleire stader i Øvre Bratsberg, og nokre stader var det over

⁵⁷ Centralbureau, 1898: 64ff.

⁵⁸ Olsnes Aanund (1978) *Venstre i Bratsberg i 1880-åra*. (Hovudfagoppgåve) Bergen: Universitetet i Bergen: 64.

⁵⁹ Olsnes, 1978: 106.

70 %, og venstrerøystene hadde vokse enda meir.⁶⁰ Nedgangen av venstrerøyster i 1885 kan forklarast med at Venstre delte seg mellom Moderate og reine Venstre.

Høirørsla fekk i 1882 12,9 % av røystene til saman i Øvre Bratsberg.⁶¹ I 1885 hadde høirørstene auka, og partiet fekk nå 36,7 % av røystene. Vedlegg 3 viser ein figur over utviklinga av røystene til Venstre, Høire/Moderate og spreidde på 1880-og 90-talet. På landsbasis auka Høirørstene med nesten 15 % frå valmannsvala i 1891 og 1894, og låg etter dette jamt på rundt 40 % av røystene, mens i Øvre Bratsberg auka høirørstene med 7 % frå 1891 til 1894.⁶²

Folkerøystinga 13. august gav ny rekord i valoppmøte med 90,0 % av alle røysteføre i heile Bratsberg, og var topp fire av amta med valoppmøtet.⁶³ Men denne folkerøystinga var ikkje meir spesiell i Øvre Bratsberg enn i resten av landet,⁶⁴ og har derfor ikkje så veldig mykje å seie for min oppgåve. Korleis var det så med folkerøystinga november 1905? Mens det var ny røysterekord 13. august, var røysteoppmøtet på 70 % 12. og 13. november, altså 20 % færre. Valsokn med tydelege republikanske haldninga hadde denne gongen svært lågt valoppmøte, som til dømes Seljord. Seljord hadde folkehøgskulen og var base for Telefylkets Ungdomslag, der begge agiterte sterkt for republikk, og var aktive i lokalsamfunnet. Likevel var det berre 58 % av røysteføre som røysta i Seljord, og 66,3 % av dei ville ha republikk.⁶⁵

Ein teori på dette kan vere krysspresshypotesen som seier at der det er størst politisk semje, er det også størst valoppmøte, mens der det er stor politisk usemje er det lågare valoppmøte.⁶⁶ Dette forklarast ved at når «alle» er samde, «girer» dei kvarandre opp, slik som 13. august, mens med stor usemje er det fare for konflikt med nabo og familie, og ein vel å ikkje ta stilling ved at ein ikkje røyster. Ved folkerøystinga 12. og 13. november var det eit splitta folk, og dei sosiale konsekvensane for å røyste «feil» kunne vere store. Dette kan vere ei årsak til at det var færre som røysta 12. og 13. november enn 13. august. Derfor kan det også vere at oppslutninga om republikk eigentleg var noko større i både Øvre Bratsberg og resten av

⁶⁰ Olsnes, 1978: 150. Rovde, 2005: 28.

⁶¹ Olsnes, 1978: 64.

⁶² Kaartvedt, Alf (1984) *Høyres historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884-1918*. Oslo/ Gjøvik: J. W. Cappelens Forlag A.S: 386.

⁶³ St.mdd. nr.5, 1905/1906: 16.

⁶⁴ Agøy, Nils Ivar (2005) Folkeavstemningen 13. august- kva var den og kva var den ikkje? I Skobba et. at. (Red.) *Telemark Historie nr. 26-2005. Telemark 1905. (9-21)* Porsgrunn: Wera AS: 11.

⁶⁵ Det Statistiske Centralbureau (1905) *Norges offisielle statistik. Fjerde Række nr. 109- Statistik vedkommende Valgthingene og Valgmandstingene 1903*. Kristiania: H. Aschehoug & Co: 16f. Rovde, 2005: 32.

⁶⁶ Såkalla «krysspress», som ein opplever når ein skal ta ein avgjersle i ein sak, men motiva og ønska som pregar valet kan ikkje foreinast. Berg, Ole T. (2014) Krysspress. *Store Norske Leksikon*. Henta frå (25.01.2019) <https://snl.no/krysspress>.

landet, eller omvendt, enn det valresultata seier. Me finn også nokre døme på der det var lågt valoppmøte, men høg republikkprosent. Rauland hadde nest lågast valoppmøte med 60 %, men hadde likevel den aller høgaste republikk-prosenten. Hypotesen kan fungere på ein anna måte her, ved at folk som ikkje var samde med republikanarane valde å ikkje røyste, for dei følte dei var i mindretal. Dette er som sagt berre ein hypotese, og me kan ikkje vite for sikkert utan å få innsyn i tankane til kvar enkelt heimesitjar. Me ser også at herad med høgt valoppmøte hadde eit republikkresultat på rundt 50 %. Dette gjeld både Hjartdal (med 70,7 % røysteoppmøte og 42,3 % for republikk) og Laardal (med 73,1 % røysteoppmøte og 57,1 % for republikk).⁶⁷ Desse tala kjem innanfor det me i dag vil tenkje er mest logisk, at der det er stor politisk usemje, vil ein vere meir motivert for å røyste, sidan ein opplever at kvar røyst er viktig, men konsekvensane for å røyste mot fleirtalet kan ha vore større då enn nå..

Rovde hevdar så at det var ein samanheng mellom støtta til republikk og tilslutninga til Venstre, ved at dei områda som fekk flest røyster for republikk, var dei same områda der flest røysta Venstre ved valmannsvalet i 1903.⁶⁸ Etter å ha sett nærmare på tala og resultata, vil eg seie meg samde. Tabell 1 viser oversikta over «nei»-røysteprosenten i Øvre Bratsberg, og samanliknar me dette med Venstre-røystene i 1903, ser me likskapar. Det var over 60 % som røysta Venstre i Øvre Bratsberg ved valmannsvalet i 1903, og i dei øvre herada røysta over 70 % på Venstre.⁶⁹ Likevel må me ikkje ignorere høirerøystene og dei spreidde røystene frå det same området. Me må også hugse at det er omtrent 40 % som skil mellom valoppmøtet på desse åra, då det i 1903 var berre 33,1 % av røysteføre som faktisk røysta.⁷⁰

*Tabell 1: Oversikt over "nei"-røysteprosenten i kvart herad i Øvre Bratsberg ved folkerøystinga 12. og 13. november 1905.*⁷¹

| Nr. | Herad | Prosent |
|-----|----------------------|---------|
| 1. | Gransherad- Jondalen | 89,2 |
| 2. | Rauland | 83,6 |
| 3. | Vinje | 75,2 |
| 4. | Nissedal | 74,9 |
| 5. | Tinn | 72,6 |
| 6. | Kviteseid | 69,1 |
| 7. | Seljord | 66,3 |
| 8. | Gransherad | 63,7 |
| 9. | Fyresdal | 59,7 |
| 10. | Laardal | 57,1 |

⁶⁷ Centralbureau 1905: 16f. St.mdd. nr. 5, 1905-1906: 8.

⁶⁸ Rovde 2005: 28, 33.

⁶⁹ Rovde, 2005: 28. Kart over stortingsvalet 1903 er formgjeve av Anne Langdalen.

⁷⁰ Det Statistiske Centralbureau (1895) *Norges offisielle statistik. Tredie Række no 219. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Stortingsvalgene 18151885*. Kristiania: H. Aschehoug & Co: 65.

⁷¹ Rovde, 2005: 32.

| | | |
|-----|----------|------|
| 11. | Mo | 51,1 |
| 12. | Hjartdal | 42,3 |

Lat oss sjå meir detaljert korleis republikk-tilslutninga gjennom folkerøystinga var i Øvre Bratsberg. Det var 65% som røysta «nei» til saman i regionen. Rauland var det heradet med størst republikk-tilslutning, med 83,6%, Vinje kjem på andre plass med 75,2%. Heradet med lågast republikk-tilslutning var Hjartdal med 42,3 %, og det einaste heradet i Øvre Bratsberg med under 50% «nei»-røyster.⁷² Det er fort å sjå at det er geografiske årsaker som forklarer at dei tre øvste republikk-herada låg øvst i amtet, men her er det også andre faktorar som spelar inn. Ein av dei er politisk kultur, noko eg skal drøfte i resten av oppgåva.

2.4. Konklusjon

Eg har i dette kapittelet studert tal og statistikk frå val gjennom heile 1800-talet til 1905. Ved å først drøfte kvifor folk røystar som ein gjer, kan eg ut frå dette få ei forståing for og ei forklaring på kvifor Venstre fekk størst tilslutning, og kvifor det var så mange som røysta for republikk i 1905. Både geografiske og sosiale skilnader, påverknadssterke personar, og partipolitiske årsaker er viktige for å forstå valresultata i Øvre Bratsberg, noko som eg også vil drøfte i resten av avhandlinga.

Oppslutning ved val gjennom store delar av 1800-talet var relativt därleg i Øvre Bratsberg. Valoppmøtet auka så kraftig på 1870-talet, og toppa seg ved folkerøystinga 13. august 1905. Det var ikkje store skilnader mellom valoppmøte i Øvre Bratsberg og landsgjennomsnittet gjennom 1800-talet. Men ser me nøyare på valresultata, særskilt mot slutten av 1800-talet og fram til folkerøystinga i november 1905, skil Øvre Bratsberg seg meir ut. Det var eit meir venstreorientert futedøme, og det kan sjå ut som at det var ein samanheng mellom venstretilslutninga og republikktillslutninga.

⁷² Rovde, 2005: 32.

3. Politisk kultur før 1860

3.1. Innleiing

Eg ønskjer å studere utviklinga av den politiske kulturen over tid, for å finne kva deler av den som medverka til veksten av republikanismen. Eg vel å konsentrere meg om tida før 1860 i dette kapittelet, for så å ta føre meg rørsler og foreiningar som var gjeldande for politisk kultur etter 1860 i neste kapittel. 1814 markera eit skilje i utviklinga av den politiske kulturen, og førte til endringar på korleis folk såg på politikk og kunne engasjere seg. Eg kjem derfor til å gå litt meir i djupna dette året, men eg kjem også til å sjå nærare på korleis delar av den var før 1814, og etter.

Dei indre bygdene i Bratsberg låg mellom fjell og dalar, og posisjonen påverka korleis futedømet tok til seg kunnskap, kultur, når det vart industrialisert, økonomisk utvikling, ja det meste. Men kva skil så Øvre Bratsberg ut frå resten av landet? Nils Ivar Agøy meiner den sterke radikalismen i dei indre bygdene var noko som karakteriserte området. Den radikalismen som prega bondesamfunnet i dette området var

mer opptatt av å bevare tradisjoner (ekte eller konstruerte) enn å kaste om på samfunnet. Dette blir radikalt og ikke konservativt bare fordi hovedtendensen på 1800-tallet så sterkt går ut på endring og utvikling, også fra embetsmannselitens side.⁷³

Agøy hevdar at telemarkingane var opptekne av å bevare tradisjonar, og kombinert med fjellbygdenes meir eller mindre isolasjon, tok det tid før endringane kom i dette området.⁷⁴ Telemarkradikalismen vart forsterka då dei politiske partia vart etablerte, og dette vart mest synleg gjennom oppslutninga om Venstre.⁷⁵ At telemarkingane eigentleg har vore opptekne av å bevare og forsvare tradisjonane i nærsamfunnet, har ført til at denne haldninga verkar radikal for storsamfunnet.⁷⁶ Knut Kjeldstadli skriv at radikalisme kan forklårast på to måtar, som *meiningsinnhald* og *former for handling*. Meiningsinnhaldet i radikal politikk vil vere retta mot makthavarane, mens når me ser på ulike former for handling er radikale handlingar det som går imot den politiske straumen og «ligger godt unna det gjennomsnittlige».⁷⁷ Telemarkradikalismen kjem innanfor «kategorien» formar for handling. Ein annan sentral del

⁷³ Agøy, 2015: 196.

⁷⁴ Agøy, 2015: 156.

⁷⁵ Agøy, 2015: 194ff.

⁷⁶ Oslnes, Aanund (2004) Ustyrlege Telemark. I E. Schrumpf et. at. (Red.) *Telemark Historie nr. 25-2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS: 96.

⁷⁷ Kjeldstadli, 2004: 70.

av telemarkradikalismen var opposisjon og/eller grensedraging mot embetsmannseliten og kulturen deira, som me skal drøfte vidare i dette kapittelet. Bøndene var mest opptatt av bygdekollektivet som fekk form som radikalisme.

Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg før unionsoppløysinga med Danmark i 1814? Korleis førde hendingane i 1814 til endringar av den politiske kulturen i Øvre Bratsberg? Var fjellbøndene aktive i denne prosessen? Korleis vart så bøndene politiserte etter 1814? Dette er spørsmål eg kjem til å drøfte for å koma fram til den politiske kulturen. Eg deler kapittelet i tre delar: før demokratiet vart innført, året demokratiet vart innført og tida fram til circa 1860.

3.2. Øvre Bratsberg i opposisjon

Korleis var den politiske kulturen før perioden av denne avhandlinga byrjer? For å få forståing av endringar og utvikling i den politiske kulturen, må me også sjå korleis den var i utgangspunktet.

Det er lett å tenkje at det ikkje fanst eit offentleg rom der politikk og samfunnsliv vart diskutert i bygde-Noreg før innføring av demokratiet, foreningsliv og offentleg presse. Knut Dørum tek eit oppgjer med denne tanken, og har utvikla omgrepet folkeleg offentlegheit, ei vidareutvikling av omgrepet borgarleg offentlegheit til Jürgen Habermas. Mens borgarleg offentlegheit ikkje dekkjer dei politiske samtalene og diskusjonane *folket* hadde på 1700- og 1800-talet, trekkjer Dørum fram fleire historikarar som både kritiserer Habermas og som har sett at denne typen offentlegheit også fanst blant folk flest, og ikkje berre blant eliten.⁷⁸ I Noreg vart det etter 1814 større politisk bevisstheit blant folk, og stadig fleire deltok i offentlegheita, også på bygdene og blant bøndene. Lese- og skrivekunnskapane vart meir utbreidde, og leseselskap og bibliotek byrja å vakse fram. Dette fekk mykje å seie for utviklinga av den politiske interessa blant bønder, og den politiske kulturen vart derfor prega av dette.⁷⁹ Viktige arenaer for folkeleg offentlegheit før 1814 var gjestgjevarstader, skjenkestover, kyrkjebakken, og tinget. Etter kvart veks også avisar som arena for folkeleg offentlegheit. Alle desse møteplassane var samlingspunkt for bøndene.⁸⁰ Me må derfor vere klåre over at gjennom folkeleg offentlegheit var bøndene ikkje heilt uvitande om diskusjonar og politikk, og engasjerte seg meir enn det me ofte kanskje trur.

⁷⁸ Dørum, Knut (2012) Thrane-bevegelsen i et nytt lys. I K. Dørum et. al. (Red.) *Opptrøyer i Norge 1750-1850*. Otta: Spartacus Forlag AS: 383.

⁷⁹ Dørum, 2012: 386f.

⁸⁰ Dørum, 2012: 389.

Det har lenge vore ein vanleg førestilling at bøndene frå Øvre Bratsberg var svært opprørsk og stridige, men kan noko av dette vere ein myte? Øystein Rian meiner derimot at det fanst ein særeigen, gamal telemarkskultur, som utvikla ein nokså høg grad av «selvstrekkelighet», og som endra seg seint. Ved hjelp av fleire døme på hendingar heilt frå 1400-talet og fram til 1814, viser han at telemarksbøndene sa tydeleg i frå når dei var misnøgde, og gjorde også noko med det, altså dei kjempa for rettane sine. Men i grunnen handla kontroversane om framandfrykt, der bøndene i Bratsberg ikkje ville la seg kue av framande embetsmenn, noko som ofte skapte konflikt under eineveldet, der kongen var dansk og ofte sendte danske embetsmenn.⁸¹ Øvre Bratsberg var sterkt prega av den sosiokulturelle konfliktdimensjonen, der bondestanden ofte var i konflikt med embetsmannstanden, og i dette delkapittelet vil eg analysere opposisjonstradisjonen i Øvre Bratsberg med denne konfliktdimensjonen.

Sjølv om den sosiokulturelle konfliktdimensjonen til Rokkan i utgangspunkt går ut på konflikt mellom dei utdanna i byane og bøndene i bygdene, meiner eg at denne konfliktdimensjonen også passar til embetsmenn i same bygder som bøndene. Embetsmenn hadde utdanning og hadde ein annan bakgrunn enn bøndene. Embetsmennene som sat med den lokale makta og informasjonen frå den regionale makta, var sentrum, mens bøndene som var underlagt embetsmennene og deira tenester, var periferien. Embetsmenn kom også ofte frå byane, eller hadde tatt utdanning der. Derfor er det den sosiokulturelle konfliktdimensjonen som best forklårer forholdet på bygdene, og som samsvarar med forskinga som er gjort i denne perioden.

Konflikten mellom bonde og embetsmann førte nokre gonger til opposisjon og opprør, og bøndene i Øvre Bratsberg prøvde stadig å minke makta til embetsmennene, noko me kan sjå både på Eidsvoll og på Stortinget. I denne prosessen kan det sjå ut som at telemarkingane var stridshuga.⁸²

Terje Sødal skriv at «[m]ed *opposisjon* menes ulike former for motstand mot staten og dens representanter». Dette er ein vid definisjon som gjeld alt frå vald på embetsmenn til militærnekt.⁸³ Opposisjon i det førmoderne samfunnet arta seg ofte «som spontane reaksjonar

⁸¹ Rian, Øystein (2004) Motstanden mot fremmed herredømme. Telemarkingene slik historien skapte dem. I E. Schrumpf et. at. (Red.) *Telemark Historie nr. 25-2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS: 29-45.

⁸² Rovde, 2005: 34. Det finst mange døme der bønder og embetsmenn stod kvarandre nær, til dømes Ole Bloms nære venskap med presten Jens Zetlitz. Når bønder gjorde opprør mot prestar, var det ofte på grunn av at prestane ikkje godtok løna, og ikkje ville halde avtalar.

⁸³ Sødal, Terje (2010) *Til Skræk og Exempel. Trolldom, dødsstraff og kriminalitet på Agder ca. 1550-1700*. Kristiansand: Portal: 51.

på auka byrder eller raskt forverra vilkår som stat, kyrkje eller adel var skuld i». Det var denne typen opposisjon som var mest vanleg i landet, den «lite organiserte og spontane kvardagsmotstanden».⁸⁴

Motstand mot embetsmenn, som stadig kunne skje i Øvre Bratsberg, var ei form for opposisjon. Det som kjenneteiknar opposisjonen i Noreg, var spontane reaksjonar på ekstra byrder som vart lagt på bøndene, som ekstra skattar, større ytingar til militære, og skjerping av arbeidspunkt på adelege hovudgardar.⁸⁵ I Øvre Bratsberg arta konflikten seg mest om for høg løn til prestane, og for dårleg betalt for varer og tenester. Her skilte Øvre Bratsberg seg altså ut frå opposisjonen som kjenneteiknar resten av landet. Bratsberg hadde til dømes i lange tider nekta å betale tiend til kyrkja, og var det einaste amtet i landet som fekk ein særordning, der dei betalte ein liten skatt i staden.⁸⁶

Det var i Øvre Bratsberg strid mellom prest og bonde gjennom heile 1600- og 1700-talet, og truleg byrja det lenge før dette. På 1660-talet var det usedvanleg stor sjølveige i Øvre Bratsberg (og Setesdalen) samanlikna med resten av landet, og av den grunn meiner historikarar at bøndene i dette området hadde utvikla ein tradisjon av bondefridom og bondesjølvstende, og ein haldning om at ein var herre i eige hus. Andre kunne derfor ikkje fortelje dei kva dei skulle gjere, og bøndene kunne derfor verke valdelege og opprørsk. ⁸⁷ I staden for å vidareutvikle denne stridskulturen, utvikla dei heller ein sterk juridisk kultur gjennom tinget og forlikskommisjonane. Gjennom desse to instansane fekk bøndene god trening i å løyse konfliktar på ein sivilisert måte.⁸⁸ Denne siviliserte måten å løyse konfliktar på er viktig viss me ser det i samanheng med korleis telemarkingane utvikla seg frå å vere eit samfunn prega av vald og opprørstradisjonar til eit meir «sivilisert» samfunn.

Under eineveldet Danmark-Noreg var det stor innskrenking av politisk verksemد for folk, noko som medverka sterkt til at den politiske kulturen ikkje endra seg mykje over tid.⁸⁹ Opposisjonskulturen til telemarksbøndene var ein politisk kultur som «braut med prinsippa i

⁸⁴ Dørum, 2016: 58f.

⁸⁵ Dørum, 2016: 58.

⁸⁶ Tranberg, A (2004) Lønnskrav og lønnsprosess. Konflikter mellom allmue og prest i Vest-Telemark på 1600- og 1700-tallet. I Schrumpf, Ellen et.al (Red.) *Telemark Historie nr. 25- 2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS: 12f.

⁸⁷ Olsnes, Aanund (1980) Vinstre klovnar. Om partistridane i Telemark i 1880-åra. *Telemark historielag nr. 1-1980. Tidsskrift*: 85.

⁸⁸ Bolstad, 2010: 114. I 1797 vart det oppretta forlikskommisjon i dei norske landdistrikta. Kommissærane skulle fungere som ein slags dommar, får å løyse opp i konfliktar og unngå at alle saker kom opp for ein dommar. Det var i kvart amt oppnemnd to kommissærar i distriktet, ein bonde og ein som ikkje var bonde.

⁸⁹ Dørum, 2016: 52.

ideologi og lovverk som føresette at undersåttane skulle vere lydige og lojale, og som sette strenge forbod mot all form for politisk organisering og møteverksemd», skriv Dørum.⁹⁰ Når så bøndene sette ned foten og sa i frå når dei følte urett, vart dette ofte sett på ulovleg opposisjon.

Eg vil her trekkje fram Lofthusreisinga som eit døme på eit opprør ein del bønder i Øvre Bratsberg og Nedenes amt førte. Lofthusreisinga var eit opprør mot embetsmenn og borgarar rundt Arendal på grunn av løn og därleg betaling for tømmer, og er både det siste opprøret telemarksbøndene førte, og det beste dømet på opprør av økonomiske årsaker. Opprøret gjekk føre seg i 1786-1787.⁹¹ Opprøret var med og bana veg for bøndene i Øvre Bratsberg til å engasjere seg politisk, og opprørsleiarane, der fleire vest-teler var med, reiste til København for å tale si sak for kongen. Før Lofthusreisinga var bøndene i Nissedal og Fyresdal i konflikt med embetsmennene i Arendal, noko som gjorde at dei var opne for ytringane til Lofthus,⁹² og vart ei naturleg utvikling i konflikten bøndene allereie var i. Det er her viktig å presisere at det var embetsmennene og handelsborgarar bøndene protesterte mot, og ikkje kongen eller resten av styresmaktene.⁹³ Resultatet av Lofthusreisinga var meir rettferdige lønskrav, oppheving av kornmonopolet, og betalingar som handelsmennene måtte forhalda seg til, så sjølv om reisinga vart sett på som ulovleg og straffbar, vann den også si sak gjennom hjå kongen.⁹⁴ Ein interessant observasjon er at kjerneområda for Lofthusreisinga i Bratsberg var blant dei områda der republikanismen stod sterkt litt over 120 år seinare.⁹⁵

Det var som nemnd også konflikt mellom bønder og prestar i Øvre Bratsberg tida rundt Lofthusreisinga, eit presteoppgjer, og styresmaktene hørde også på desse klagene. Resultatet var eit lønsregulativ, fyrst for prestane i Øvre Bratsberg, og seinare for alle prestar i heile Noreg.⁹⁶

Lofthusreisinga og presteoppgjeret førde til at bøndene i Øvre Bratsberg kjende på si politiske makt. Etter lofthusreisinga lærte bøndene kva dei kunne oppnå viss dei mobiliserte og

⁹⁰ Dørum, 2016: 86.

⁹¹ Dørum, Knut (2010) Opprør eller legitim politisk praksis? Kommunalisme og folkelige aksjoner i Norge ca. 1700-1850. I H. Sandvik (Red.) *Demokratisk teori og historisk praksis. Forutsetninger for folkestyre 1750-1850*. Danmark: Scandinavian Academic Press: 76. Det var ikkje berre i Telemark og Agder denne typen opprør fann stad, men dei andre stadane dette hendte var opprøra i mykje mindre omfang.

⁹² Bolstad, 2010: 32f.

⁹³ Dørum, 2016: 63.

⁹⁴ Fiskaas, I. (2012) Lofthusreisinga i Agder og Telemark 1786-87. I K. Dørum og H. Sandvik (Red.) *Opprøyer i Norge 1750-1850*. 2. opplag. Oslo: Scandinavian Academik Press: 132f.

⁹⁵ Rovde, 2005: 34.

⁹⁶ Bolstad, 2010: 34f.

organiserte seg.⁹⁷ Dette var erfaringar dei fekk glede av ved danninga av konstitusjonen i 1814, sjølv om det kan sjå ut som at dei ikkje utnytta det meir. Det vart mindre opprør etter 1814, og det kan sjåast i samanheng med innføringa av ein viss grad av demokrati i landet. At bøndene fekk sine representantar på Stortinget, og den offentlege pressa vart utvikla, førde til at bøndene fekk større del i den folkelege offentlegheita og den offentlege debatten, og det vart ei større folkeleg deltaking i politikken.⁹⁸ Det er verdt å nemne eit opprør som fleire bønder på Austlandet førte mot den økonomiske situasjonen i landet i 1818. Dette var eit stort opprør der bøndene i Øvre Bratsberg *ikkje* var med, så vidt me veit. Også her skilte Øvre Bratsberg seg ut, og ein årsak kan vere at dei røysteføre stolte på og hadde tillit til stortingsrepresentantane sine.⁹⁹

Men sjølv om det var ei utvikling av demokratiet, var bondestanden og embetsmannstanden generelt i opposisjon til kvarandre, og det var dette som prega bondesamfunnet i Øvre Bratsberg. Det fanst likevel unntak, der bønder og embetsmenn både var vener og samarbeidspartnarar, men det var ein skilnad på enkeltpersonar og stand.¹⁰⁰

I Bratsberg var det rundt 1814 fleire sjølveigande bønder enn i indre delar av Austlandet, Trøndelag og Nordland, men mindre enn på Sørlandet og Vestlandet.¹⁰¹ Sjølveige hadde gått ned sidan 1660, og sjølv om Bratsberg ikkje var i ei særskilt stilling med tanke på sjølveige, hadde dei framleis haldningane dei hadde utvikla over lengre tid. Utan å gjere ein større samanlikning av opprørstradisjonen i Bratsberg med resten av landet, noko som heller ikkje er gjort, kan me ikkje seie for sikkert om telemarkingane var meir opprørske enn nordmenn flest.¹⁰² Det me kan seie er at Bratsberg-bøndene hadde ei generell haldning om å stå i opposisjon til styresmakter og til embetsmannstanden gjennom lange tider, noko me ser godt når me studerer dei ulike rørslene som utvikla seg i Bratsberg på 1800-talet.

3.3. Endring av politisk kultur i 1814

Den politiske kulturen i Øvre Bratsberg var ikkje berre prega av opposisjon, men også utviklinga av det politiske systemet var viktig. Opprettinga av konstitusjonen og innføringa av demokrati i 1814 førde til store endringar i det politiske systemet og politisk kultur, men det tok tid før desse endringane var gjeldande i bygdene i Øvre Bratsberg. Korleis påverka 1814

⁹⁷ Bolstad, 2010: 35.

⁹⁸ Dørum, 2010: 85.

⁹⁹ Hyvik, 2014: 151f.

¹⁰⁰ Bolstad, 2010: 33f.

¹⁰¹ Agøy, 2014: 89.

¹⁰² Agøy, 2015: 196.

politisk kultur i Øvre Bratsberg? Eg kjem her hovudsakeleg til å fokusere på åra rundt 1814, sjå på korleis bøndene i Øvre Bratsberg engasjerte seg politisk, og kva det gjorde med den politiske kulturen i lokalsamfunnet.

Det er viktig å kjenne til kven aktørane for utviklinga av den politiske kulturen var. Den eine gruppa var embetsmenn. Som me har sett hadde embetsmenn, eller eliten, ein eigen politisk kultur, som ikkje var inkludert i den folkelege politiske kulturen. Dei var riktig nok ikkje så mange (sjå fotnote 105), men hadde viktige stillingar i samfunnet. Ofte var det berre presten som var frå embetsmannstanden i bygdene, men i Kviteseid kunne ein rundt 1800 finne både futen, soknepresten og hovudsetet til eit militærkompani.¹⁰³ At det var ein sterkare embetsmannstand i Kviteseid enn i dei andre bygdene, kan ha påverka kva for politisk kultur bøndene hadde der, samanlikna med resten av Øvre Bratsberg. Utan nokon gode kjelder er det vanskeleg å kunne undersøkje dette nærmare. Men det kan ha vore med på å påverke bonden Ole Blom, futen Peder Jørgen Cloumann og lærar Ole Bjørnsen, som alle var på Stortinget og kom frå Kviteseid, til å satse på storpolitikken.

Etter 1814 og innføringa av demokrati, var det stort sett dei med røysterett som også kunne praktisere politikk på lokalnivå.¹⁰⁴ Rundt 1814 var det i bygdene i Øvre Bratsberg dei sjølveigande bøndene som var eliten, og det var dei sjølveigande bøndene som fekk høve til å verte politiske aktive i 1814, meiner Gunnar Bolstad.¹⁰⁵ Ved val var det desse bøndene som vart peika ut til valmenn.

Dei mest velståande bøndene kunne i mange tilfelle samanliknast med embetsmennene. Men i Øvre Bratsberg var ikkje ulikskapane mellom rike og fattige så store og «[e]in rik bonde i Bø var langt rikare enn ein rik bonde i Vinje».¹⁰⁶ Mens det var fleire rikare bønder i nedre delen av amtet, var det større egalitet mellom bøndene i Øvre Bratsberg.¹⁰⁷ Velståande bønder og kondisjonerte hadde ein høgare status i lokalsamfunnet.¹⁰⁸

Valmenn som vart valte til å representera sokna, fekk ei særstilling i lokalsamfunnet som mellomledd mellom befolkninga og embetsmennene, noko som gav dei meir

¹⁰³ Bolstad, 2010: 22f.

¹⁰⁴ Sjå kapittel 2.3. for forklaring på kven som hadde røysterett.

¹⁰⁵ Bolstad, 2010: 21ff. I 1835 var det 18 embetsmenn i Øvre Bratsberg, der 10 av dei var geistlege, fem sivile og tre militære. Det Kongelige Finants-, handels-, og Told- Departementet, 1838):17

¹⁰⁶ Rovde, 2005: 38. I fotnote 34 skriv Rovde at han har fått opplysningar til støtte for dette resonnementet av Aanund Olsnes.

¹⁰⁷ Hyvik, Jens Johan (2014) Valgmennene i Bratsberg amt våren 1814. I J.J. Hyvik et. at. (Red.) *Med påhalden penn?* (123-158) Oslo: Novus Forlag: 139, 153f.

¹⁰⁸ Kondisjonerte er ei fellesnemning på embetsmenn og borgarar, folk som driv med borgarlege næringer.

samfunnsansvar,¹⁰⁹ og ville i større eller mindre grad få ein autoritet i lokalsamfunnet, dei fekk lærdom og kompetanse dei så kunne ta med seg tilbake til lokalsamfunnet, og dei ville få sentrale posisjonar i bondesamfunnet.¹¹⁰ Å vere valmann var eit uttrykk for tillit i lokalsamfunnet. Å vere valmann var eit resultat av ein prosess i spenningsfeltet mellom dei styrande og dei styrte. Valmennene og andre velståande bønder ville fungere som *meklarar* mellom folket og eliten, for dei hadde nær tilknyting til og tillit hjå øvrigheita, var respekterte personar i bondesamfunnet, og hadde tillit hjå folk.¹¹¹ Desse valmennene kan også koma inn under kategorien bondeeliten, og deira rolle som mellomledd mellom bonde- og embetsmannstanden vart derfor viktig. Kor representative valmennene var for bygdene er vanskeleg å seie. Posisjonane deira skilte seg ut frå folk flest ved at dei ofte hadde betre utdanning, meir velstand og ikkje minst meir politisk praksis. At akkurat desse vart valde kan bety at folk såg på dei som naturlege leiarar og gode representantar for bygdene.

Av Bratsberg sine tre eidsvollsmenn frå landdistrikta var to av dei frå Øvre Bratsberg: den tidlegare futen Peder Jørgen Cloumann frå Kviteseid, og bonden Talleiv Huvestad frå Lårdal.¹¹² Sjølv om me ikkje veit korleis folk flest i Øvre Bratsberg stilte seg til politikk, er det likevel interessant at to eidsvollsmenn kom frå Øvre Bratsberg.¹¹³ Det er ikkje sikkert at desse vart friviljuge valt, og ingen av desse vart valt att til det overordentlige Stortinget hausten 1814. Amtsrepresentantane til det overordentlige Storting hausten 1814 var også frå Kviteseid og Lårdal.¹¹⁴ Desse valmennene må ha vore nokså interesserte i politikk for å verte valde til Stortinget. Valmenn måtte bli valt, uansett om folk likte det eller ikkje, men at valmennene frå Kviteseid og Lårdal vart røysta vidare inn på Stortinget, viser interesse, pågangsmot, opplysning og kanskje også eventyrlyst og nysgjerrigkeit. Dei hadde i alle fall tillit frå dei andre valmennene om at dei kunne gjere ein god jobb på Stortinget.

No har me sett litt på kven som representerte folket både lokalt og nasjonalt. Men kva saker engasjerte valmennene frå Øvre Bratsberg seg i? Saker som bøndene i Øvre Bratsberg kjempa for på Eidsvoll var verneplikt, odelsrett/åselerett, skyssplikt, skattar/pengevesen, næringsfridom og konventikkel/forsamlingsrett. Fleire av desse interessene finn me også

¹⁰⁹ Bolstad, G. I Ormestøy P. (Red.)(2016) A. Ole Blom. *Dagbøker og brev 1809-1846. Bind 1 1809-1823.* Latvia: Jelgavas Tipografija: 16.

¹¹⁰ Hyvik, 2014: 143.

¹¹¹ Hyvik, 2014: 151f.

¹¹² Bolstad i Ormestøy, 2016, bind 1, Fotnote 19: 34, Fotnote 3: 53.

¹¹³ Prins Kristian Fredrik som sendte ut befaling om samlinga, kravde at det skulle veljast to valmenn frå kvart prestegjeld, og minst ein av dei skulle vere frå bonestanden.

¹¹⁴ Agøy, 2014: 76.

fleire tiår seinare, hjå både bondeforeiningane og venstreforeiningane (sjå kapittel 4.4. 5.5. og 5.6.2.). Fyrst og fremst stod representantane på Eidsvoll overfor eit val om dei ville støtte «unionspartiet» om å gå inn i union med Sverige, eller prins Kristian Fredrik og «selvstendighetspartiet». I Bratsberg støtta representantane frå landdistrikta og Skien unionspartiet, mens både dei militære representantane og representantane frå Porsgrunn og Kragerø støtta selvstendighetspartiet. Her var altså bøndene frå amtet på ei side og embetsmennene på den andre. Agøy drøftar nokre årsaker til at bøndene støtta union, og det kan verke som dei meinte at verken ei gjenforeining med Danmark eller fullt norsk sjølvstende var mogleg, og at unionen med Sverige var realpolitisk og økonomisk lønsamt. Men sjølv om representantane på Eidsvoll røysta for unionspartiet, verka det som at telemarkingane ønskte sjølvstende, der fleire fullmakter frå bygdene i amtet gav tydeleg støtte til Kristian Fredrik og selvstendighetspartiet.¹¹⁵ Her var det altså usemje mellom bøndene heime i distriktet, og representantane på Eidsvoll. Eidsvollmennene hadde ein anna forståing av den politiske situasjonen, og røysta kanskje derfor annleis enn dei heime ville gjort.

Etter at Noreg fekk ein svensk-norsk konge, publiserte Nordgaard, stortingsrepresentanten frå Lårdal, eit dikt som hylla den nye kongen. Han hadde på kort tid gått over frå motstand til svenskane, til å hylle den nye svensk-norske kongen. Også andre vest-teler gjorde dette, blant andre Ole Bjørnson, og dette gjer at me ikkje sikkert kan seie kva folk flest i Øvre Bratsberg meinte om politikken og unionen. Agøy hevdar at telemarksbøndene truleg var «tilpasningsdyktige ovenfor skiftende makthavere- og selvsagt takknemlige for «ro aa fre»».¹¹⁶

Som me har sett på i kapittel 3.2, ville det i dei fleste tilfelle verte konflikt mellom bøndene og embetsmennene ved eit forsøk på å samarbeide. Dette kan me også sjå blant eidsvollmennene, der det var vanskeleg for bondevalmennene og embetsmennene å samarbeide. Bøndene hadde ei generell haldning om at dei ikkje ville finne seg i å verte behandla urett, mens embetsmenn ønskja å fremme sine interesser, så i eit embetsmann-bondeforhold ville embetsmannens interesser verte oversedde av bonden.¹¹⁷ Bøndene og

¹¹⁵ Agøy, 2014: 63ff. Bratsberg var eitt av få amt som gav sine representantar mandat om at riksforstamlinga skulle vere heilt uavhengig av prins Kristian Fredrik både når det gjaldt utforminga av konstitusjonen og alt som var fedrelandet til nytte, også når det galdt unionspolitikken. Mandatet vart truleg skrive av valmennene, som var peika ut av dei røystefører i amtet. Hyvik, 2014: 131.

¹¹⁶ Agøy, 2014: 85f.

¹¹⁷ Bolstad, 2010: 18f.

embetsmenn var likevel i eit avhengigheitsforhold, og bøndene forsvarte sine «revir på en måte som fikk konflikter til å blusse opp». ¹¹⁸ Bolstad skriv at

[m]ye tyder på at bøndene utviklet sin politiske kultur ved å fortsette å teste grensene for sin handlefrihet, men at de selvsagt kan ha blitt hemmet ikke bare av formelle, men også uformelle normer og regler.¹¹⁹

Ved det ordinære Stortinget kan det sjå ut som at bøndene ikkje hadde så stor interesse av å kome på tinget, og det var fleire kondisjonerte og embetsmenn som vart valt frå Bratsberg. At fleire kondisjonerte vart attvalde om hausten 1814, kan tyde på at bøndene var komfortable med å la embetsmenn og kondisjonerte få desse verva, og anerkjente deira politiske erfaring og kulturelle kompetanse, i tillegg til at bøndene truleg ikkje ville vere borte frå gard og familie over lengre tid.¹²⁰ Bolstad trur at bøndene i mange tilfelle valde ein embetsmann til Stortinget som kunne tale godt, og tale bøndenes sak i rikspolitikken betre enn dei sjølv ville klart, og at det kunne oppstå alliansar mellom embetsmenn og bønder.¹²¹ Bøndene i Øvre Bratsberg gjekk altså på få år frå å vere i opposisjon til å danne ein allianse og eit «avhengigheitsforhold» med embetsmenn.

3.4. Politisk kultur etter 1814

Etter 1814 vart det ei gradvis, men stabil, utvikling av demokratiet, og i tida etter 1814 gjekk bøndene frå å vere «passive» undersåttar til å få samfunnsansvar.¹²² Då dei forstod at den nye forfatninga førde til at dei kunne få ei meir deltagande rolle i samfunnet, gjorde det dei også meir politiserte.¹²³ Politikk vart meir tilgjengeleg for folk, og då spesielt for dei røysteføre. Men dette tok likevel tid. I takt med utviklinga av politikken gjekk også skulevesenet fram, og me kan tru at med auka politisk interesse, vokser også interessa for å tilegne seg den kunnskapen som skulle til for å forstå politikk og engasjere seg i politiske saker, og ikkje minst å forstå grunnlova.

I tillegg til omgangsskulen var det leseselskap som soknepresten i Kviteseid oppretta for born, for å betre lesekunnskapane og leselysta i bygda. Her vart både religiøse og verdslege bøker lesne.¹²⁴ I 1819 stod ein fast skule i Kviteseid klar, der både born skulle få skulegang, og

¹¹⁸ Rian, Øystein (2015) Gammelt og nytt i strid og samvirke. Telemark 1500-1814. I Ø. Rian (Red.) *Telemark Historie 1, før 1814*. (2. opplag, bd. 1) Bergen: Fagbokforlaget: 302.

¹¹⁹ Bolstad, 2010: 103.

¹²⁰ Bolstad, 2010: 104.

¹²¹ Bolstad, 2010: 109ff.

¹²² Viss me ser bort frå opprør og konflikter som kunne finne stad.

¹²³ Bolstad, 2010: 17f.

¹²⁴ Bolstad, 2010: 24ff.

lærarar frå Øvre Bratsberg kunne få opplæring.¹²⁵ Svein Olav Thoresen skriv at initiativet «var eineståande på det viset at han [provst Windfeld] la grunnen for en institusjon som fekk mykje å seie ikkje berre for skulestellet, men og for kulturlivet i større samanheng». Nasjonalt fekk Kviteseid lærarseminar, som skulen vart kalla, mykje å seie for skulepolitikk og utdanning, og var som den fyrste fastskulen i landet eit førebilete på korleis ein skule kunne vere.¹²⁶ Bringa av lesekunne og annan kunnskap er viktig å leggje merke til, for ved gode lese- og skrivekunnskapar kunne bøndene følgje betre med på kva som skjedde både ute i verda og nasjonalt. Den tidlege utviklinga av skulen og spreiinga av kunnskap kan også ha vore med og påverka «opplysningstrangen» me skal koma nærare inn på i kapittel 4.5. At bøndene las aviser og bøker kan også ha påverka den politiske kulturen og forståinga av politikk, og førte til auka samfunnsånd hjå fjellbonden.¹²⁷

Korleis var så utviklinga av politikken, og då spesielt lokalpolitikken? Det tok tid før bøndene byrja å engasjere seg i politikk, både lokal- og nasjonalpolitikk.¹²⁸ I 1837 vart ordføraremabetet oppretta, og i Kviteseid vart bonden Ole Blom vald som den fyrste ordføraren. Han hadde vore stortingsmann i 1820, og hadde gode erfaringar med politikk.¹²⁹ Elles ser me at tendensen var at embetsmenn satt i ordføraremabetet, og bøndene skulle helst drive med det dei kunne, nemleg jordbruk, så skulle embetsmenn ta seg av politikken. Dette var likevel ei spe byrjing på utviklinga av lokaldemokratiet, og utviklinga viser at bøndene engasjerte seg meir og meir i lokalpolitikken.¹³⁰ Gjennom heile perioden hadde valdeltakinga i dei ulike herada vore varierande, og truleg svært låg. Ole Blom har notert i sine dagbøker at i Kviteseid var det åtte menn som møtte fram ved valet i 1817, og det var noko låg oppslutning. Viss me samanliknar med 1829 var det 149 røysteføre der,¹³¹ og truleg var det omtrent likt også i 1817. Som figur 1 (side 21) viser, var det frå 1829 til 1870 i gjennomsnitt mellom 30 og 40 % av dei røysteføre som brukte røysteretten sin, og figur 2 (side 22) viser at nokre herad kunne ha under 10 % valoppmøte i denne perioden. Ser me i høve til valet i 1865, var det

¹²⁵ Thoresen, Svein Olav (1979) *Kviteseid seminar. Eit skuletiltak i Vest-Telemark*. Henta frå <https://docplayer.me/4588662-Kviteseid-seminar-eit-skuletiltak-i-vest-telemark-svein-olav-thoresej-1979.html>. Sist besøkt 11.12.2018: 19.

¹²⁶ Thoresen, 1979: 25.

¹²⁷ Berge, 1975: 147f.

¹²⁸ Nærbøvik, 1979: 20.

¹²⁹ Bolstad i Ormestøy, 2016, bind 1: 22. Sjølv om det i dag kan verke som at det var eit fungerande lokaldemokrati, viser aktiviteten til desse ordførarane ingen ting om den politiske kulturen hjå folk flest. Det er likevel interessant å merke seg engasjementet til desse enkelpersonenes både lokalt, regionalt og nasjonalt.

¹³⁰ Nærbøvik, 1979: 20f.

¹³¹ Centralbureau, 1895: 64.

gjennomsnittleg 9 % som røysta på landsbasis, så valoppmøtet hadde ikkje endra seg noko særleg på 40 år.¹³²

Lokalsamfunnet fekk fleire og fleire oppgåver, og i 1845 vart det blant anna oppretta fattigkommisjonar der både presten og valte representantar frå bygdene skulle sitja. Dei skulle ha møte, føre protokoll, legge fram budsjett og ha tilsyn og ansvar, noko som førte til meir erfaring i politiske saker.¹³³ Sjølv om dette angjekk heile landet, er det viktig for å forstå korleis utviklinga av lokaldemokratiet var med å påverka den politiske kulturen. Saman med veksten av foreiningar, som me skal studere nærmare i neste kapittel, førde utviklinga av lokaldemokratiet til meir like moglegheiter i bygdene, og fleire bønder fekk meir erfaring i politikk, uavhengig av kvar dei budde.

Sjølv om bøndene utvikla sin politiske kunnskap, og engasjerte seg meir og meir, meiner Agøy at den politiske kulturen hjå bøndene i Bratsberg minner om forholdet til eineveldet, som aldri vart utfordra som samfunnsramme, og at «bøndenes rolle var *å gi tilslutning* til det som kom gjennom offisielle kanaler ovenfra». Agøy stadfestar dette med å vise til dei svært låge tala om valoppslutninga, og at det var få bønder som vart valde til tinget. Ut frå ein teori om at den borgarlege/ kondisjonerte eliten var sterkt til stades og hadde nær kontakt med den nasjonale eliten i hovudstaden, meiner Agøy at bøndene var «låst fast i tankemønstre preget av tillit til øvrigheten i vid forstand».¹³⁴ Dette er interessant, for me ser få protestar frå bøndenes side etter 1814, og det verkar som at dei godtok det styresmakta bestemte, samtidig som at dei heldt seg noko for seg sjølve i fjellbygdene og sa i frå viss dei følte seg urettferdig behandla.

3.5. Konklusjon

Det har lenge vore sagt at telemarksbøndene var spesielt stridbare, men i ettertid kan me sjå at bøndene i Øvre Bratsberg stod i opposisjon for å kjempe for rettane sine, og i denne prosessen kan det verke som at dei var stridbare og opprørsk. Det var særskilt økonomiske grunnar som førte til at bøndene protesterte, og då var det mest løn til prest og embetsmenn som engasjerte dei. Etter 1814 opplevde bøndene ei utvikling der dei vart meir og meir politiserte og fekk ein meir aktiv rolle i både rikspolitikken og lokalpolitikken. Det var bønder frå Øvre Bratsberg både på Eidsvoll og dei første Stortinga. Desse fekk påverke og viste at det ikkje lenger var berre embetsmenn som fekk bestemme, men at bøndene fekk ein større del i politikken.

¹³² Nærbøvik, 1979: 17f.

¹³³ Berge, 1975: 118.

¹³⁴ Agøy, 2014: 88, 90f.

Utviklinga av skulevesenet og spreiinga av lesekunne gjorde at fleire kunne følgje med det som skjedde politisk, lære grunnlova å kjenne, og engasjere seg meir.

Den politiske kulturen i Øvre Bratsberg var prega av ei forståing mellom veljarane og dei valde, og det vart utvikla eit større avhengigheitsforhold mellom bønder og embetsmenn. Bøndene valte embetsmenn og kondisjonerte til Stortinget, og bøndene gav dei tillit til å føre deira sak fram i rikspolitikken. Kjenneteikna for den politiske kulturen på fyrste halvdel av 1800-talet er overgangen frå ein protestkultur til politisering, frå å stå utanfor det politiske systemet, til å få meir samfunnsansvar og større del i politikken.

Når me ser kva grad demokratiet var utvikla i bondesamfunnet, i samanheng med bonde- og embetsmannsforholdet, kan me sei at den politiske kulturen var prega av passivitet frå bøndene etter 1814. Likevel voks det ein politisk forståing hjå bøndene, som me kan sjå ved at det ikkje var meir opprør og sjølv om bøndene framleis var i ein opposisjonsrolle, fekk dei meir og meir samfunnsansvar og konfliktane vart ført på andre arenaer enn tidlegare.

4. Rørsler og tradisjonar som påverka den politiske kulturen i andre halvdelen av 1800-talet

4.1. Inndeing

Då konventikkelpakten vart oppheva i 1842, var det ikkje berre dei kristne lekmannsrørslene som fekk glede av dette, men resultatet var at også andre rørsler og foreiningar vokste fram. Det skjedde ut frå behov folk hadde for å samle seg rundt ei eller fleire saker. Eg meiner at dei mange rørslene som kom og gjekk i denne perioden påverka utviklinga av politisk kultur i Øvre Bratsberg.

Foreiningar vart danna ved straumdraga som kom. Kort sagt er ei foreining ei «sekundærgruppe» der folk samlast om felles interesser eller saker. Hans Try forklarar foreiningar som små, ordna samfunn, og samanliknar dei med ein stat, som hadde forfatningar og reglar, og som praktiserte demokrati, og hadde eit styre.¹³⁵ Alle foreiningane eg skal studere i denne oppgåva fungerte på denne måten, sjølv om det fantes foreiningar som fungerte annleis.

På grunn av den krevjande geografien i Øvre Bratsberg, var det relativt lite ferdsel tidleg 1800-talet, og det tok tid før dei sosiale og kulturelle utviklingane kom, og fjellbygdene var seint ute i forhold til større bygder og byar. Rikard Berge meinte at dette ikkje nødvendigvis var negativt, for då kunne bøndene «sjaa seg fyri og taka imot det nye vitugare»,¹³⁶ altså, ta i mot det nye med meir reflekterte haldningar. Dei hadde betre tid til å studere bølgjene som kom, og ta inn over seg det som verka mest fornuftig. Fjellbygdene vart då heller ikkje påverka av alt som kom frå byane, og valde i mange tilfelle å leve livet på sin eigen måte.¹³⁷ Dei rørslene som slo seg ned i bygdene var rørsler som var bygd på haldningar og verdiar som allereie var viktig for bygdefolket, som var eit resultat av denne reflekterte haldningar til det nye.

Mange av dei som ikkje vart inkluderte i politikken, fekk gjennom foreiningar moglegheit til å vere politisk aktive. Kvinner fekk røyste i sine kvinneforeiningar, og i mange av dei politiske

¹³⁵ Try, Hans (1979) To kulturer, en stat 1850-1884, 11. I K. Mykland (Red.) *Norges historie*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag A.S: 433f.

¹³⁶ Berge, 1975: 210.

¹³⁷ Berge, 1975: 210f.

foreiningane kunne ein røyste viss ein hadde fylt 18 år, uavhengig av inntekt. Foreiningane opna altså for større politisk og sosial aktivitet. Dei gav folk høve til å utvikle eigenskapar til å uttrykkje seg både munnleg og skriftleg gjennom diskusjonsmøte, og gje dei visse om at ikkje berre embetsmenn kunne ytre seg offentleg, men alle som sat inne med kunnskap og informasjon kunne gjere det same.¹³⁸ Mange foreiningar arrangerte også foredrag og folkemøte,¹³⁹ og dei bidrog til utviklinga av kunnskap. Ikkje alle var opphavleg politiske foreiningar, men mange av dei fekk ei slik utvikling. Skyttarlag er døme på lag som i utgangspunktet ikkje var politiske, men som etter kvart oppretta venstre- og høireskyttarlag, og «[d]et gjekk politisk i skyttarsaki som mest alle ting i desse aari». Rikard Berge meiner at det meste som vart skipa på andre halvdel av 1800-talet i Øvre Bratsberg hadde politiske agendaer.¹⁴⁰

I dette kapittelet kjem eg til å studere rørslene og tradisjonane som eg meiner hadde mest å seie for den politiske kulturen. Mange av sakene som samla bøndene var allereie viktige for dei, og eg meiner at veksten av fleire av rørslene kom på grunn av idear og behov som allereie var grunnfesta der dei spreidde seg. Kva for idear og behov var så rørslene bygde på?

Korleis påverka desse rørslene den politiske kulturen i Øvre Bratsberg? Det eg har lagt merke til når eg har studert desse rørslene, er at fleire hadde viktige sider som også kom opp i statsformdebatten i 1905. Derfor kjem eg også til sjå nærmare på kva haldningar desse rørslene hadde om republikk, for å kunne trekke fram korleis dei medverka til veksten av republikk.

Eg kjem her til å sjå på den kristne lekmannstradisjonen, bondevenrørsla, folkehøgskulerørsla, dei frilynte ungdomslaga, fråhaldsrørsla og målrørsla/norskdomsrørsla. Det fantes fleire rørsler i Øvre Bratsberg i det tidsrommet eg skriv om, som til dømes tidlegare nemnde skyttarлага, men eg meiner desse rørslene prega den politiske kulturen mest gjennom viktige saker som både var henta frå tradisjonar, og som vart viktige for tida fram til 1905. Mange av desse rørslenes engasjement kan vere med å forklare kvifor så mange ynskja republikk, og eg meiner at det er nyttig å studere kvar rørslene kom frå, og kva posisjon dei hadde i

¹³⁸ Agøy, 2015: 174.

¹³⁹ Folkemøta fungerte som ein arena for politisk påverknad *før* rikspressa og dei store media, og var viktige for dannninga av Venstre på tidleg 1880-talet, og som ein stad å føre debatt om statsform i 1905. Agøy, Nils Ivar (2018) Falske nyheter, alternative fakta og sleipe knep. Politiske folkemøter frå 1870-tallet til ca. 1900. *Heimen*. 55 (04) 361-374. Henta frå (26.03.2019): https://www.idunn.no/file/pdf/67092024/heimen_2018_04.pdf.pdf:

¹⁴⁰ Berge, 1975: 149f.

lokalsamfunnet, for å kunne forklare republikkargumenta, og korleis den politiske kulturen kunne medverke til veksten av republikktanken.

Det var dei kristne rørslene og foreiningane som spreidde seg først på 1800-talet, og derfor vil eg byrje med å gå nærmere inn i den kristne lekmannstradisjonen i Øvre Bratsberg.

4.2. Den kristne lekmannstradisjonen

Den luthersk-ortodokse kristendommen var dominerande i Øvre Bratsberg gjennom heile hundreåret, men også den vart påverka av lekmannskristendommens utvikling. Bøndene i bygdene var opptekne av å bevare tradisjonar, og det galdt også på det religiøse området. Det tok tid før lekmannskristendommen slo seg ned i Øvre Bratsberg, og noko av årsaka til det kan vere nettopp bevaringa av tradisjonar. Årsaka for at lekmannskristendomen er interessant for den politiske kulturen, er at i tråd med at religiøs praksis vart endra, opna det også rom for endringar i politiske interesser og politisk praksis. Lekmannskristendomen var også viktige for skipinga av Venstre, og var også ein av hovudårsaken til kløyvinga av partiet, som me skal sjå nærmere i kapittel 5.3. Lekmannskristendommen vart ein viktig gruppe i det som vart Moderate, og sjølv om dei ikkje var så store i Øvre Bratsberg, spela dei ein viktig rolle i det politiske livet der. Det som kjenneteiknar lekmannskristendommen i Øvre Bratsberg var at den ikkje skipa eigne kyrkjelyder, men var framleis ein del av statskyrkja. Det vert likevel ein del konflikt i nokre av bygdene lekmannskristendommen kom til, som kan kjenneteiknast med den religiøse konfliktdimensjonen til Stein Rokkan.

Den fyrste kristne rørsla som me ser prega både landet og Bratsberg var Haugerørla. Sjølv om Haugerørla kom lenge før kapittelets periodisering, var den byrjinga på ei ny tidsalder i norsk historie, og hadde også litt å sei for Øvre Bratsberg. Haugerørla appellerte først og fremst til bønder, men hadde tilhengjarar også hjå små næringsdrivande. I Bratsberg var Hans Nielsen Hauges lære særleg sentralisert rundt Gjerpen i Nedre Bratsberg, men spreidde seg også til Øvre Bratsberg gjennom Hauges fleire besøk og gjennomreiser. Hauge kom blant anna til Tinn (to gonger i 1802), Rauland (1802), Seljord (1802), Kviteseid (1803), Åmotsdal (1802), Hjartdal (1802), Vrådal (1803) og Nissedal (1803).¹⁴¹ Det var mange menneske som tok til seg læra hans, spesielt var det mange i Tinn og Vinje, og elles kunne ein finne nokre i Seljord, Mo og Kviteseid. Lokale leiarar i Haugerørla forkynte i heimbygda og besøkte andre bygder, og heldt aktiviteten til haugianarane oppe lenge etter at Hauge vart arrestert i 1804.¹⁴²

¹⁴¹ Sandvin, Halldor (1999) *Hans Nielsen Hauge og Telemark*. (2. opplag) Haugekomitéen i Telemark: 13ff.

¹⁴² Sandvin, 1999: 21f.

Haugianismen gjekk ut på at kristentrua skulle bli meir personleg for folk, der ein sjølv skulle lese bibelen og grunne på ordet, og ikkje vere ein religion ein berre hadde i kyrkja på sundagar. Hauge reagerte på prestar han meinte dreiv med vranglære, men likevel heldt han seg innanfor den lutherske læra, og haugianismen danna aldri eigen kyrkjelyd.¹⁴³ Haugerørsla var ikkje imot presteskapet og kyrkja, men reagerte på korleis dei hindra kristent fellesskap utanfor kyrkjerommet og utan prest til stades, altså konventikkelpakaten. Hauge ville ikkje slutte å lyde øvrigheita eller rive ned autoritetsstrukturar og leiarskap,¹⁴⁴ men likevel forsterka konflikten mellom haugianarane og prestane usemja mellom bonestanden og embetsmannstanden.

Haugianarane utvikla motstand mot embetsstanden, særskilt fordi embetsmennene, ut frå lova, prøvde å stoppe utbreiinga av Haugerørsla,¹⁴⁵ og opprettheldt derfor opposisjons-«tradisjonen» mellom bønder og embetsmenn. Haugerørsla stod i opposisjon til kyrkjemakta og prestane mest fordi haugianarane meinte at kven som helst som følte Guds kall kunne forkynne. Autoriteten og forkynnarmonopolet prestane hadde vart utfordra av Hauge.¹⁴⁶ Hauge var likevel oppteken av at også lekfolk skulle gå til gudsteneste i kyrkja, og følgje den lutherske læra.¹⁴⁷ Halldor Sandvin ser på Haugerørsla som radikal, i same tyding som Agøy s forståing av telemarkradikalisme, nemleg at haugianarane ville bevare det gamle, ikkje endre, men fornye.¹⁴⁸

Haugerørsla hadde vist at statskyrkja ikkje hadde kapasitet nok til å dekke dei åndelege behova til folk flest, så det var nettopp denne gruppa som skipa dei nye foreiningane og tok på seg oppgåver som kyrkja ikkje kunne, som til dømes misjonsarbeid. Kristendomen hadde vorte meir individuell og personleg etter haugianismens utbreiing, og sjølv om pietismen ikkje hadde fått noko særleg fotfeste i Øvre Bratsberg tidleg på 1800-talet, vart likevel den personlege trua og kunnskapen om den kristne læra meir og meir utbreidd også der. Frikyrkjene fekk ikkje så stor oppslutning i bygdene i Øvre Bratsberg, og dei haldt lenge på den høgkyrkjelege tradisjonen.¹⁴⁹ Bøndene frå Øvre Bratsberg heldt framleis fast på skikkane

¹⁴³ Agøy, 2015: 158. Rian, 2015: 301f.

¹⁴⁴ Dørum, Knut, Sødal, Helje Kringlebotn. (2017) *Hans Nielsen Haige. Fra samfunnsfiende til ikon.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk: 21.

¹⁴⁵ Agøy, 2015: 158f.

¹⁴⁶ Dørum, 2016: 152.

¹⁴⁷ Dørum, K. Sødal, H. K, 2017: 21.

¹⁴⁸ Sandvin, 1999: 22.

¹⁴⁹ Agøy, 2015: 163fff.

etter fedrane, og især kanskje lutherdomen «i sin gamle form», som var årsaka til at pietismen og frikyrkjene ikkje nådde inn hjå fjellbøndene.¹⁵⁰

I følgje Jon G. Steane var det ikkje noko levande kristendom og kristenliv i bygdene fyrste halvdel av 1800-talet.¹⁵¹ Det hende at bøndene blanda lutherdomen med gamle katolske og norrøne tradisjonar, og me ser ut på 1800-talet ei endring i den kristne tradisjonen, korleis folk praktiserte trua og korleis den påverka samfunnet.¹⁵² I takt med veksten av lekmannskristendommen ønskte ein også meir kunnskap, lesekunne og samtalar, for at ein skulle kunne lese i og lære om Bibelen, men etter kvart også om verdslege tema og politikk. Prestane i Øvre Bratsberg hadde i lang tid påverka bøndene til å ha ei rasjonell kristentru, og gjennom leseselskap og litteratur vart dei påverka i den leia.¹⁵³ Også når det galdt moral ville kristen litteratur påverke. På 1830-talet og framover gjorde prestane mykje for å forbetre folkemoralen etter at alkoholen hadde flote fritt ei tid.

Det var i kjølvatnet av Vrådalsvekkinga frå 1860, som byrja i Vrådal i Kviteeid, at misjonsforeiningar i området vart skipa. Vrådalsvekkinga hadde også ført til at mange endra haldninga til kulturen, der dans, musikk, drikking og pynt vart sett på som skadeleg.¹⁵⁴ Vekkinga førte også til at folk samla seg utanom gudstenestene. Den spreidde seg til Nissedal, Tørdal, Fyresdal og Kviteeid, der alle stadene opplevde at «[d]rikkarar, ljugarar, tjuvar og sjølv gode farisærarar vart omskapte til audmjuke sanningssökjarar og aktverdige kristne».¹⁵⁵ Dei som opplevde vekkinga skipa så i 1865 ei indremisjonsforeining for heile Øvre Bratsberg, der det vart halde samtalemøte, både fellesmøte og lokale møte, det vart vedteke lover og oppretta eit styre. Det er sagt at omkring 100 menneske skreiv seg inn som medlemer den fyrste tida.¹⁵⁶ Følgjene av vekkinga i Vrådal og områda rundt var på kort sikt mindre drikking, dans og andre *verdslege* ting,¹⁵⁷ og var også truleg ein årsak til at fråhaldsrørsla voks. På lang sikt påverka den foreiningsliv, der bønder fekk fleire erfaringar med foreiningar, som dei tok med seg til dei politiske foreiningane som kom seinare.

¹⁵⁰ Agøy, 2015: 173.

¹⁵¹ Med levande kristendom og kristenliv meiner Steane at kristenlivet for det meste bestod av gudstenester på sondagar, og ikkje noko meir aktivitet som kunne vise at ein var kristen utanom. Steane, Jon G. (1951) *Vår over Vrådal. Blad av ei bygd si religiøse soge*. Oslo: Lutherstiftelsen: 43.

¹⁵² Steane, 1951: 43.

¹⁵³ Rian, 2015: 301.

¹⁵⁴ Agøy, 2015: 167f.

¹⁵⁵ Steane, 1951: 35, 48, 63.

¹⁵⁶ Steane, 1951: 65ff.

¹⁵⁷ Det var mange som var i mot felespel, sidan det ofte vart nytta på festar med mykje alkohol og dans. Mange nyfrelste kasta derfor fela, og det var svært lite felespel etter vekkinga.

Ei anna rørsle som hadde stor påverknad på Øvre Bratsberg var grundtvigianismen (sjå kapittel 4.5.). Grundtvigianismen skipa heller aldri eigne kyrkjer, men gjennom folkehøgskulen fekk dei spreie sine visjonar ut til folk. Sjølv om dei fleste prestar i statskyrkja støtta grundtvigianarane arbeid med opplysning i bygdene, vart det også stundom stor strid mellom prestane og dei aktive grundtvigianarane. Dette var på grunn av usemje innan kristne dogme.¹⁵⁸ Det var også store usemje mellom indremisjonsfolket og grundtvigianarane.¹⁵⁹

Den grundtvigianske kristentrua stod i sterkt kontrast til den pietistiske og konservative kristentrua som prega Bratsberg. Pietismen var konservativ, tok ofte avstand frå det *verdslege*,¹⁶⁰ og gjerningar i tru var viktig, mens den grundtvigianske trua var liberal, kulturopen og frilynt. Grundtvigianismen hadde ein teologi og dogme som ved nokre tilfelle stod i konflikt med den lutherske læra, og slik dei tolka Bibelen. Dette resulterte derfor til konflikt mellom desse retningane. Viggo Ullmann brukte dei erfaringane han hadde fått frå folkehøgskulane andre stader og prøvde å fremme samarbeid i staden for strid, då desse konfliktane kom til Seljord, men det lykkast ikkje. Konflikten mellom haugianarane og grundtvigianarane, og grundtvigianarane og nokre prestar, let seg ikkje stanse, same kor mykje Ullmann prøvde.¹⁶¹ I Vinje var det ein heilt annan situasjon, der kyrkja og grundtvigianismen fungerte fint saman, ved at presten i kyrkja var grundtvigianar, og samla folk i prestegarden med opplesing, samtalar og diskusjon om grundtvigianske tankar.¹⁶²

Øvre Bratsberg er eit typisk døme der den religiøse konfliktdimensjonen var gjeldande. I følgje Rokkan var det konflikt mellom dei liberale i byane og langs kysten og dei konservative i landdistrikta.¹⁶³ I denne samanhengen kan me seie at det var ein religiøs konflikt dimensjon mellom lekmannskristendomen som kom frå byane, og dei konservative prestane i bygdene. Fleirtalet av bygdefolket i Øvre Bratsberg hørde til kyrkja, og det var i den store samanhengen få som braut med den. Det vart likevel ofte strid mellom rørslene, både dei som holdt seg innanfor statskyrkja og dei nye lågkyrkjelege kyrkjelydane. Det måtte

¹⁵⁸ Walstad, Pål Henning B. (2006) «*Dannelses og duelighet for livet» Dannelses og yrkesutdanning i den grundtvigske tradisjon* (Doktorgradsavhandling) Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk- naturvitenskapelige Universitet, Trondheim: 216f. Berge, 1975: 152.

¹⁵⁹ Olsnes, 1980: 67.

¹⁶⁰ Med det verdslege meiner eg her verdsleg kultur som dans, musikk, festing og alkohol, det som prega kvardagslivet til bøndene i Øvre Bratsberg.

¹⁶¹ Walstad, 2006: 216f. Rui, Odd Vidar (1999) *Folketopplysning og kulturpolitisk strid i Telemark. Viggo Ullmann og Telemark Folkehøgskule 1878-1892.* (Hovudoppgåve), Oslo: Universitetet i Oslo: 72ff.

¹⁶² Berge, 1975: 152.

¹⁶³ Rokkan, 1987: 137f.

også ei indre vekking til før kristne lågkyrkjelege foreiningar fekk slå seg ned i Øvre Bratsberg.

Korleis er så utviklinga av den kristne lekemannstradisjonen viktig for den politiske kulturen? For det fyrste var det ei utvikling der det ikkje lenger var berre dei gamle tradisjonane som fekk råde, men det vart også rom for nye ting. Ved utviklinga av den meir personlege kristentrua var det også viktig at ein sjølv kunne lese Bibelen og lære om trua, og med framveksten av lesekyndige ville også annan litteratur, samtalar og diskusjonar verte aktuelt. Spesielt opplysningstrongen til mange av bøndene meiner eg er viktig for å forstå utviklinga av folkehøgskulerørsla me skal studere i kapittel 4.5. Erfaringane bøndene fekk frå lekmannsforeiningane er også viktige å ta med når me studerer veksten av andre foreiningar. Foreiningane gav som sagt erfaring med demokrati og organisering. På ein måte skilde utviklinga av den kristne lekemannstradisjonen seg frå telemarkradikalismen ved at lekmannskristendomen braut ut frå dei gamle religiøse tradisjonane, samtidig som at dette gjekk sakte.

4.3. Fråhaldsrørsla og den politiske (drikke-)kulturen

Det var ein sterk drikkekultur i Bratsberg, og spesielt i Øvre Bratsberg, på 1800-talet.

Bygdene i Øvre Bratsberg skal ha hatt eit større alkoholinntak enn dei fleste andre stader i Noreg, og det var berre eit par område som kunne samanliknast.¹⁶⁴ Jon Lauritz Quisling fortel at det i Kviteseid på 1820-tale tvar «[d]rukkenskab i selskab og lag, [...] der begyndes den ene dags aften, holdes paa til langt paa nat og fortsættes næste dag og ofte endnu længer.[...] Synd er ikke noget udviklet begreb[...]»¹⁶⁵ Det var etter at lova om fri brenning som kom i 1816 at «kvardagsdrikkinga» tok overhand, og etter forbodet i 1845 vart ulovleg brenning eit stort problem i mange bygder.¹⁶⁶

I følgje Ellen Schrumpf var restriksjonane frå styresmaktene eit «uttrykk for en politisk kultur der allmuen ble sett på som ute av stand til å styre sitt brennevinskonsum og der den politiske eliten så det som sitt ansvar å oppdra og kontrollere allmuen.»¹⁶⁷ Øvrigheita prøvde å endre drikkekulturen ovanfrå, utan at folk flest endra åtferda si, så drikkinga vart ikkje så mykje

¹⁶⁴ Ellen Schrumpf samanliknar Øvre Telemark med Finnmark, som også hadde ein sterk drikkekultur, men sammfunnsviteren Eilert Sundt skyldte på samer og kvekere, og meinte det ikkje var «nordmenn» som drakk mest. Schrumpf, 2019: 32.

¹⁶⁵ Quisling, Jon Lauritz (1908) *Til Øvre Telemarkens historie: spredte bidrag fra det 18. og 19. aarhundrede*. Skien: Eirik St. Nilssens Forlag: 114.

¹⁶⁶ Berge, 1975: 213.

¹⁶⁷ Schrumpf, 2019: 28.

påverka som styresmaktene håpa på.¹⁶⁸ Dette tyder på at ålmugen ikkje nødvendigvis alltid tok til seg det dei styrande la fram for dei.

Det var mot denne drikkekulturen at folk i landet mobiliserte seg og starta foreiningar som skulle kjempe mot «drikkeondet», truleg inspirert av utbreiinga av lekmannskristendommen.¹⁶⁹ Måtehaldslaga som utvikla seg midt på 1800-talet, vart til fråhaldslag som var aktive i 1880-åra. Fråhaldslaga og det kristne arbeidet gjekk side om side ei stund, så vart dei meir «folkelege» og arbeidde uavhengig av kyrkjelyder. Fråhaldslaga var aktive i lang tid, og var utan tvil med på å moderere den gamle drikkekulturen.¹⁷⁰ Dette arbeidet hadde truleg mykje å seie, for ved folkerøystinga for eit totalforbod mot brennevin i 1919 var det fleire bygder i Øvre Bratsberg der opp til 90 % røysta for forbodet.¹⁷¹ Ser me på gjennomsnittet i heile landet, røysta 61,6 % for brennevinforbodet, der Bratsberg røysta 76,7% for forbodet.¹⁷² Dette viser at ein sterk drikkekultur tidleg på 1800-talet hadde gått over til ein sterk fråhaldskultur ved hundrearsskiftet,¹⁷³ og tyder på at fråhaldsrørsla stod sterkt i Bratsberg.¹⁷⁴ Også andre rørsler hadde fråhald som viktig sak på agendaen, og det var ikkje nødvendigvis fråhaldsrørsla aleine som hadde skyld i denne utviklinga. Døme på foreiningar som sette fråhald høgt var Venstre og ungdomslaga, der «[b]erusende drikke maa dog under ingen omstendighed bruges».¹⁷⁵

Me møter også fråhaldsrørsla i statsformdebatten i 1905. Når fråhaldsfolket kjempa så hardt for å redusere alkoholforbruket blant sine eigne, ville det vere vanskeleg for dei å støtte monarkiet som ville auke alkoholkonsumet ved hoffet. Det er riktig nok fyrst i 1905 at dette vart uttrykt, men då valet kom mellom monarki og republikk, meinte dei blant anna at eit hoff ville dyrke alkohol og drikking, og fremma derfor republikk.¹⁷⁶ Funka dette argumentet? 1/3 av avhaldsrørslas medlemmar var menn på landsbasis, så det vil sei at berre ein tredel av medlemmane hadde røysterett i 1905. Fråhaldsrørsla engasjerte seg politisk på mange måtar, men i statsformspørsmålet var den likevel ikkje så aktiv. Det var berre eit par foreiningar som sendte inn resolusjon til regjeringa (av 1101 foreiningar) og eit fråhaldsstemne, elles var det

¹⁶⁸ Schrumpf, 2019: 36f.

¹⁶⁹ Schrumpf, 2019: 29.

¹⁷⁰ Berge, 1975: 214f.

¹⁷¹ Schrumpf, 2019: 27.

¹⁷² Det Statistiske Centralbureau (1927) *Norges offisielle statistikk. VIII. 14. Forbudsavstemningen 18 oktober 1926*. Oslo: H. Aschehoug & Co: 2f.

¹⁷³ Schrumpf, 2019: 27.

¹⁷⁴ Myhre, Jan Eivind (2015) Mellom Nordsjø og Nordsjøen. Byutvikling på 1800-tallet. I N. I. Agøy et. at. (Red.) *Telemarks Historie 2. 1814-1905*. (2. Opplag) Bergen: Fagbokforlaget: 128.

¹⁷⁵ «Breigjot», Boks: VK 2003-006 (76). Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet: 27.02.1892.

¹⁷⁶ *Afhaldsfolket og Folkeafstemningen*, Varden, 10.11.2905: 1.

berre det eine avisinnlegget i Varden me ser aktiviteten til fråhaldsrørsla i Bratsberg. Og det er nettopp gjennom avisene at Solstad ser ein tendens til at fråhaldsfolket ville røyste «nei» ved kongevalet.¹⁷⁷

4.4. Bondevenrørsla

Bondevenrørsla vart utvikla på 1860-talet, var den fyrste me kan kalle politisk rørsle.¹⁷⁸ Rørsla var på mange måtar med og markere overgangen frå standssamfunnet, der ein hadde vertikale forhold (mellom far og son, herre og tenar), til klassesamfunn, der ein hadde horisontale forhold (mellom meiningsfellar i foreiningar). Jostein Nærøvik understrekar også at det ikkje er uproblematisk å «knytte bestemte årsakssamanhangar mellom prosessane samfunnsendring og organisasjonsframvokster». Men det var «trass i alt fenomen som gjekk for seg på same tid, og i eit samspel der årsaker, føresetnader og verknader er vovne saman i ein nærmast uløyseleg heilskap».¹⁷⁹ Når me ser ein samanheng mellom rørslas utbreiing og endring i politisk kultur, gjennom auking av politisk aktivitet på bygdene, auking av foreningsliv og ordlegging av tankar som hadde ligge hjå folk i lang tid, ser me at det er viktig å studere rørsla for å få eit godt bilet av den politiske kulturen. Når me studerer andre rørslar og politiske fenomen vil mange trekke linjer tilbake til bondevenrørsla, og sjølv om rørsla ikkje hadde lang aktiv levetid, ville den lenge vere eksisterande hjå folkeånda, og vakne til live att ved ulike tidsrom.¹⁸⁰

Bondevenrørsla byrja med Søren Jaabæk og den fyrste bondevenforeininga vart skipa i 1865 i Mandal. På kort tid kom det fleire slike lag i Lister og Mandal Amt.¹⁸¹ Rørsla spreidde seg svært fort,¹⁸² og Bratsberg markerte seg tidleg som eit bondevenleg amt, og var ein av dei sterkeste bondeven-amta i landet.¹⁸³

Bondevenrørsla var opphaveleg danna grunna ei krise i jordbruket, og bøndene innsåg at dei ikkje hadde styring over seg sjølv lengre. I denne kampen med å få attende styringa, ta over lokalstyre og minke makt til embetsmenn, vart rørsla for både dei som ønskja å bryte med gamle band, og for dei som ville tilbake til det gamle samfunnet.¹⁸⁴ Bøndene hadde

¹⁷⁷ Solstad, 1964: 215f.

¹⁷⁸ Nærøvik, 1979: 25, 78. Bondevenrørsla er tredje i rekka av folkerørslar, etter Haugerørsla og Tranerørsla.

¹⁷⁹ Nærøvik, 1979: 12.

¹⁸⁰ Døme er ved riksretten på fyrste halvdel av 1880-talet, og kongevalet i 1905.

¹⁸¹ Slettan, Dagfinn. Try, Hans (1979) *Bondevenene: Jaabækrorsla 1865-1875*. Oslo: Det Norske Samlaget: 11.

¹⁸² Slettan, et. al., 1979: 13.

¹⁸³ Slettan, et. al., 1979: 22. Nærøvik, 1979: 36.

¹⁸⁴ Nærøvik, 1979: 12ff.

oppaveleg ikkje noko imot styremåten, men *kven* som styrte, altså embetsmenn, og meinte at mykje ville bli betre når berre bøndene kom på Stortinget.¹⁸⁵

Jaabæk jobba for at rørsla skulle danne eit politisk parti, men dette lyktast han aldri med. Likevel støtta fleire bondevenforeiningar valmannslistene hans og kampen om å få fleire bønder på stortinget. Jaabæk meinte at det var bonden som representerte folket, og derfor mobiliserte han dei gjennom bondevenrørsla.¹⁸⁶

Kor mange var eigentleg bondevener? Det var foreining i 17 av 23 herad i Bratsberg, altså 2/3 av amtet vart dekt.¹⁸⁷ På det meste var det i alt 19 foreiningar og 1172 medlemer i amtet.¹⁸⁸ På landsbasis har Nærøvik og Hans Try kome fram til at det må ha vore omtrent 30 000 medlemar totalt. Altså omtrent 4 % haldt til i Bratsberg.¹⁸⁹ Bratsberg hadde også omtrent 4,6 % av Noregs befolkning, så at prosenten av bondevene var same som prosenten av befolkninga, viser at forholdet mellom bondevener og folketal passa godt.

Den fyrste bondevenforeininga i Øvre Bratsberg vart skipa i Flatdal i Seljord i 1868, mens Hjartdal følgde etter i 1869. I 1870 vart det starta foreiningar i Seljord, Brunkeberg (anneks til Kviteseid), Kviteseid, Rauland og Fyresdal. Lårdal fekk si foreining i 1871. Det var også tale om å skipe foreiningar i Vinje og Tinn også, men det skjedde ikkje.¹⁹⁰ På landsbasis var det bondevener i omtrent 60% av alle landkommunar,¹⁹¹ og i Bratsberg var det ikkje foreiningar i Tinn, Vinje, Mo, Nissedal eller Drangedal. Dekningsgraden av bondevene var altså stor i Bratsberg, men 4 av 5 herada det ikkje var foreining i låg i Øvre Bratsberg.¹⁹² Mange av foreiningane levde ikkje lenge organisatorisk. Allereie i 1870 byrja aktiviteten å gå ned, og mellom andre Seljord og Rauland hadde sine siste møte dette året. Flatdal, Hjartdal og Fyresdal avslutta i 1871, og Brunkeberg og Lårdal i 1872. Kviteseid var blant dei få laga i amtet som framleis stod etter desse åra, men det og dei andre laga som framleis eksisterte, fungerte mest berre som «nominasjonssentralar» ved valår.¹⁹³

I Bratsberg var det bøndene med små og mellomstore gardar som dominerte foreiningane. Fleirtalet av bøndene som oppaveleg hadde røysterett i Øvre Bratsberg kom inn under denne

¹⁸⁵ Nærøvik, 1979: 78.

¹⁸⁶ Slettan, et. at. 1979: 21.

¹⁸⁷ Nærøvik, 1970: 36.

¹⁸⁸ Olsnes, 1978: 2f.)

¹⁸⁹ Nærøvik, 1979: 26.

¹⁹⁰ Nærøvik, 1979: 33ff.

¹⁹¹ Dørum, 2016: 161.

¹⁹² Nærøvik, 1979: 37.

¹⁹³ Olsnes, 1978: 2f.)

kategorien.¹⁹⁴ Omtrent ¼ av sjølveigande bønder i Bratsberg var medlemer i foreiningane, men også lærarar engasjerte seg der, og var ofte dei som stod for organiseringa.¹⁹⁵

Jaabæk klarte gjennom bladet Folketidende, å setje ord på det mange «kjende på seg», og Nærøvik meiner mange hadde glede av å lese sine eigne meininger på trykk.¹⁹⁶ Saker som kom på valprogramma var alle tufta på Jaabæks kjerneverdiar: sparsomt, fridom og liberalisme. I 1873 var det utvida røysterett, folkeleg opplysning, fridom og likskap som kom på valprogrammet. Vidare utover 70-talet kom dei meir sosio-radikale meininger til Jaabæk på valprogramma; bort med statskyrkja, konfirmasjon og innføring av religiøst valfridom for embetsmenn.¹⁹⁷ Mange reagerte så på Jaabæks radikale sosialdemokratiske synspunkt, og han vart for radikal for mange, i den form at han ønska for store samfunnsendringar.¹⁹⁸ Dette kan vere ein årsak til at rørsla aldri vart eit parti. Som me såg i kapittel 4.2. var dei kristne tradisjonane sterke i Øvre Bratsberg, og det er forståeleg at bøndene ikkje ville gå med på ein slik politikk. Jaabæks radikale haldningar vart meir og meir synleg etter at bondevenrørsla byrja å dabbe av, og denne frimodigheita til Jaabæk kan skyldast at han prøvde å halde på dei unge bondevenene.

Føremålet Jaabæk hadde med bondevenrørsla var først og fremst sparsomt «både i stat og kommune, og på gjennomført økonomisk liberalisme»,¹⁹⁹ «at de offentlige udgifter og byrder ikke bør yderligere forøges, men derimod søges formindskede».²⁰⁰ Sparsomt var tankar som hadde vore gjeldande i Øvre Bratsberg over lengre tid allereie, og som Jaabæk nå hadde satt ord på og laga politikk ut av. Sparsomt var også tankar som sette seg i samfunnet for ettertida, og som lenge prega politikken i bygdene i Øvre Bratsberg.

Jaabæk var generelt mot monarkiet, og fremma ein unionskritisk politikk, og var ein reinspikka republikanar.²⁰¹ Jaabæk vart nokre gonger for radikal for mange bønder, ein radikalisme som stod i strid med telemarkradikalismen, ved at Jaabæk tenkte for nytt og var for langt føre si tid, og republikk-temaet var eitt av dei emna der det var svært delte meininger. Likevel har me grunn til å tru at bondevenrørsla gjorde det mogleg at mange slutta seg til tanken om republikk i 1905. Men i dei områda i Øvre Bratsberg (og i riket førstig) der

¹⁹⁴ Nærøvik, 1979: 26.

¹⁹⁵ Nærøvik, 1979: 36f.

¹⁹⁶ Nærøvik, 1979: 39.

¹⁹⁷ Nærøvik, 1979: 45.

¹⁹⁸ Berge, 1975: 150.

¹⁹⁹ Slettan, et. al., 1979: 18.

²⁰⁰ Slettan, et. al., 1979: 18. Slettan henta sitatet frå Folket, 19.07.1865 (sjå fotnote 5: 33).

²⁰¹ Slettan, et. al., 1979: 53f.

det var flest «nei»-røyster, fanst det ikkje noko bondevenforeining, så det er altså ingen direkte årsakssamanheng mellom bondevenrørsla og republikanarane. Jaabæk kjem likevel fleire gonger opp i statsformdebatten i 1905, så det er tydeleg at Jaabæks republikanske haldningar hadde sett seg hjå folk.²⁰²

I Øvre Bratsberg ser me tre tendensar som prega bondevenmiljøa. I Fyresdal var pietismen sterkt, og var prega av åndeleg strev. I Kviteseid var det paternalisme, og ein faderleg og filantropisk haldning med omsorg for dei lågarestilte. I Brunkeberg, Flatdal og Gransherad var det frilynde, norskdom og nasjonalisme som prega bondevenene sterkt. I bondevenforeiningane er det ein klår samanheng mellom saker som foreiningane engasjerte seg i og desse tendensane som allereie var viktige i lokalsamfunnet.²⁰³ Her ser me godt korleis politisk kultur var med på å forme foreiningane, sjølv om rørsla tedde seg annleis nasjonalt.

Sjølv om den eine bondevenforeininga etter den andre forsvann relativt raskt, forsvann ikkje bondevenrørsla. Nærøvik ser ein samanheng mellom bondevenrørsla og lokalstyre i ettertida, der bondevener vart ordførarar og valmenn, og styrarar for sparebankar, meieri, trygdelag og handelslag. Han ser også ein klår samanheng mellom bondevenene og Venstre, der mange av dei gamle bondevenene vart medlemmar i Venstrelag, og nokre stader var dei med på å skipe venstrelag. Døme er Jørgen Telnes frå Seljord og Aslak Haukom frå Kviteseid.²⁰⁴ Mange av bondevenene gjekk etter kvart også over til Moderate og Høire.²⁰⁵ I Bratsberg var det eit par av foreiningane som framleis hadde møte utover 70-talet, og me kan finne ein organisatorisk kontinuitet mellom dei og venstrelaga,²⁰⁶ og som me derfor kan seie vart direkte endra frå bondevenforeining til venstrelag.

Me kan sjå ein auking av valprosenten etter innføringa av bondevenforeiningane (sjå figur 1, side 21), og spørsmålet blir då om røysteoppmøtet hadde auka utan bondevenrørsla. Bøndene i dei øvre bygdene i Bratsberg lika særskilt sparetanken til Jaabæk, og fronten han førte mot embetsstanden og dei høge løningane, førte til at bondevenforeiningane i bygdene var viktige mobiliseringsorgan. Måten bondevenrørsla mobiliserte bøndene, så fleire vart aktive i politikken, vil vere ein god forklåring for aukinga av valoppmøtet, noko me kan underbyggje ved å sjå at valoppmøtet ikkje hadde endra seg i noko særleg grad før 1870. Nærøvik hevdar

²⁰² Jaabæks *nei!*, Varden, 01.11.1905: 1. *Jaabæk og Republiken*, Kragerø Blad, 07.11.1905: 1.

²⁰³ Nærøvik, 1979: 56.

²⁰⁴ Nærøvik, 1979: 132f.

²⁰⁵ Nærøvik, 1979: 135.

²⁰⁶ Olsnes 1978: 8.

også at bondevenrørsla hadde direkte påverknad til auka valoppmøte.²⁰⁷ Samtidig seier han at bondevenene sin mobilisering ikkje stakk særleg djupt, og at dei ikkje fekk til å engasjere nye veljarar.²⁰⁸ Ser me Tinn og Vinje sin utvikling av valoppmøte i Vedlegg 2, to herad som *ikkje* hadde bondevenforeining, hadde Vinje inga auking i 1870, mens gjennomsnittet for Øvre Bratsberg auka med omrent 10 % frå valet i 1868 til 1870. Tinn derimot hadde ein akute med omrent 20 %. Tinn ligg framleis under gjennomsnittet i Øvre Bratsberg, men den store aukinga er likevel interessant.²⁰⁹ På tross av at det ikkje var noko bondevenforeining i heradet, auka valoppmøtet likevel, og er derfor eit motargument for at bondevenrørsla var årsak for aukinga av valoppmøtet. Nærbøvik ser også at fleire herad i Bratsberg hadde lite auke i valoppmøtet sjølv om det vart danna bondevenforeining.²¹⁰ Her kan me konkludere med at bondevenrørsla ikkje var direkte årsak til aukinga av valoppmøte i 1868 og 1870. At bondevenenes klåre kamp for å få bønder på tinget som førte til politisk valkamp mellom bondevener og dei som ikkje støtta rørsla, ville likevel vere med og auke valoppmøtet mange stader.²¹¹

Ein grein, eller dotterrørsle, frå bondevenrørsla var samvirkerørsla som voks tidleg på 1870-talet. Kort sagt var samvirkerørsla ein stad der bønder, dei fleste var bondevener, gjekk saman for å skipe lokale «landhandlarar» der bøndene saman dreiv billig handel. Bratsberg var eit av amta med flest forbruksforeiningar, og det var på bygdene me ser størst mangfald. I Øvre Bratsberg var det i 1876 14 foreiningar, mens i Nedre Bratsberg var det ni og Bamble fogderi fire.²¹² Dette er ein interessant rørsle, for det viser at bøndene ønska ein konkurranse til dei dyrare landhandlarane, noko som ikkje er særleg overraskande. Det som derimot er noko overraskande er at gjennom å satse på nye områder gjekk dei utanfor deira ekspertfelt, jordbruket, og sette seg inn i kontanthandel. Rørsla vart ein samlingsstad for det gamle bondesamfunnet og det nye kapitalistiske samfunnet.

4.4.1. Hvideseid bondeforening

Hvideseid bondeforening var ei av få foreiningane som var aktive i heile 1870-åra, og foreininga blir derfor eit interessant og viktig tilskot til forskinga om politisk kultur, for kor stor var eigentleg rørsla i lokalsamfunnet? Kva var dei opptekne av og kor aktive var folk i foreininga? Med å studere kva dei diskuterte, ser me dei politiske sakene som opptok bøndene

²⁰⁷ Nærbøvik, 1979: 80.

²⁰⁸ Nærbøvik, 1979: 84.

²⁰⁹ Centralbureau, 1898: 66f, 150ff, 158ff.

²¹⁰ Nærbøvik, 1979: 82.

²¹¹ Nærbøvik, 1979: 86.

²¹² Nærbøvik, 1979: 57, 61.

og det er truleg at fleire foreiningar i området rundt interesserte seg for noko av dei same tinga. Me har berre ein protokoll etter bondevenforeiningane, og dette enkeltstudiet vil ikkje nødvendigvis vise aktiviteten i heile Øvre Bratsberg. Men me kan få ein aning på korleis foreiningane fungerte i lokalsamfunna, og rørslas betydning.

Hvideseid er namnet på kommunen i Øvre Bratsberg som i dag heiter Kviteseid, og protokollen for bondevenforeininga vart seinare brukta som protokoll til Kviteseid venstrelag. Dette er derfor eit godt døme på bondevenforeining som hadde ein direkte tilknyting til Venstre.

Hvideseid bondeforeining vart skipa 5. mars 1870, men hadde allereie 19. februar hatt eit førebuande møte. Foreininga hadde 8 møte i 1870, 3 i 1871, 2 i 1872, 2 i 1873, 0 i 1874, 0 i 1875, 1 i 1876, 0 i 1877, 1 i 1878, 1 i 1879. Talet på møte i året gjekk raskt ned, og nokre år var det ikkje møte i det heile. Me kan sjå ein samanheng med når det var valår, for det var då det var møte, og også Hvideseid bondeforeining vart ein «valsentral».²¹³

Kor mange møtte opp og var aktive i foreininga? Det varierte noko, men det var truleg aldri meir enn 25 personar på eit møte. Nokre gonger var det svært få som møtte opp. På møtet 7. oktober 1871 kom det så få at samlinga vart utsett.²¹⁴ Ved å vite omtrent kor mange som møtte opp, ser me aktiviteten til foreininga, og ved å vite aktiviteten kan me vite kor stor del av befolkninga foreininga påverka direkte, og kan lettare vite korleis foreininga påverka den politiske kulturen. I Kviteseid, eit herad med 110 røysteføre i 1870, var det då litt over 20 % som vart direkte påverka av bondevenrørsla. Talet på røysteføre hadde gått ned med 10 stykk frå valet i 1868, men røysteprosenten hadde gått opp med 13 %. Bondevenenes arbeid med å få bønder meir politisk aktive gjennom val, var godt i gang i Kviteseid. Gjennom heile 70-talet, då foreininga var aktiv, gjekk røysteprosenten ikkje meir opp, og holdt seg alltid rett over 50%.²¹⁵

I protokollen er det ei medlemsliste for bondeforeininga. Det er oppført 76 namn, men dei siste sju er ikkje nummererte. Samanliknar me medlemstalet med røysteføre i heradet, ser me at 83,6 % var medlem. Då får foreininga straks ein større posisjon i lokalsamfunnet. Dei sju

²¹³ «Protokoll for Kviteseid Venstrelag», eigmeldt av Kviteseid Venstre og forvalta av formann Hartwig John. (Frå nå kalla «kviteseid fp.») Det var valår i 1870, 1873, 1876 og 1879, og alle desse åra var det minimum eit møte i foreininga.

²¹⁴ Kviteseid fp. 07.10.1871. Ikkje alltid vart talet på møtedeltakarar registrert. I 1878 og 1879 finn me ingen protokollførte tal på oppmøtet, men gjennom val i foreininga har eg fått ein viss oversikt over kor mange som var til stades.

²¹⁵ Centralbureau, 1895: 67.

som ikkje er nummererte i protokollen var kvinner, så det er vanskeleg å vite om det var andre som ikkje var røysteføre som også var medlemer. Men at kvinnene ikkje er nummererte kan tolkast som at dei var medlemer, men ikkje hadde røysterett ved interne val. Dette er berre ein spekulasjon, og det står ingen ting om det i protokollen. Det som derimot står, er at berre menn vart valde til styret, og til å representer Kviteseid på årsmøta til amtsbondevenforeininga. At kvinner kunne vere medlem i bondevenforeininga, viser at bondevenene var opne for at også dei kunne vere aktive i foreiningsliv og politikk. Utanom dette kan eg seie at det ikkje er oppført nokon dato på når medlemene vart skrivne inn, men i referata kan me nokre gonger lese at nokre namn vart førde inn i medlemslista.²¹⁶ Det var for det meste bønder, men i styret finn me både lensmann Blom og kyrkjesongar Taraldsen.²¹⁷

I Hvideseid bondevenforeining, som i dei fleste andre foreiningar, var det val dei var interesserte i. Kven som skulle veljast til Stortinget var eit viktig tema, og dette vart blant anna diskutert den 27. mai 1876: «Efter en liden kort samtale om disse Punkt ytreden tilstedevarende sig for kun at vælge Mænd af Bondestanden». Sitatet heng godt saman med arbeidet i bondevenrørsla for at fleire bønder skulle til Stortinget. Men sjølv om det var bønder som vart valde inn der, måtte folk vere sikre på at dei som vart peika ut hadde dei same verdiar som dei sjølve. «Hvad bør gjøres for at sikkre sig, at de kummede Valgmænd, stemmer paa Representanter der hylder frisinde (sic.) og folkelige Anskuelser?» vert det spurt om på same møtet. Lagsmedlemene måtte vere sikre på at dei som vert valde, uansett om det var bønder eller embetsmenn, støtta Jaabæks og Sverdrups politikk. Nå var det politikken som var viktigast når ein skulle velje valmenn, og ikkje nødvendigvis kva yrke eller stand dei kom frå.²¹⁸ Dette var ein ny tankemåte i bondevenrørsla, og som samtidig var startsskotet for ein ny tid i politikken.²¹⁹ Likevel held Kviteseid fast på ønskje om å ha bøndene på Stortinget.

Allereie i 1870 vart sparsemd i statshushaldninga teke opp på eit møte. På dei åra foreininga var aktiv kom dette emnet opp berre to gonger, men det viser likevel at det var ei viktig sak for dei. I 1879 sette foreininga opp eit program til valmanns- og stortingsvalet, der «Sparsomhedsprinsippet det- Jåbækske (sic.)» var eit punkt. Spareprinsippet vart altså kalla «det Jåbækske», og sparsemd og Jaabæk vart i nokre samanhengar synonyme.²²⁰ Med

²¹⁶ Kviteseid fp. 21.05.1870, 19.11.1870.

²¹⁷ Kviteseid fp. «Foreningens medlemmer».

²¹⁸ Kviteseid fp. 27.05.1876.

²¹⁹ Nærøvik, 1979: 115.

²²⁰ Til dømes vart «Jaabæks nei» det same som nei til høgare skattar, toll og løn til embetsmenn, og i 1905 ville dette seie nei til eit dyrt monarki. *Jaabæks nei!*, Varden, 03.11: 1.

spareprinsippet meinast sparsemd i statshushaldet, at skattar og toll skulle reduserast, men også at statstilsette, altså embetsmennene, skulle få lågare løn.²²¹

Dei andre punkta som vart føreslått til valprogram var: utviding av røysteretten; folkehøgskulesaka, eller «det folkelige Almendoplysningsporgesmaal»; ønskje om direkte val; valmenn og tingmenn som vil arbeide for opplysning og klårleik i valkretsen; kven som burde bli valt til tingmenn.²²² Her får me eit godt bilete på kva interesser bondevenrørsla hadde, og kva som var viktig at leiarane på nasjonalt nivå også burde prioritere. Dette møtet var også det siste møtet i Hvideseid boneforeining.

Andre samtaleemne som foreininga diskuterte var blant anna folkehøgskulen. Dette var som sagt også med på forslaget til valprogrammet i 1879. Det vart mellom anna diskutert om folkehøgskulane skulle få økonomisk støtte frå Stortinget.²²³ Fattigkassa og den lokale kyrkja var også på dagsordenen, og i 1871-72 vart det drøfta om heradet skulle tilsetje ein fattigpleiar, ein sak som passar inn i det faderlege filantropiske haldningane i Kviteseid.²²⁴ Frå 1871 til -73 vart det også fleire gonger ordskifte om det skulle startast fjøs-skue i prestegjeldet, med premiar.²²⁵

Hvideseid boneforeining interesserte seg for både lokale og nasjonale saker, det sistnemnde særskilt i valår. At det også fanst ein bondevenforeining i Brunkeberg, same herad som Kviteseid, betyr at det var viktig at foreininga var lett tilgjengeleg for alle.

4.5. Folkehøgskulerørsla

Eg vil undersøke nærmere kor stor betydning Telemark Folkehøgskule hadde for den politiske kulturen i Øvre Bratsberg. Folkehøgskulerørsla er interessant for mi problemstilling, for arbeidet skulen gjorde i bygdene i Øvre Bratsberg hadde stor påverknad på haldningar og endringar i samfunnet. Me kan dessutan sjå spor av saker folkehøgskulerørsla var oppteken av i venstreforeiningane i amtet, og skulen var svært aktiv før folkerøystinga i november 1905.

Folkehøgskulen vart etablert i fleire fasar på 1870-talet, men vart fast i Seljord frå 1884, med grundtviganaren Viggo Ullmann som styrar. Folkehøgskulen til Ullmann var altså skipa på

²²¹ Kviteseid fp. 21.05. 1870.

²²² Punkt nr. 3: var Spareprinsippet. Kviteseid fp. 24.06.1879.

²²³ Kviteseid fp. 29.04.1878.

²²⁴ Kviteseid fp. 11.11.1871.

²²⁵ Kviteseid fp. 07.10.1871, 11.11.1871.

grundtvigiansk grunn, som var påverka av ein opplysningsideologi der diskusjon og samtale ofte galdt politikk.²²⁶

Telemark Folkehøgskule var eit resultat av folkehøgskulerørsla, som attende hekk saman med ei gradvis utvikling i opplysningstrongen hjå nordmenn, særskilt etter at grunnlova vart innførd, og eit politisk system dei no kunne engasjere seg i. Den første folkehøgskulen opna i 1864 på Hamar. Det var fyrst og fremst bønder og bygder folkehøgskulane var meinet for. Grundtvigianismen hadde både ein teologisk og ein pedagogisk side, der teologien på den tid vart sett på som liberal, samanlikna med pietismen og den høg-lutherske ortodokse kyrkja, sjølv om grundtvigianarane aldri danna ein eigen kyrkjelyd, og alltid rekna seg som lutheranarar. Kristendom var for fyrste gong ikkje eit eige fag, men det skulle integrerast i alle dei andre faga.²²⁷ Lærarane som sette i gang dei fyrste folkehøgskulane var grundtvigianarar, så grundtvigianske tankar var sentrale i undervisninga. Dette gjorde at fleire prestar og klokkarar reagerte.²²⁸ Det vart oppretta ein «luthersk» folkehøgskule i 1871, som eit motsvar til den grundtvigianske folkehøgskulen,²²⁹ og i 1872 vart amtsskulane skipa, som eit «kraftigare våpen mot ei framstormande folkehøgskulerørsla».²³⁰ Skulen i Hamar var den fyrste folkehøgskulen som vart danna, og fram til 1875 vart det danna omrent 33 folkehøgskular.²³¹ Rundt 1900 var det berre åtte folkehøgskular attende, deriblant Telemark Folkehøgskule.²³²

Det hadde som sagt vore fleire forsøk på å skipe folkehøgskular i Bratsberg på 1870-talet, og i 1878-79 fekk Olaus Arvesen, som var med å få i gang den fyrste folkehøgskulen på Hamar, det til i Seljord.²³³ Den vart kalla Telemark Folkehøgskulesamlaget, og fekk seinare namnet Telemark Folkehøgskule.²³⁴ Det vart drive folkehøgskular også i Vinje, Drangedal, Skien og Bjørge, før skulen vart fast i Seljord.²³⁵ Høgskulelaget hadde i 1881 167 medlemmar i Bratsberg, der alle haldt til i Øvre Bratsberg.²³⁶ Bygdefolket hadde tidlegare teke initiativ til å

²²⁶ Mjeldheim 1984: 53f.

²²⁷ Nærøvik, 1979: 104.

²²⁸ Rui, 1999: 33f.

²²⁹ Rui, 1999: 37ff.

²³⁰ Rui, 1999: 40.

²³¹ Mikkelsen, Arild (2014) *Fihet til å lære. Frilynt folkehøgskole i 150 år*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.: 119.

²³² Mikkelsen, 2014: 138.

²³³ Olaus Arvesen vakste opp i eit haugiansk bondemiljø, og var ein av forkjemparane for grundtvigiansimen i Noreg. Vormeland, Oddvar (2009) *Olaus Arvesen*. Norsk biografisk leksikon. Henta frå https://nbl.snl.no/Olaus_Arvesen. Sist besøkt 25.02.2019.

²³⁴ Rui, 1999: 56f.

²³⁵ Walstad, 2006: 218.

²³⁶ Nærøvik, 1979: 114.

invitere folk til å halde foredrag og folkemøte, der blant andre Arvesen hadde kome til Seljord, Kviteseid og Flatdal.²³⁷ Fleire seljordingar og bygdefolk frå nabobygdene hadde gått på folkehøgskule på i Sagatun i Hamar, og Vonheim i Gausdal, og det var truleg dei som var initiativtakarane til at folkehøgskulen kom til Seljord.²³⁸

Folkehøgskulen var både ein «moderniseringsagent» og ein «motkulturell kraft», ved at skulen arbeida for å løfte opp bondeungdom, og klargjere dei til å arbeide for folkestyre.²³⁹ Folkehøgskulerørsla hadde som mål å «vekke» bondeungdomen, kulturelt, samfunnsmessig og politisk, i tillegg til å styrke det nasjonale og folkelege.²⁴⁰ Grundtvig sjølv hadde vore oppteken av vekking, vekst og opplysning.²⁴¹ Telemark Folkehøgskule vart eit senter for folkeopplysning og folkedanning, kulturell og politisk oppvakning på 1880- og -90- åra, gjennom Ullmanns mange foredrag både på skulane og utanfor.²⁴² Også i den tidlege perioden til folkehøgskulane hadde folket blitt opplyst, og under opphaldet før Ullmann kom, hadde bygdefolket opplevd eit tomrom. Ullmanns folkehøgskule vart skipa i og på grunn av dette tomrommet. Bygdefolket ønskja folkehøgskulen velkommen, for dei trong nye undervisningsformer og betre skulegang, og dei ville ha meir opplysning.²⁴³

Det var svært mange som deltok på opne møte på skulen, noko som fekk store konsekvensar for til dømes målrørsla og utbreiinga av landsmålet, for arbeidarsamlagsrørsla og ungdomsrørsla. Folkehøgskulen førde til stor aktivitet i bygdene rundt Seljord, og det er truleg at denne aktiviteten påverka den politiske kulturen i området. Ønskje om meir opplysning er eit typisk kjenneteikn for Øvre Bratsberg i denne perioden, og folkehøgskulen bidrog sterkt til både trangen om opplysning hjå bøndene og opplysninga dei fekk.

I Bratsberg var folkehøgskulevenene opphavleg knytte til bondevenrørsla, ved at begge rørslene stod i opposisjon til embetsmannstanden. Der bondevenene tenkte mest på sparsomt, var folkehøgskulane i amtet fokuserte på dei nasjonale folkereisingstankane og målsaka, og for å vinne fram med dette måtte folket opplysast. Det var mange bondevener som sympatiserte med folkehøgskulen, og saman med den radikale fløya av bondevenrørsla var dei

²³⁷ Rui, 1999: 60.

²³⁸ Rui, 1999: 72.

²³⁹ Mikkelsen, 2014: 26.

²⁴⁰ Mykland 1979: 411.

²⁴¹ Walstad, 2006: 230.

²⁴² Berge, 1975: 151. Rui, 2005: 102. Ullmann haldt 20 større folkemøte i Bratsberg, ei mengde som ingen andre stader kunne måle seg opp mot, i følgje Nærøvik. Nærøvik, 1979: 144.

²⁴³ Rui, 1999: 90f.

med på å utvikle ein venstreorientert politikk i amtet.²⁴⁴ Folkehøgskulen ville fremme landsmålet,²⁴⁵ og Ullmann meinte at det norske folket berre kunne «vekkes» gjennom det norske språket, for det var gjennom morsmålet at «folkeånden» kunne livne til.²⁴⁶ Både ålmenndannande «åndsfag», som norsk og historie, og praktiske yrkesretta fag var like viktige på skulen. Gjennom yrkesfaga og fag som skulle vekkje ånda klarte Ullmann å samle bondevenene og grundtvigianarane, og få til eit fellesskap mellom desse gruppene.²⁴⁷

Ullmann skipa også ein lærarskule på folkehøgskulen, og Pål Henning Bødker Walstad karakteriserer denne lærarutdanninga som «nasjonsbygging», noko han hentar frå Alfred Oftedal Telhaug og Odd Asbjørn Mediås. Med dette meiner han: 1) at teologien mista si makt over skulen, 2) lærarane, som hadde tatt over etter teologane, innførte eit nytt kunnskapsregime, der den viktigaste kunnskapen var knytt til det nasjonsbyggjande prosjektet, 3) fleire frie og folkelege rørsler, slik som folkehøgskulerørsla, vokste fram.²⁴⁸ Me ser tydelege teikn på at folkehøgskulen var *nasjonsbyggjande*, spesielt gjennom norskdomsprosjektet, der målsaka var det fullkomne skriftspråket, og det *norske* og det *nasjonale* var det viktigaste.

Den politiske yrkesskulen på folkehøgskulen kunne også, meiner Walstad, omtala som «nasjonsbygging» gjennom kulturell og territorial nasjonalisme. Kulturell nasjonalisme legg vekt på felles morsmål, historie og felles kultur, moral og religion, mens territorial nasjonalisme primært har som mål at nasjonens og statens grenser skal falle saman, dvs. nasjonalstaten eller indre sjølvstyre.²⁴⁹ Den kulturelle nasjonalismen vert representert av nasjonen og folket, og den territoriale av den politiske staten. Viggo Ullmann og den grundtvigianske folkehøgskulerørsla blanda saman og utvikla desse nasjonalismane.²⁵⁰

For nasjonsbygginga var politikk ein viktig faktor, og den politiske aktiviteten Ullmann hadde på folkehøgskulen, gjorde at den raskt vart eit politisk sentrum i området. Walstad kalla blant anna folkehøgskulen for «politikerskole». Då elevane diskuterte samfunnsspørsmål, fekk dei venstrepolitikk frå Ullmann, og «eitt viktig mål med undervisningi må ha vore å temje opp

²⁴⁴ Olsnes 1978: 5ff.

²⁴⁵ Slagstad, Rune (1998) *de nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag A/S: 94ff. Try 1979: 411.

²⁴⁶ Walstad, 2006: 231.

²⁴⁷ Walstad, 2006: 198.

²⁴⁸ Walstad, 2006: 222f.

²⁴⁹ Walstad, 2006: 225. Dette hentar han frå kyrkjhistorikar Dag Thorkildsen.

²⁵⁰ Walstad, 2006: 225.

radikale venstrepolitikarar», meiner Walstad. Ullmann var ein aktiv venstrepolitikar, og mange av elevane gjekk inn i venstrepolitikken.²⁵¹

Walstad meiner at Seljord Folkehøgskule hadde tre utdanningar; landbrukskule, lærarseminar og «yrkesutdanning for politikere».²⁵² Men det var mange som ikkje lika at Ullmann opna for politikk på skulen.²⁵³ Venstrepolitikken han stod for var tydeleg motstand mot det gamle embetsmannsveldet, noko som førde til konflikt mellom folkehøgskulen og embetsmenn.²⁵⁴ På grunn av folkehøgskulen vert det ein aukande politisk aktivitet gjennom politiske folkemøte og tidleg politisk organisering i foreiningar over eit større område i Øvre Bratsberg.²⁵⁵ Folkehøgskulens aktivitet både på og utanfor skulen førde til at bygdefolket vart kjent med venstrepolitikken.

Folkehøgskulen ville vere frigjerande frå embetsstanden, og embetsmennene kjende seg trua på grunn av rørsla.²⁵⁶ Det var derfor også strid med amtsskulen, der embetsmennene styrte, og folkehøgskulen. Som eit alternativ til folkehøgskulen vart amtsskulen skipa, slik at ungdomen kunne velje kvar dei ville gå og kor mykje dei skulle få å seie. Amtsskulen representerte tradisjonar og det kjente, mens folkehøgskulen representerte noko nytt, og fokuserte meir på praktiske fag.²⁵⁷

Ullmann var ein føregangsmann på det frilynte området. Høiland skriv at «[b]egrepene frilynn og frisinn signaliserte at en var fritenker og kunne ha religionskritiske holdninger, og dette karakteriserte et klart brudd med det gamle samfunnet».²⁵⁸ Som me har sett var bøndene i Øvre Bratsberg generelt skeptisk til å bryte ved det gamle samfunnet, og dette måtte gjerast gradvis. Dette kunne også vere ein årsak til konfliktar mellom nokre frå lokalbefolkinga og skulen. Sjølv om Ullmann var tydeleg kristen og haldt sine verdiar heile livet, vart han likevel stempla som motstandar av kristendomen på grunn av sin kristologi og dogme. Han fekk mykje motstand, og mange meinte at han ikkje eigna seg til å oppdra ungdom. Dette resulterte i at skulen ikkje fekk økonomisk støtte frå amtstyret i 1887. Han starta likevel lærarutdanning

²⁵¹ Walstad, 2006: 224f.

²⁵² Walstad, 2006: 224f.

²⁵³ Berge, 1975: 151. Berge henta dette frå *Fedraheimen* 06.01.1883, nr. 1: 3.

²⁵⁴ Walstad, 2006: 226.

²⁵⁵ Rui, Odd Vidar (2005) Kongedømme eller republikk? Viggo Ullmann og 1905. I I. Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905*. Porsgrunn: Wera AS: 102.

²⁵⁶ Her og i det følgjande: Rui, 1999: 123.

²⁵⁷ Det var likevel nokre år skulen fekk svært få elevar.

²⁵⁸ Høiland, 2018: 33.

ved folkehøgskulen.²⁵⁹ Elevtala gjekk svært opp og ned, og sjølv om Ullmann og folkehøgskulen møtte mykje motstand i periodar, var det alltid elevar på skulen hans.²⁶⁰

Kven var så elevane på Telemark Folkehøgskule? Det var både gutter og jenter der, og dei kom frå områda rundt skulen, altså Øvre Bratsberg.²⁶¹ Mellom 1889 og 1900 var 20 det minste talet på elevar, men det var unntaksvis. Talet på elevane var alt mellom ca. 20 og 80.²⁶² Det var til saman 1080 elevar på 23 år, i tillegg til dei åra det ikkje finst kjelder for. Det vart dessutan også halde ein mengde opne kurs og seminar der alle var velkomne, så det var mange i bygdene rundt som kunne få ny kunnskap og inspirasjon.²⁶³

Ullmann hadde god kontakt med bygdefolket. Det møtte blant anna omtrent 400 menneske opp på opningsmøtet av folkehøgskulen, og Seljord vart ein samlingsstad og eit kultursentrum den tid Ullmann var der. Det vart sagt at folkehøgskulen hadde mykje å seie for folkeliv og samfunnsutvikling for store delar av Øvre Bratsberg.²⁶⁴ Som «glimrende folketaler»,²⁶⁵ reiste Ullmann rundt både i amtet og andre delar av landet og heldt talar og foredrag.²⁶⁶ Det vart sagt om Ullmann i bygdene at «me he reint huglagt han sume. Han er rett god til aa tala, og han tykkjest bli betre alt fort, til meir me høyrer paa han.»²⁶⁷ Men det var som sagt også ein del som ikkje like Ullmann.

Me kan tenkje oss at bøndene i Øvre Bratsberg hadde ein politisk kultur som var i tråd med den politiske praksisen Ullmann førde, gjennom å samlast til folkemøte og få kunnskap. Frå 1882 vart han meir aktiv politisk,²⁶⁸ og iveren hans for opplysning, frilynt og fedreland tvinga han til å gå ut over skulen. Han meinte at politikk måtte kome framfor skuleverksemd.

Ullmann vart allereie i 1880-åra ein viktig politisk person i Bratsberg, og drog på politiske turnear rundt om i heile landet.²⁶⁹ Rett ved årskiftet 1879-80 reiste han og kollegaen Oddmund Vik rundt i Øvre Bratsberg og heldt foredrag som samla fulle hus. Folk møtte fram,

²⁵⁹ Walstad, 2006: 220.

²⁶⁰ Det var likevel nokre år skulen fekk svært få elevar.

²⁶¹ Walstad, 2006: 222.

²⁶² Det største talet som Rui har sett var 79 gutter og jenter det fyrste året, 1880. Elles låg talet oftast på 30-40 stk. Tala til Rui er henta frå fleire kjelder, som brev frå Ullmann og avisartiklar. Sidan skulen var privat, var det ikkje like strenge krav på rapportar om skuleverksemda. Rui, 1999: 93ff.

²⁶³ Rui, 1999: 96f.

²⁶⁴ Walstad, 2006: 217.

²⁶⁵ Walstad, 2006: 198.

²⁶⁶ Olsnes, Aanund (2015) Frå bondevener til republikanarar. I N. I. Agøy et. at. (Red.) *Telemarks Historie 2. 1814-1905*. (2. opplag) Bergen: Fagbokforlaget: 226.

²⁶⁷ *Fraa Vinje*, Fedraheimen 06.01.1883.

²⁶⁸ Walstad, 2006: 224f.

²⁶⁹ Rui, 2005: 103.

og Rui meiner dette var «byrjinga på folkemøtenes tid».²⁷⁰ Ullmann stod som sagt for venstrepolitikk, og han ønskja å kome bort frå «klassetanken».²⁷¹ På opningsmøtet for Telemark Folkehøgskule 4. januar 1880 vart det halde foredrag om «Folkehøiskolens Betydning, ikke minst for Venstrepolitikken».²⁷² Etter kvart vart han meir og meir liberal for mange, og han stilte seg sterkt kritisk til både kristendommen og eigedomsrett. Det vart skrive at Ullmann både vart dyrka nærest som ein gud, og hata. Dette var også ein viktig årsak til kløyvinga av både folkehøgskulen og Venstre.²⁷³

Det var også andre lærarar på folkehøgskulen som var viktige for bygdene i Øvre Bratsberg. Mange hadde vore leiatar for andre foreiningar og aktive i målrørsla. I tillegg heldt fleire foredrag.²⁷⁴ Halvor Sondbø var lærar for landbruksavdelinga og var gardsstyrar på folkehøgskulegarden. Han inspirerte mange bønder i området med det moderne landbruket med meir moderne maskinar og driftsmåtar. Det var fleire av lærarane som var aktive i avisar eller blad både før, etter og under opphaldet i Seljord.²⁷⁵ Felles for alle var at dei hadde interesse for folkeopplysning, og fleire hadde gått på folkehøgskule tidlegare, og byrja eigne folkehøgskular etter opphaldet i Seljord. Dei var aktive i organisasjonslivet, og stifta lag og foreiningar, og som Rui skriv, gjekk dei «inn i rekkene av «folkelege intellektuelle», som bar fram det som gjerne har vore kalla den frilynte motkulturen i Norge». Det var også mange som gjekk inn i politikken, og gjorde det bra både lokalt og nasjonalt.²⁷⁶

I 1902 slutta Viggo Ullman som leiar for Folkehøgskulen, og Jakob Naadland tok over. Han heldt fram med å halde folkemøte og opne seminar, noko me kan lese i Varden i 1905.²⁷⁷ Jakob Naadland underviste på Seljord Folkehøgskule i 1894-1901 før han vart ny styrar. Han var svært aktiv hausten 1905, og agiterte sterkt for republikk. Han heldt tale på fleire folkemøte, blant anna i Seljord 5. november,²⁷⁸ i tillegg til dei mange ungdomsmøta han var på, både lokale og krinsstemne til Telefylkets Ungdomslag. Naadland var godt lika i bygda, og ein frå ungdomslaget skreiv dette om han i Varden:

²⁷⁰ Rui, 1999: 91.

²⁷¹ Rui, 2005: 103.

²⁷² Rui, 1999: 92.

²⁷³ Olsnes, 1980: 79ff.

²⁷⁴ Me kan lese om læraren Nils Botn, som også var leiar for Telefylkets Ungdomslag, halde foredrag hausten 1905. Varden, 03.08.1905: 2.

²⁷⁵ Rui, 1999: 102-105.

²⁷⁶ Rui, 1999: 106ff. Varden, 03.08.1905: 2.

²⁷⁷ Varden, 09.11.1905: 2.

²⁷⁸ Varden, 06.11.1905: 2.

Naadland er ei kjempe i ungdomsflokken baade som styrar av høgskulen og som folketalar i ungdomslagi i Telefylket. Eg segier han her så mange takk. Faa kan som ham leggja saka fram for oss i klart ljos.²⁷⁹

Det var også kvinner som underviste på folkehøgskulen. Utanom Vilhelmine Ullmann, kona til Viggo Ullman, var det i løpet av desse åra til saman 9 andre kvinnelege lærarar. Dei underviste for det meste jenter, og for det meste i handarbeid.²⁸⁰

Den politiske straumen i Bratsberg i tida fram mot 1879 vart «svinga i radikal leid, og [...] folkehøgskulane greip om seg og var eit tilskuv i radikaliseringa» i følgje Olsnes.²⁸¹ Det vil vere naivt av meg å tru at elevane på folkehøgskulen ikkje tok med seg lærdomane og haldningane vidare i livet. Det er sannsynleg at haldningane til skulen og lærarane spreidde seg ut til bygdene, noko som kan visast gjennom at Ullmann var den fremste venstrekandidaten i amtet på 1880-talet. Nokre av Ullmanns kjerneverdiar kan me finne att i 1905, og me finn djupe spor av opplysningsideologien til folkehøgskulen i politikken som prega amtet.

Rui skriv at folkehøgskulen og Ullmanns folkeopplysningsprosjekt var «eit moderne danningsprosjekt». Med moderne meiner han «ein prosess der noko «nytt» erstattar noko som er «gamalt». Dette kan også gå på haldningar til denne prosessen. Han skil mellom 5 ulike aspekt av modernisering: 1) Økonomi og teknikk, 2) Sosial mobilitet, 3) Kultur, 4) Politisk demokratisering og 5) Nasjonsbygging.²⁸² Viss me ser nærmere korleis folkehøgskulen oppfylte desse aspekta, var Telemark Folkehøgskule i Seljord eit førebilete på bruk av ny teknologi og forbetra arbeidsmetodar gjennom praktisk arbeid, og gjennom faga på skulen fekk elevane kunnskap i næringsutvikling, teknisk, økonomisk og politisk modernisering. Sosial mobilitet skjedde ved at dei sosiale posisjonane endra seg for individ eller grupper av individ, gjennom at mange av elevane på folkehøgskulen var frå bonestanden, og fekk no høve til å utdanne seg vidare, til dømes som lærarar, leiarar i organisasjonar og lag, og dei tok del i politikken. Den kulturelle moderniseringa fekk folkehøgskulen påverke gjennom arbeidet og undervisninga i språk, som er ein viktig kulturell identitet. Den folkelege offentlegheita vart styrka, og saman med nye aviser i amtet vart bøndene meir aktive i samfunnsutviklinga. Folkehøgskulen styrkte dette med å undervise i norsk, og praktiserte og fremma landsmål.

²⁷⁹ Varden, 20.10.1905: 2.

²⁸⁰ Med nokre unntak. Rui, 1999: 107.

²⁸¹ Olsnes, 1978: 7.

²⁸² Rui, 1999: 202.

Me kan ikkje nekte for at folkehøgskulen vart eit sentrum for politisk utvikling, der mellom andre kvinner fekk vere meir aktive, og Ullmanns politiske aktivitet spegla seg i skulen.²⁸³ Og som nasjonsbyggjar er det som eg har skrive tidlegare, at Ullmann foreina kulturell og territorial nasjonalisme, og gjennom folkeopplysning i skulen og på bygdene rundt, bidrog han til at dette kunne skje.²⁸⁴

Folkehøgskulerørsla gav rom for kritisk tenking, både om samfunnet og andre ting. Eg meiner denne kritiske tenkinga, saman med opplysning, kunnskap og diskusjons-kultur, er viktig for å forstå veksten av republikanismen.

4.6. Frilynte ungdomslag

Det vert på 1890-talet skipa fleire ungdomslag i Øvre Bratsberg, og behovet for opplysning, samtalar og samlingar for frilynte vart, som folkehøgskulerørsla hadde vist, stor, og ungdomslaga var eit resultat av dette behovet. Mange av laga var bygd på målsaka, folkehøgskulerørsla og det Berge kallar for «unionsfrigjerings»-politikk som herja på 1880-talet.²⁸⁵

Det synte seg klaart, at det ikkje var turvelaust aa faa eit frisinna ungdomslag, daa folk hadde trong til aa koma saman og høyra paa kvarandre og um maugleg aa faa tak i noko som kunna have noka verd framfor det mest daglegdagse.²⁸⁶

I Øvre Bratsberg var det i 1896 21 ungdomslag. Dei frilynte ungdomslaga arbeidde mellom anna for målsak, bondekultur, norsk nasjonalisme og fråhaldssak. Ungdomslaga ville ikkje høyre til ei politisk retning,²⁸⁷ men vart ein representant for motkultur.

Då Ungdomslaget Heimdal vart skipa i Vinje i 1895, fekk det straks over 200 medlemer. Laget gav ut lagsblad og arrangerte foredrag, festar og ulik underhaldning, og hadde møte omrent kvar 14. dag utanom sommaren.²⁸⁸ I tillegg til Heimdal var det to andre ungdomslag i dagens Vinje, Breihjot som vart skipa i 1892,²⁸⁹ og Rauland Ungdomslag som truleg kom i gang i 1899²⁹⁰. I tillegg kom Veum Ungdomslag, Gauset Ungdomslag og Seljord

²⁸³ Rui, 1999: 202fff.

²⁸⁴ Walstad, 2006: 225.

²⁸⁵ Berge, 1975: 215.

²⁸⁶ «Uppskrivings- og vedtakings-bok for ungdomslaget Heimdal. 1897» Boks: LAVK 1993-001. *Ytre Vinje med Hjallarhornet + «uppskrivings- og vedtakings-bok for ungdomslaget Heimdal 1897»*. Vinjekulturhistoriske arkiv v/ Raulandakademiet. (Frå nå kalla «Heimdal») «Ei atpaasjaaing»: 8. handpaginert.

²⁸⁷ Agøy, 2015: 172.

²⁸⁸ Heimdal, 03.02.1895.

²⁸⁹ «Breigjot» Boks: VK 2003-006 (76). Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet: 27.02.1892.

²⁹⁰ Ved Vinje kulturhistorisk arkiv går dei tidlegaste medlemslistane til Rauland Ungdomslag frå 1899.

«Raulands Ungdomslags medlemmer for 1899». Boks VK 1993-005. Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandakademiet.

Ungdomslag, som me veit var aktive i 1905. Det vart også skipa kristne ungdomslag, som Samhold.²⁹¹

Ved å studere protokollane etter Heimdal, Breihjot og Rauland Ungdomslag, kan me sjå at alle tre var svært aktive på 1890-talet, men med noko mindre eller ingen aktivitet i 1905.

Rauland Ungdomslag, som var det einaste av ungdomslaga som førde årlege medlemslister, hadde i 1902 107 medlemer, men gjekk kraftig ned i 1904 til 36 medlemer. Likevel vil eg påstå at føremåla til ungdomslaga «friheit likheit og framskrift, styddja maalreisingi, spreida upplysing og daahelst faa ungdomen til aa fylgja med tidi»,²⁹² kan ha hatt stor påverknad på lokalsamfunna. Det vart halde mange foredrag om diverse tema, som til dømes norsk historie, ungdomsideal og ungdomsdraumar,²⁹³ og det er vanskeleg å tru at ingen vart påverka av desse samlingane og møta.

Dei mange lokallaga samla seg så under Telefylkets Ungdomssamlag. I 1896 vert det utarbeidd lover og retningslinjer for foreininga som blant anna sa at: «Telefylkets ungdomssamlag vil arbeida fyr ein upplyst og frilyndt ungdom, vekkja hugen til alt vent og elskar fram kjærleiken til folk og land».²⁹⁴ Her kjem det tydeleg fram at dei er frilynte, og fremma norsk kultur og til ein viss grad nasjonalisme. Telefylkets Ungdomssamlag, med base i Seljord, var også svært aktive hausten 1905. Dei hadde krinsstemne der omtrent 400 menneske møtte opp,²⁹⁵ og kunne påverka mange.

Mykje tyder på at i dei delar av landet der republikanismen stod sterkt, stod også dei frilynte ungdomslaga sterkt.²⁹⁶ I Vinje, der både Heimdal og Breihjot ungdomslag heldt til, var det over 75% som røysta «nei» til monarki.²⁹⁷ Protokollane viser ikkje noko som tyder på at ungdomslaga arbeida aktivt for republikk, men dei representerte ein motkultur, som talte både for og imot begge statsformene, og det er derfor vanskeleg å vite kva rolle ungdomslaga hadde i republikk-temaet. Ungdomslaga bidrog til å påverke den sida av politisk kultur som omhandlar folkemøte, sosialt samvære og diskusjonar, og me kan ikkje kaste frå oss tanken på at i ungdomslagsmiljøet vart også republikk diskutert og føretrekt. I Varden finn me hausten

²⁹¹ Berge, 1975: 215.

²⁹² Heimdal, 03.02.1895.

²⁹³ Heimdal, 22.05.1897.

²⁹⁴ «Vedtak fyr Telefylkets ungdomssamlag. Godkjende paa aarsstemna i Kviteseid den 4de Juli 1896.» Skien: Hasles Trykkeri.

²⁹⁵ Kredsstemna i Brunkeberg, Varden, 27.09.1905: 2.

²⁹⁶ Høiland, 2018: 3

²⁹⁷ Rovde, 2005: 32.

1905 fleire ungdomslag som sendte inn resolusjonar, som skal bli studert nærmere i kapittel 6.5. Her ser me at laga heldt med republikken.

Ungdomslaga var ikkje tause i 1905, sjølv om det ikkje nødvendigvis var så stor aktivitet. Blant anna sendte både Seljord Ungdomslag og Roan Ungdomslag frå Veum (Fyresdal) ei adresse til Stortinget.²⁹⁸ Både Roan Ungdomslag og formannen for Noreg Ungdomslag meinte, at landets forsvar skulle bergast.²⁹⁹ Nasjonalt var det 14 ungdomslag som sendte inn resolusjonar til Stortinget, eit beskjedent tal samanlikna med dei omtrent 500 laga i landet. Alle desse resolusjonane kravde at folket skulle bestemme statsforma, og nokre gav også uttrykk for protest mot Karlstad- semja, slik som Roan. Sjølv om dette er eit svakt tal, var det likevel ingen av dei cirka 500 ungdomslaga som sendte ein resolusjon om kongeval, så det verker som at ungdomslaga hadde ein viss republikansk innstilling.³⁰⁰

Sekretariatet i ungdomslaga var berre det formannen akta å gjere, og det kan i følgje Solstad verke som at styret i dei ulike laga ikkje valte å ta ein avgjersle for kva foreiningane skulle støtte. Solstad skriv at det verka som at ungdomslaga forsøkte å vere nøytrale i eit slikt usikkert spørsmål som statsform.³⁰¹ Det at dei likevel var synlege i samfunnet rundt statsformsspørsmålet kan ha inspirert dei røysteføre og forsterka den republikanske stemninga i bygdene. Dei fleste av dei tidlegare nemnde ungdomslaga heldt til i herad der det var relativt høgt republikk-resultat, og eg meiner dei har bidratt noko til at resultatet vart som det vart.

4.7. Målrørsla og norskdomsrørsla

Målsaka vart eit bindeledd mellom den politiske og den kulturelle nasjonalismen.³⁰² I tillegg til å vere eit eige straumdrag, påverka den også andre rørsler, og då særskilt folkehøgskulerørsla og eg meiner at målsaka, med sine nasjonalromantiske idear, var viktig for samtida, og viktig for nasjonsbyggingsprosjektet.³⁰³ Høiland skriv at «[m]ålsaka ble [...] bindeleddet mellom den politiske og den kulturelle nasjonalismen. Sentralt i dette arbeidet stod folkehøyskolene og den frilynte ungdomsbevegelsen».³⁰⁴ Omgrepet «mållag» vart fyrst bruka av Ivar Aasen i 1859, om eit lag i Vinje som vart danna.³⁰⁵ Målrørsla hadde som

²⁹⁸ Varden, 20.10.1905: 2. Varden, 4.10.1905: 3.

²⁹⁹ Mykland, 1951: 187.

³⁰⁰ Solstad, 1964: 213ff.

³⁰¹ Solstad, 1964: 214.

³⁰² Høiland, 2018: 33.

³⁰³ Olsnes, 1980: 67. I Øvre Bratsberg var det dei same menn som kjempa for målsaka og folkehøgskulen.

³⁰⁴ Høiland, 2018: 33

³⁰⁵ Nærøvik, 1979: 101.

«visjon å vekkje den norske bonden opp or svalen, til medvit om sin eigen kultur og sitt eige mål». ³⁰⁶

Som hjelp til å forstå mangfaldet av målrørsla og norskdomsrørsla, som for så vidt går hand i hand, viser eg til Odd Vidar Rui sin studie av medlemstala til norskdomsrørslas største organisasjon, Det Norske Samlaget. Han undersøkte om det var nokon samanheng mellom Telemark Folkehøgskule og tilslutninga til målsaka.³⁰⁷ Han såg på medlemstala på slutten av 1870- til midten av 1880-åra, og fann ut at omrent 10 % av medlemene var frå Bratsberg. Med eit folketal på 4,6 % av landets befolkning, er 10 % mykje. Med å gå nærmare inn på detaljane i medlemstala, fann han ut at det var fleire medlemer frå Øvre Bratsberg enn frå Nedre. Rui har også sett på aktiviteten i målbladet Fedraheimen, der telemarkingane var overrepresenterte.³⁰⁸

Ser me på forholda mellom medlemer og innbyggjartal i dei ulike kommunane, var «Seljord [...] eit sentrum for målrørsla i Bratsberg målt i medlemstal». Det var ein nedgang i talet på medlemer frå fleire av bygdene i Øvre Bratsberg på 1880-talet, men i Seljord heldt det seg stabilt. Det er lett å trekke konklusjonar om at folkehøgskulen kan ha vore påverknadskrafta til dette, noko me likevel bør vere forsiktige med å gjere. Seljord hadde truleg norskdomsmiljøet før folkehøgskulen kom. Det ser ut til at det er dei same personane som tok initiativ til å få folkehøgskulen til bygda, som var aktive i målrørsla, og lærarane på folkehøgskulen var også medlemer i Det norske Samlaget. Sjølv om det fanst målfolk som ikkje var aktive i folkehøgskulen, var tendensen deltaking i begge rørlene.³⁰⁹

For å trekke parallelar og samanlikne, kan me ta føre oss Vinje, der det fyrst var nedgang i medlemer i 1879, og ein auke att i 1883. Truleg er det ein samanheng med at Viggo Ullmann hadde folkehøgskulekurs der i 1882, noko som kan ha påverka folk til å melde seg inn. Dette ser ein også ein tendens til i andre bygder. Landsmålet og folkehøgskulen hadde eit nært samband, der folkehøgskulane praktiserte landsmål i undervisninga og hadde det som eit eige hovudfag. Vinje er derfor eit døme på at folkehøgskulen *påverka* målrørsla. Målrørsla jobba for å få praktisert landsmål på skulane.³¹⁰

³⁰⁶ Nærbøvik, 1979: 102.

³⁰⁷ Lokallaga i Bratsberg førde ikkje noko medlemslister før etter 1900, og derfor brukte Rui medlemslistene til Det Norske Samlaget for å få ein viss oversikt over kor mange i Bratsberg som støtta målsaka.

³⁰⁸ Rui, 1999: 66f.

³⁰⁹ Rui, 1999: 68ff.

³¹⁰ Rui, 1999: 70.

Noko som var viktig for målsaka var det *nasjonale* og det *folkelege*, noko som førde til ein opposisjon mot eliten som var på topp i det politiske systemet.³¹¹ Det nasjonale og folkelege hadde vore viktig for nordmenn, spesielt norske bønder og omgangsskulelærarar, sidan fyrste halvdel av 1800-talet.³¹² Målsaka vart så bruka til å fremme det norske, både kulturelt og politisk, også i kampen for republikk, og andre rørsler brukte så målsaka til det same.³¹³

Rovde held fram norskdomsrørsla som ein mogleg faktor for den sterke republikanske tilslutninga. Norskdomsrørsla kvilte organisatorisk på målrørsla, den frilynte ungdomsrørsla, Venstre og venstrekulturen, og var nok sterkt påverka av folkehøgskulerørsla som hadde spreidd seg dei siste 20-30 åra. Norskdomsrørsla skilde mellom den «heimelege og nasjonale bondekulturen» og «den framande, importerte og «unasjonale» embetsmannskulturen», etter eit godt døme på avstanden mellom bønder og embetsmenn, slik bønder oppfatta det. I følgje målrørsla var bøndene dei som representerte heimen og det norske, mens embetsmennene representerte ein unajonal kultur som fremma handel og kommunikasjon med utlandet. At dei skil mellom desse kulturane, skaper ein automatisk kulturell avstand mellom dei.

I striden om republikk har målrørsla ein tvitydig rolle. På den eine sida kan me sjå ein klår samanheng mellom der målrørsla stod sterkt, og der det vart stemt for republikk. Målrørsla meinte at viss Noreg skulle ha monarki, måtte det verte eit nasjonalt monarki med ein nordmann på trona. Men det ville ikkje skje, og derfor var det betre med republikk. Å ha ein konge som ikkje snakka norsk, var problematisk for målrørsla.³¹⁴ Ein konge frå eit anna land ville truleg svekke nasjonalkjensla til det norske folket, og denne kjensla ville vere svært viktig for å byggje det nye, sjølvstendige Noreg. Brukar me folkerøystinga 12. og 13. november som målestokk på republikanismen, er Seljord, der målrørsla var sterkest i Øvre Bratsberg, berre på 7. plass som mest republikansk i Øvre Bratsberg. Hadde målrørsla hatt mykje å seie for republikanismen, burde det vel ha vore fleire republikanarar i Seljord? Målrørsla kunne både styrka og svekka den republikanske haldninga, og i Bratsberg verker det som at rørsla prøvde å styrke den, jamfør Varden. Rovde såg at områda som tidleg

³¹¹ Mjeldheim 1984: 387f.

³¹² Mjeldheim 1984: 388. Med det nasjonale og folkelege meinest her norsk nasjonalitet og «folklig *skole*, en folklig *kirke* og en folklig *litteratur*». Sjølv om internasjonal handel ikkje var negativt for landet i seg sjølv, kunne oppfattast negativt for bønder og små næringsdrivande som fekk ein stor konkurranse frå utlandet. *Norge for nordmænderne*, Varden, 27.07.1905: 1.

³¹³ Mjeldheim 1984: 395.

³¹⁴ Rovde, 2005: 36.

innførte landsmål og brukte landsmålet aktivt, også hadde mange republikanarar. På same måte var det låg republikk-tilslutning dei stadene landsmålet ikkje stod sterkt.³¹⁵

Det er fleire innlegg frå ungdomsmållaget i Varden hausten 1905. Dei sendte blant anna eit innlegg utgitt 29. september. Dei ønskja republikk, og viste til sparetanken, der kongehuset ville koste mykje meir enn ein president. Dei skreiv også om at Noreg praktisk talt hadde vore ein republikk sidan 7. juni. Til slutt spurde dei kvifor andre stormakter ikkje ville godkjenne republikken Noreg som stat, når Sverige allereie hadde anerkjent Noregs sjølvstende. Noreg hadde allereie ofra grensefestningane for å få godkjenning som stat,³¹⁶ så dei kunne ikkje ofre tanken republikken også, meinte dei.³¹⁷

4.8. Konklusjon

Gjennom 1800-talet førde nye straumdrag til fleire foreiningar i bygdene, men det var berre dei som hadde ein kultur eller politikk som allereie var gjeldande i området, som fekk noko å seie for Øvre Bratsberg. Den kristne lekmannstradisjonen brukte tid på å etablere seg i Øvre Bratsberg, men også då ser me at bøndene ikkje braut med det gamle, men heller tok det nye med i dei gamle tradisjonane. Me har drøfta betydninga av bondevenrørsla, der me også har studert Hvideseid bondeforeining, og sett korleis sparsemd og arbeidet med å fremme bøndene til stortinget var ei viktig sak for bøndene i Øvre Bratsberg. Folkehøgskulerørsla og folkehøgskulen i Seljord med Viggo Ullmann i spissen, var ein stor påverknadsaktør i futedømet, og mange fekk påverknad frå folkehøgskulen direkte gjennom dei mange folkemøta og seminara som vart halde i heile Øvre Bratsberg. Vidare har me gått inn på dei frilynte ungdomslaga, fråhalds- og målrørsla, der alle påverka kvarandre og samfunna rundt seg.

Alle desse straumdraga var med på å påverke den politiske kulturen ved å arbeide for sparepolitikk, opplysning, norskdom, målsak og fråhald. Dei forsterka og utvikla tankar og ideologiar som allereie var etablerte, men som folk ikkje tidlegare hadde foreina seg under. Desse rørslene førte også til større politisk engasjement. Alle rørslene fremma ein politikk som me seinare kan finne som republikanske haldningar.

³¹⁵ Rovde, 2005: 36. I Seljord var det 58 % av røysteføre som røysta, og 66,3 % av dei sa «nei». Heiberg, St.mdd. nr. 5, 1905-1906: 8.

³¹⁶ Sjå kapittel 6.

³¹⁷ Varden, 29.09.1905: 2.

5. Betydinga av politiske parti i Øvre Bratsberg

5.1. Innleiing

Venstre var det største partiet i Øvre Bratsberg, som eg har vist i kapittel 2.3. Men Høire fekk likevel ved nokre val ein stor del av røystene. Me ser ein samanheng mellom sterke Venstreområder, og der det var flest «nei»-fleirtal ved folkerøystinga november 1905, og eg meiner det derfor er viktig å sjå om Venstre verkeleg hadde så stor innverknad i Øvre Bratsberg som ein lett kan tru. Kva posisjon hadde Høire? Kvar stod dei ulike partia i statsformdebatten? Kvifor vert Venstre det største partiet i Øvre Bratsberg?

Arbeidarpartiet vart etablert i Bratsberg i 1905, og i Øvre Bratsberg var det berre arbeidarforeining i Fyresdal (Fyresdal arbeiderforening og Veum arbeiderforening).³¹⁸ Moderate som vart danna i 1888 slo seg som regel saman med Høire i Øvre Bratsberg, noko Centrum også gjorde. Derfor vel eg å fokusere på partia Venstre og Høire i dette kapittelet, for det var dei som tilsaman fekk nesten alle røystene i Øvre Bratsberg. Det vil då vere dei som påverka den politiske kulturen mest, i tillegg til at dei var aktive i statsformdebatten i 1905.

Som me såg i kapittel 2.3. var det på 1890-talet lågare oppslutning om Venstre enn det hadde vore tidlegare, medan Høire voks. Me ser så at røysteprosenten til Venstre voks ved vala i 1900 og 1903, og fekk såleis ei «ny byrjing» mange stader. Sidan Venstre var det største og viktigaste partiet i Øvre Bratsberg til og med i 1905, påverka foreiningane den politiske kulturen i bygdene. Mange venstrefolk og lag slost for republikanismen før folkerøystinga, og fekk ein real kamp mot Høire, og då spesielt Høireavisene, som støtta monarki.

Det finnes ikkje noko bevarte Høireprotokollarar frå Øvre Bratsberg, og det er heller ikkje gjort noko særleg forsking på Høire i Bratsberg. Derfor vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre ei samanlikning mellom Høire og Venstre i Øvre Bratsberg. Det eg kjem til å gjere er å trekke inn nasjonale Høire i dette kapittelet som hovudsakeleg kjem til å ta føre seg utviklinga av Venstre i Øvre Bratsberg, for å få fram at det var ein konkurranse mellom desse partia også der, og vise til at Høire ved nokre val fekk eit relativt stort veljargrunnlag.

³¹⁸ Andersen, A. S. et. at. (Red.) (1999) *Glimt fra arbeiderbevegelsens historie i Telemark. LO 100 år 1899-1999*. Skien: Oluf Rasmussen AS.: 145ff.

5.2. Veksten av Venstre og Høire på nasjonalt nivå

For å forstå kampen mellom Høire og Venstre vil eg kort trekke fram utviklinga av begge partia på nasjonalt nivå. Omgrepet venstre vart bruka allereie på 1870-talet, for å skildre stortingsopposisjonen mot embetsmannsregjering og embetsstanden, som fekk omgrepet høire.³¹⁹ Både Høire og Venstre vart danna i 1884, men på mange måtar byrja partiutviklinga allereie i 1880.³²⁰

Venstrerørsla gjekk over til partidanning, og vart derfor ei rørsle som fekk bli, i motsetning til nokre andre rørsler som kom og gjekk på kort tid. Årsaka kan delvis vere fordi venstrerørsla tok opp i seg mykje av det dei andre rørlene engasjerte seg i, og fordi dei heldt oppe kampen mot Høire, og kampen om røystene. Venstre var ein samlingsstad for bondevenrørsla og folkehøgskulerørsla som vart bundne saman av samtalelaga og folkemøta, og me ser mange av dei same personane som engasjerte seg i alle desse rørlene.³²¹ Olsnes trekkjer fram fire «trådar» som partiet Venstre var bygd på: 1) bondevenrørsla til Søren Jaabæk, 2) den radikale «byliberalismen» til Johan Sverdrup, 3) den grundtvigianske folkehøgskulerørsla, og 4) den kristelege lekmannstradisjonen.³²² I både folkehøgskulemiljøet og blant bondevenene vart det ut på 1870-talet stor semje om at den Sverdrup-Jaabækske politikken var den beste. Innhaldet her var sparsemd, sjølvstyre og opplysning.³²³

Frå bondevenrørsla henta Venstre politikken om sparsemd i statshushaldninga og bondens posisjon i samfunnet. Venstre henta skulepolitikken sin frå både bondevenrørsla og folkehøgskulerørsla, der begge stod for utvikling og forbetring i utdanningssystemet. Men også frå andre foreiningar adopterte partiet delar av politikken sin, spesielt norskdoms- og fråhaldsrørsla. Leiv Mjeldheim skriv at «sambandet mellom folkeopplysarar og bondevener fekk eit naturleg framhald i den politiske venstrerørsla». Både folkehøgskular og delvis lærarseminar vart «ideologiprodusentar» for rørla og var med på å inspirere og påverke ungdomen og leiarar rundt om i landet. Mange foreiningar vart skipa etter den grundtvigianske opplysningsideologien, som fremma samtale og diskusjon. Desse foreiningane tok ofte opp politiske spørsmål og vart seinare viktige og sentrale i oppbygginga av Venstre.³²⁴

³¹⁹ Try, 1979: 506.

³²⁰ Seip, 1987: 49.

³²¹ Nærøvik, 1979: 119, 121.

³²² Olsnes, 1978: 1.

³²³ Olsnes, 1978: 7f.

³²⁴ Mjeldheim, 1984: 53f.

Høire var opphaveleg danna som ein motpart til Venstre, som vern og forsvarar av embetsmannsstaten og embetsmannsstanden. Det tok ikkje lang tid før partiet vart eit parti for små og mellomstore næringsdrivande, som også prega partiets økonomiske standpunkt, og debatten om tollvern eller økonomisk liberalisme.³²⁵ Høire, som motpart til liberale Venstre, vart opphaveleg det konservative partiet, i den form at det ville halde på den økonomiske liberalismen og fri handel som embetsmennene hadde innført, i tillegg til at dei ønskte å halde fram med embetsmannsstyre.³²⁶

Medan Venstre vart stort i landet allereie ved skipinga, fekk Høire sin opptur først i 1888. Frå 1884 til 1905 hadde Høire vore i regjering ei gong. I 1888 vart Venstre delt mellom reine Venstre og Moderate, og ved val vart Moderate og Høire ofte slått saman, og Venstre opplevde då ein liten nedtur. Venstre hadde ved vala i 1882 og 85 omtrent 60% av røystene, men røystene gjekk jamt ned. Splittinga av Venstre fekk store følgjer for Venstre i Øvre Bratsberg. Andre årsaker til tilbakegangen i Venstre kan også vere folkehøgskulestriden som føregjekk samtidig, og som vart bygd på Venstrestriden, der særskilt Viggo Ullmann, som også var ein viktig venstremann, var i konflikt med mange (sjå kapittel 4.5.).³²⁷ Likevel klarer ikkje Høire å få fleirtal på Stortinget før etter 1905, og sjølv om Venstre stagnerte, nådde ikkje Høire Venstre sitt veljarnivå.³²⁸ Høire fekk likevel ein liten topp, som nesten nådde Venstre ved valmannsvalet i 1894, og Kaartvedt forklarar dette dels med den negative utviklinga i Venstre og dels med den enorme veljarmobiliseringa og organisasjonsoffensiven til Høire.³²⁹

Den som hadde bøndene, hadde makta i landet, skreiv Jens Arup Seip,³³⁰ og forklårar fleirtalet til Venstre med to faktorar; bøndene var den største veljargruppa, og partiet klarte å fremme ein politikk som engasjerte nettopp bøndene.³³¹ Nedgangen til Venstre skuldast mykje at bøndene gjekk over til Høire eller andre parti som Moderate eller Centrum.³³²

³²⁵ Seip, 1987: 21.

³²⁶ Seip, 1987: 80.

³²⁷ Olsnes, 1880: 77-81.

³²⁸ Seip, 1987: 50.

³²⁹ Kaartvedt, 1984: 387. Med den negative utviklinga i Venstre meiner Kaartveidt at breie veljargrupper i både by- og bondesamfunnet reagerte mot det radikale venstreprogrammet av 1891. Valprogrammet, som eg også har drøfta noko i kapittel 5.5., fremma ålmenn røysterett, direkte skatt og ein «utfordrende norsk-nasjonal unionspolitikk» med fare for krig med Sverige.

³³⁰ Seip, 1987: 67.

³³¹ Seip, J. A. (1981) *Utsikt over Norges historie. Annen del.* Oslo/Gjøvik: Gyldendal Fakkelbøker.: 142.

³³² Seip, 1987: 67.

5.3. Kven var Venstreveljarane og Høireveljarane?

Mens Venstre kjempa for å få fleire bønder på Stortinget, kjempa Høire for å få fleire frå næringslivet inn på Stortinget.³³³ Etter innføringa av ålmenn røysterett for menn kjempa Venstre med å få arbeidarar til å koma til dei, noko Høire også gjorde. Ved å streve med å vere eit «folkeparti», der ikkje berre embetsmenn og næringsdrivande skulle kjenne tilhøyrsla, prøvde Høire å få røystene til arbeidarane også.³³⁴

Høire hadde sitt «hovudsete» rundt Kristiania og langs austkysten av landet, mens Venstre var for distrikta, når ein ser kven Stortingsmennene var. Sidan Høire «erobra» småborgarskapet og næringsdrivande, «erobra» dei også småbyane langs kysten av Sør-Noreg. Saman med Moderate fekk dei også dei pietistiske lekmennene og lågkyrkjelege til sitt parti, som også heldt til langs kysten og i dei mindre byane.³³⁵ Venstre var framleis eit parti for bønder og lærarar, og nokre stader i Øvre Bratsberg vart Venstre omtalt for lensmannsparti og Høire som presteparti,³³⁶ noko som signaliserte kva veljargruppe desse to partia hadde.

Fordelinga av bønder og embetsmenn i desse partia er enda eit teikn på den sosio-kulturelle konfliktstrukturen, der desse to samfunnsgruppene delte seg, og heldt konfliktnivået oppe gjennom valkamp og politiske debattar. Men likevel fantes det embetsmenn som røysta Venstre og bønder som røysta Høire, så det er viktig å vere klar over at denne fordelinga ikkje var gjennomgåande, men meir eit karakteristisk trekk.

5.4. Venstre i Bratsberg, kløyvinga og kampen mot Høire

I 1888 delte som sagt Venstre seg i reine Venstre og Moderate, men dette byrja allereie før valet i 1885, og i Bratsberg var kløyvinga av Venstre allereie då ein realitet. I Øvre Bratsberg opplevde reine Venstre at nær halvparten av veljarane gjekk over til Moderate, likevel klarte dei å få fleirtal ved valmannsval i 1888.³³⁷ Fleire stader i Bratsberg slo dei Moderate seg saman med Høire ved valmannsval, eller høiremenn røysta på Moderate sine valmenn.³³⁸ Det fantes likevel nokre unntak. I Kviteseid stilte dei Moderate eigne vallister i 1885, og nokre stader i Bratsberg samarbeida Venstre og Moderate om vallistene.³³⁹ Av dei tradisjonelle

³³³ Seip, 1987: 61.

³³⁴ Seip, 1987: 65ff.

³³⁵ Seip, 1987: 67.

³³⁶ Agøy, 2015: 183. Berge, 1975: 152.

³³⁷ Olsnes, 1980: 83.

³³⁸ Olsnes, 1980: 77.

³³⁹ Olsnes, 1978: 104f.

Venstreamta fekk Bratsberg lågast reduksjon av røystetala, og Bratsberg skil seg derfor ut her, ved å framleis vere eit sterkt Venstreamt gjennom heile kløyvingsperioden og tida etter.³⁴⁰

Olsnes har undersøkt kvifor kløyvinga av Venstre ikkje fekk så store konsekvensar i Øvre Bratsberg som resten av landet, og stiller samtidig spørsmålet kvifor det stadig vart valt dei mest radikale venstremenn frå Bratsberg til Stortinget. Det han så kjem fram til er berre nokre forslag, og då er det *frikarsidealet* han trekkjer fram, eit ideal basert på «gjeve ord og svoren eid, sin vyrdnad for det bratte og kompromisslause og sin tilsvarende vanvyrdnad for alt som smaka av taktikkeri og krokvedar», som attende var eit resultat av ein kultur som vart utvikla av sjølveigarsamfunnet frå 1600-talet. Med dette meiner han at sjølv om dei radikale venstretingmennene ofte kom i strid med veljarane i enkelte saker, vart talekunsten og styrkane deira beundra, i tillegg til at dei var Venstres «beste» menn.³⁴¹ Venstropolitikken var allereie godt etablert i Øvre Bratsberg, og var bygd opp av tankar og idear som allereie hadde rotfeste i området.

I Bratsberg hadde Venstre som mål å skipe lokallag i alle valsokn i landet, noko dei fekk til.³⁴² I 1896 var det 23 Venstrelag i Bratsberg, fordelt over 20 valsokn.³⁴³ Ut på 1890-talet vart det meir og meir viktig å halde lokallaga aktive, for Høire hadde byrja si aktive foreiningstid og vart raskt eit trugsmål for venstrelaga.³⁴⁴

Regine Wærstad hevdar at det midt på 1890-talet var kring 50-70 % av veljargrunnlaget i Bratsberg som var organiserte i Venstrelag når ho set medlemstala opp mot kor mange røyster Venstre fekk i dei ulike sokna der det fanst venstreforeiningar. Her varierte det sjølvsagt frå bygd til bygd.³⁴⁵ I Nissedal var det i 1894 133 røysteføre,³⁴⁶ og Treungen Venstreforeining hadde 64 medlemmar.³⁴⁷ Det var to foreiningar i Nissedal, og med tanke på at Venstre fekk 72,5 % av røystene ved valet før, i 1891, viser eg at Wærstad hadde rett i dette når det gjeld Nissedal. Men ser me på Kviteseid, var dette ikkje tilfelle. Venstreforeininga var ikkje aktive

³⁴⁰ Olsnes 1980: 84.

³⁴¹ Olsnes, 1980: 84f.

³⁴² Olsnes, 1978: 157.

³⁴³ Wærstad, R (1982) *Venstre i Bratsberg Am 1891-1897*. (hovudoppgåve) Universitetet i Oslo: 49. I Nissedal var det to venstreforeiningar, Treungen Venstreforening og Nissedal Venstreforening. «Fohandlingsprotokol for Treungens venstreforening», ligg i avdeling for private arkiv på Nissedal kommunehus, ukjent opphav: 04.09.1891.

³⁴⁴ Mjeldheim 1984: 251.

³⁴⁵ Wærstad, 1982: 61f.

³⁴⁶ Det Statistiske Centralbureau (1896) *Norges officielle statistik. Tredie Rakke No. 245. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Storhingsvalgene 1894*. H. Aschehoug & Co. Kristiania. Henta frå (06.12.2018):

https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_245.pdf: 16.

³⁴⁷ Treungen fp. «Medlemmernes navn».

på 1890-tallet, og ved valet i 1891 fekk Venstre 44,4 % av røystene.³⁴⁸ Vidare hevdar Wærstad at det ikkje kunne vere færre enn 80% av Bratsbergs innbyggjarar som høyarde til Venstre på 1880-talet. Men trass i det høge medlemstalet, var det fleire lokallag som var passive utanom valåra.³⁴⁹ Ser me på valresultata for 1880- og 90-talet fekk Venstre aldri i gjennomsnitt over 60 % av røystene i Øvre Bratsberg, når me skil Venstre og Moderate (sjå vedlegg 3 for oversikt over gjennomsnittet av valresultata i Øvre Bratsberg på 1880- 90-talet).³⁵⁰

Det var varierande grad av oppmøte i lokallaga i Øvre Bratsberg. På grunn av at det er bevart berre to forhandlingsprotokollar frå Øvre Bratsberg, kan ein ikkje vite akkurat kor aktive desse laga var. Aanund Olsnes har gjort ein systematisk gjennomgang i alle Bratsberg-avisene frå 1884 til 1890 og registrert aktiviteten til alle venstrelag i Bratsberg, men som han sjølv skriv, så er det truleg at venstrelaga var meir aktive enn det som kjem fram i avisene, utan at det vert omtala.³⁵¹ Vedlegg 4 viser ein tabell over aktiviteten til lokallaga. Det var ein tydeleg tilbakegang med aktiviteten i venstreforeiningar frå 1885 til 1886. Sjølv om det vart ei fornying av venstrelaga i 1887, vert aldri nivået frå 1884-85 nådd seinare.

Venstreforeiningane gjekk altså tilbake, og frå 1890 var aktiviteten halvert. Ved å studere Høires valgeografi kan me sjå at på 1890-talet auka Høirerøystene i Øvre Bratsberg drastisk, og i 1894 var det berre i Rauland Høire fekk under 5 % av røystene, mens i Tinn fekk Høire mellom 22 og 30 % av røystene.³⁵² Elles røysta resten av Øvre Bratsberg i gjennomsnitt 41,5 % på Høire.³⁵³ Så i takt med Venstrelagas nedgang, auka Høirerøystene.

I Øvre Bratsberg har Venstre vorte omtala som radikalt, både i samtida og seinare.³⁵⁴ Men sjølv om politikken som vart utvikla i venstrerørsla var liberal, var den rotfesta i telemarkradikalismen, ved at den ikkje følgde den typiske utviklinga i samfunnet, men ville styrke det gamle bondesamfunnet. Det var den store oppslutninga til Venstre som førte til at også Bratsberg har vorte kalla for eit radikalt fylke.³⁵⁵ I denne telemarkradikalismen fantes det ikkje rom for Høire med det same, men me ser endringar i bondesamfunnet, og også endringar i folks behov, kven som kunne røyste, og kva interesser som var viktigast. Kva betydning

³⁴⁸ Wærstad, 1982: 162.

³⁴⁹ Wærstad, 1982: 61f.

³⁵⁰ Wærstad, 1982: 162ff. Olsnes, 1978; 106, 150.

³⁵¹ Olsnes, 1978: 182.

³⁵² Sejersted, Francis (1984) *Høyres historie 4. Statistikker Tabeller*. Oslo/ Gjøvik: J. W. Cappelens Forlag A.S: 33.

³⁵³ Wærstad, 1982: 162.

³⁵⁴ Kviteseid fp: 04.11.1883. Walstad, 2006: 224f.

³⁵⁵ Wærstad, 1982: 183.

hadde så dette for den politiske kulturen? I kapittel 5.5. skal eg studere nærmere politiske interesser i Venstre. Då vil eg sjå korleis venstrepolitikken engasjerte bøndene i Øvre Bratsberg, og kombinert med dei andre rørslene som er drøfta i kapittel 4 kan me sjå korleis Venstre har påverka den politiske kulturen, og korleis den politiske kulturen har påverka Venstre i Øvre Bratsberg.

5.5. Politiske interesser i Venstre og Høire

Ved å sjå kva politiske interesser partia Høire og Venstre hadde, kan me lettare sjå kva som talte til veljarane i Øvre Bratsberg, og kvifor Venstre fekk fleire veljarar enn Høire. I mange tilfelle ville ein vere samd med begge parti, og usamd med begge parti, men når me tar med oss partias veljarar i tillegg, kan me lettare forstå kvifor Venstre vart dominerande i Øvre Bratsberg.

Høire ønskja å vere eit parti for næringsdrivande, men lukkast ikkje med å vere eit parti for handel og industri.³⁵⁶ Partiet fekk tidleg eit dilemma om dei ville støtte tollvern eller fri handel, og klarte ikkje å vere raske nok med ein slutning.³⁵⁷ Dette kan ha ført til at Venstre likevel hadde leiinga i landet, og at Høire aldri klarte å gå forbi Venstre.

Elles kan me lese frå partiprogrammet i 1891 at Høire var opptatt av «ingen yderligere Udvidelse af Stemmeretten», og ønskja derfor å behalde det innsnevra demokratiet. Dei hadde også på partiprogrammet å fremme opplysning, betre kåra for arbeidarklassa og dei fattige.³⁵⁸ Både Høire og Venstre fremma politikk som forbetra kåra til arbeidarane, gjennom forsikringar, og lettare tilgang til jord. Men her var Venstre mykje tidlegare ute enn Høire, og fekk derfor også flest veljarar frå denne samfunnsklassa i byrjinga.³⁵⁹

Venstre hadde ein ideologi om «mer «folkeleg» styre i landet, kombinert med en meir «nasjonal» politikk», noko som også prega veljargruppa.³⁶⁰ Venstre var eit parti som folk i Øvre Bratsberg kunne relatere til og kjenne tilhørysle til. Norges Venstreforening lukkast ikkje i byrjinga å ha ei samla målformulering. Dette førde til at kvart enkelt lag kunne skrive eigne lover og formål for laget, som passa best til det lokale miljøet, men som dei også meinte var viktig for landet. I Seljord fekk til dømes målsaka ein viktig plass i føremålsparagrafen.

³⁵⁶ Seip, 1987: 63.

³⁵⁷ Seip, 1987: 62.

³⁵⁸ «Høire 1891», partidokumentarkiv, henta frå: (29.04.2019) <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=100&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=aarstall:1885&fq=aarstall:1894&fq=aarstall:1897&fq=partikode:71&fq=aarstall:1888&fq=aarstall:1891>.

³⁵⁹ Seip, 1987: 91.

³⁶⁰ Mykland, 1979: 508.

Dette tyder på at målsaka var viktig i bygda, og laget meinte dette burde prioriterast både lokalt og i riket.³⁶¹

På 1890-talet vart det meir fokus på det partipolitiske programmet i lokallaga, noko som reflekterte problemstillingane og motsetningane på det rikspolitiske planet.³⁶² Gjennomgåande tema på valprogramma var blant anna full likestilling i unionen og eige konsulatvesen, alminneleg røysterett, nedsetting av toll, delvis direkte skatt, og visekongens oppheving som kom opp fleire gonger.³⁶³ Bøndene ville ha mindre makt til embetsstanden, noko Venstres politikk ber preg av,³⁶⁴ og skriv i sitt partiprogram i 1897 at Venstre ynskte «Sparsomhed i statshusholdningen og gjennemført forenkling af embedsværket.»³⁶⁵ Måten dei ville innskrenke embetsverket var å utvide det kommunale sjølvstyre, der embetsmenn fekk mindre makt.³⁶⁶

Venstre var prega av dei mange rørlene som hadde slutta seg til venstrebølgja. Både på nasjonalt nivå og lokalt var til dømes sparsemd i statshushaldninga ei viktig sak. På nasjonalplan var skulepolitikk viktig, noko Viggo Ullmann kjempa mykje for. Fråhaldssaka vart også nokre stader sentral, og i valprogramma står det fleire gonger at dei ville kjempe for innskrenking av sal av «stærke Drikker» ved lovgjeving av at herada sjølv kunne (gjennom avrøyting) bestemme om det skulle vere sal av alkohol.³⁶⁷ Dette kunne riktig nok både minske og utvide bruken av alkohol, men dette er eit godt døme på ein måte partiet ynskte meir lokalstyre på.

I Bratsberg var det ulike politiske interesser i lokallaga. Det er svært få lokallag som har dokumentert dei politiske sakene sine, og om kva på det nasjonale partiprogrammet dei var samde om eller ikkje, men dei kjeldene me har, viser nokre saker som var felles. Utvida eller ålmenn røysterett, utvida sjølvstyre til herada, fleire rettar for arbeidarane og utvida sjølvstende for Noreg gjennom innføring av eige konsulatvesen, var noko av det som både stod på valprogramma og som fleire lokallag i Bratsberg røysta for. Utvida røysterett støtta alle lokallaga i Bratsberg, men her var det også mykje usemje mellom og i dei ulike laga om

³⁶¹ Mjeldheim, 1984: 107f.

³⁶² Mjeldheim, 1984: 234.

³⁶³ I 1888, 1891, 1894, 1897. Henta frå (29.03.2019):

<http://www.nsduib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=100&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=partikode:31&fq=aarstall:1885&fq=aarstall:1891&fq=aarstall:1894&fq=aarstall:1897>.

³⁶⁴ Try, 1979: 508.

³⁶⁵ Nsduib.no, 1897, sist besøkt 29.03.2019.

³⁶⁶ Nsduib.no, 1891, sist besøkt 29.03.2019.

³⁶⁷ Mjeldheim, 1984: 380.

kor brei røysteretsutvidinga skulle vere. Betring av forholda for bondenæringa var ei sak som alle laga i dei øvre bygdene var samde om.³⁶⁸ Lokallaga i Bratsberg heldt seg likevel for det meste til valprogramma som landsmøtet til Venstre vedtok, med dei same prioriteringane.³⁶⁹

Tingmennene frå Bratsberg arbeidde for saker som reduksjon av posisjonen til embetsmenn og heving av folkeleg medverknad, altså folkesuverenitet. Sjølv om dette var politikk som ikkje vart skapt i Bratsberg, var den svært tydeleg der. Tingmennene frå Bratsberg stod også for forslaget om å arbeide mot elitegruppenes lærde danning, og meinte med dette at dei ville fjerne latinens posisjon i skulen.³⁷⁰ Her ser me ein raud tråd mellom venstrepolitikk og folkehøgskulens arbeid, og me ser korleis begge rørslene hang saman og påverka kvarandre.

Mykje av det Venstre agiterte for, og særskilt i Øvre Bratsberg, ser me attende i republikansk argumentasjon. Det var ikkje venstrepolitikken i seg sjølv som gjorde folk til republikanarar, dei fleste venstremenn i landet agiterte for monarki, men som me tidlegare har drøfta, stod ei tilsvarande mengde «nei»-røyster som «venstre»-røyster fast på venstresakene om sparsomd, likskap og norskdom.³⁷¹

5.5.1. Folkesuverenitetslæra og republikanismen

Knut Dørum har forska på den ideologiske spenninga mellom folkesuverenitetslæra og det monarkiske prinsippet, som byrja å gjere seg gjeldande i Noreg allereie i 1820-åra. Tolkinga av desse ideologiane kan ha vore viktig for veksten av republikanismen i Noreg. Eg ønskjer derfor å sjå nærmare på desse tolkingane av folkesuverenitetslæra, og korleis partia Høire og Venstre stilte seg til dette, for folkesuverenitetslæra var også ein partipolitisk strid.³⁷²

Striden auka i styrke frå slutten av 1860-talet og fram til 1884, og med ei ny oppblomstring i 1890-åra og fram til 1905. I stor grad kom Venstre til å leggje vekt på at folkesuvereniteten ikkje var foreinleg med korkje læra om at konstitusjonen var ein kontrakt mellom kongen (som utøvande makt) og Stortinget (som folkets representantar og som lovgjevande makt), eller likevektsprinsippet eller maktfordeling mellom dei tre statsmaktene. Det vart vist til at Grunnlova på ingen måte forutsette slike prinsipp. Ei naturleg tolking av folkesuverenitetslæra var at Stortinget måtte stå fram som den eigentlege statsmakt og den

³⁶⁸ Wærstad, 1982: 70.

³⁶⁹ Wærstad, 1982: 68.

³⁷⁰ Agøy, 2015: 189.

³⁷¹ Med likskap meinast det demokratiske likskapsidelet, der borgarane i landet skulle ha like rettar.

³⁷² Her og i det følgjande: Knut Dørum, *Norsk politisk historie*, bd. 1, upublisert manus.

egentlege lovgjevingsmyndigkeit, og at Grunnlova berre kunne endrast av folket sine representantar, slik §112 gjorde det klårt (av 4. november-grunnlova).

Høire la ikkje berre vekt på kontraktslære og likevektsprinsipp, men også det monarkiske prinsippet. Kontraktslæra innebar at Grunnlova måtte sjåast som noko både kongen og Stortinget hadde inngått gjennom kontrakten av 4. november 1814, og dermed måtte endringar av den skje ved begge statsmakter sine medverknad og samtykke. Likevekt skulle den også sikrast ved deling av den lovgjevande makt. Det betydde at både kongen og Stortinget burde ha absolutt veto i grunnlovssaker. Det monarkiske prinsippet innebar forestilling om at all politisk makt i utgangspunktet gjekk ut frå monarken og at kongen måtte utgjere makttyngdepunktet. Innskrenkingar av kongens makt måtte ifølgje den monarkismen sjåast som nødvendige tilpassingar for å skape likevekt og maktfordeling, og for å unngå einevelde og despoti.

Konflikten mellom desse to ideologiske posisjonane kunne føre til meir ytterleggåande slutningar. Ein vidtgåande tolking av folkesuverenitetslæra, slik som Rousseau alt gjorde i 1762, amerikanarane i 1776 og franskmenne i 1792, var at monarkiet ikkje var ein nødvendig institusjon, men stod i vegen for folkesuverenitetslæra. Når makta skulle ligge hjå folket, gav det lita meining å oppretthalde ei sterk personleg kongemakt. Ei vidtgåande tolking av det monarkistiske prinsippet kunne vere at folkets lovgjevande makt gjennom nasjonalforsamlinga også i alminnelege lovsaker måtte avgrensast gjennom at både kongen og eit adeleg overhus saman med folkrepresentantar i eit underhus kvar for seg måtte utstyrast med gjensidig blokkerande vetoret, slik fleire høiremenn tok til orde for rundt 1880 i Noreg. Dette innebar at folkesuvereniteten måtte vike for det monarkiske prinsippet og maktfordelinga, og at lovgjevnadsmakta måtte sjåast som delt mellom tre instansar.

I følgje Dørum må republikanismen i Noreg på slutten av 1800-talet og fram mot 1905 forståast som ein konsekvent og vidtgåande tolking av folkesuverenitetslæra i tråd med fransk og amerikansk tolking, og ikkje minst hjå opphavsmannen sjølv, republikanaren Rousseau. Denne tolkinga skapte spenning og konflikt og utfordra folkesuvereniteten. Det republikanske standpunktet vert derfor: Det suverene folket trong ingen konge. Dei var jo sjølv maktas kjelde og deira makt var udeleleg og uavhendeleg. Den utøvande makt burde vere folkevalt og vere ein delegert myndigkeit eller eit mandat frå folket, meinte dei.³⁷³

³⁷³ Dørum, *Norsk politisk historie*, bd. 1, upublisert manus.

Etter at Venstre vart splitta i 1888, byrja partiet å føre ein meir aggressiv nasjonalistisk unionspolitikk for å vinne tilbake dei fråfalte moderate. Ullmann var ein av forkjemparane for unionsstriden mot Sverige, og markerte seg som Venstres talsmann i unionspolitikken på 1890-talet. Ullmann, med god hjelp frå andre viktige personar, hadde fått god tilslutning til unionspolitikken i Bratsberg,³⁷⁴ og som sagt var likestilling i unionen eit viktig punkt på mange partiprogram.³⁷⁵

Etter unionsoppløysinga vart Venstre splitta om kva statsform landet skulle ha. Den radikale fløya hadde ein vidtgåande tolking av folkesuverenitetsprinsippet, og ynskte republikk, mens den andre fløya var for det monarkiske prinsipp. Venstreleiarane i Bratsberg gjekk inn for republikk, og skilte seg ut frå landets venstreleiarar, deriblant statsminister Michelsen, som tilrådde monarki.³⁷⁶ Finansminister Gunnar Knudsen, som også var Venstremann, gjekk ut av regjeringa rett før folkerøystinga november 1905, for han ville ikkje støtte monarki, slik regjeringa gjekk inn for. Knudsen fekk støtte av fleire frå Øvre Bratsberg for dette valet.³⁷⁷

Me veit svært lite om kor aktive vensteforeiningane i Øvre Bratsberg eigentleg var om arbeidet for republikk. Når me ikkje har tilgang til fleire protokollar, kan me ikkje vite sikkert kva arbeid venstforeiningane i dei ulike bygdene i Øvre Bratsberg gjorde for å samle folk under republikanismen. Det står ingenting om det i Varden hausten 1905. Me veit at Treungen Venstreforening hadde ope foredrag i november 1905 der statsforma vart diskutert, og republikk føretrekt av styre i foreininga, så truleg gjorde også andre venstrelag det same.³⁷⁸ Viktige venstremenn frå Bratsberg var tydelege på at dei støtta republikanismen, som Viggo Ullmann og Gjermund Grivi frå Bø, i tillegg til Gunnar Knudsen som me veit hadde mange tilhengjarar i Øvre Bratsberg. Desse personane kan ha vore med og påverka den store republikktilslutninga i området.³⁷⁹ Dette er ein strukturbasert forklaring på republikanismen, som eg ikkje skal drøfte nærmare i denne avhandlinga, men kan samtidig vise kvifor Venstre i Øvre Bratsberg skilte seg ut frå Venstre nasjonalt.

I forhandlingsprotokollen for Treungen Venstreforening kan me etter kongeinntoget 25. november, lese om eit rykte om at Venstre kom til å gå i oppløysing. At republikanarane tapte, var i Treungen det same som at Venstre tapte, og ved nederlag i eit så stort slag ville

³⁷⁴ Agøy, 2015: 186, 189f.

³⁷⁵ Nsd.uib.no, «Venstre 1888», 29.03.2019.

³⁷⁶ Agøy, 2015: 194. Olsens, 2015: 236.

³⁷⁷ Gauset Ungdomslag, Varden, 06.11.1905. Vinje, Varden, 09.11.1905.

³⁷⁸ Treungen fp, 10.11.1905.

³⁷⁹ Rovde, 2005: 33.

partiet verte prega, noko som også tyder at folk forstod det slik at republikksaka var ei Venstresak.³⁸⁰ Protokollen viser at det var aktivitet i foreininga etter 1905, så partiet gjekk altså ikkje i oppløysing. Ved valet i 1906 fekk Venstre framleis fleirtalet av røystene i Øvre Bratsberg.³⁸¹

5.6. Studie av Kviteseid og Treungens venstreforeiningar

Eg har i dette kapittelet studert forhandlingsprotokollane til Treungen Venstreforening og Kviteseid Venstreforening. For å verkeleg forstå den politiske kulturen i Øvre Bratsberg meiner eg det er nyttig å studere desse som ei stikkprøve for å sjå korleis folk engasjerte seg i politikken, kor mange som var medlemer, og kor mange som møtte opp på samlingane. Det er også av interesse å sjå på kva saker som vart tekne opp for å finne ut av kva dei var opptekne av politisk. Når me veit kor ofte det var møte i foreiningane, kan me også sjå ein samanheng mellom aktiviteten til foreininga og venstrerøyster ved val. Treungen og Kviteseid venstreprotokollar er dei einaste som er bevarte i Øvre Bratsberg, og er derfor i seg sjølve interessante å studere. I protokollen for Kviteseid vart Kviteseid på 1880-90-talet kalla Hvideseid. Sidan både staden og foreininga har endra namn til Kviteseid vel eg å bruke namnet «Kviteseid» i oppgåva.

Mens det i protokollen for Kviteseid Venstreforening står om danningsa 19. februar 1883, går ikkje protokollen til Treungen Venstreforening lenger tilbake enn 1887. I protokollen er det ei avskrift frå stiftinga av Nissedal Venstreforening 25. mars 1884. Protokollen fortel om eit felles møte mellom Treungen og Nissedal Venstreforening som tyder på at det var to ulike lag. Me veit derfor ikkje nøyaktig når foreininga vart skipa, men truleg nokolunde likt som Nissedal Venstreforening.

5.6.1. Medlemer og møteoppslutning

La oss fyrst studere kor ofte desse foreiningane hadde møte, og medlemsoppslutninga. Figur 3 og 4 på side 83 viser kor mange møte som vart haldne i året i Treungen og Kviteseid venstreforeiningar. Treungen Venstreforening hadde i gjennomsnitt cirka 2 møte i året. Nokre år var det ingen samlingar, mens det eitt år var det opp til 6 møte.³⁸²

Når det fyrst vart arrangert møte i Kviteseid Venstreforening, var det fleire av dei i året. Men me kan også sjå at det fleire år ikkje var noko møteverksem, mellom anna dei 14 åra frå

³⁸⁰ Treungen fp. 27.12.1905.

³⁸¹ Det Statistiske Centralbureau (1907) *Norges officielle statistik. V. 49. Stortingsvalget 1906*. Christiania: H. Aschehoug & Co. Henta frå: https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_v_049.pdf sist besøkt: 07.03.2019; 132f.

³⁸² Treungen fp.

1888 til 1902.³⁸³ Treungen Venstreforening var altså meir aktive og hadde i heile perioden jamlege møte. At Kviteseid Venstreforening ikkje hadde meir aktivitet, kan bety at personane som heldt foreininga i live, gav seg, og foreininga døydde derfor ut av mangel på initiativtakarar. I kapittel 2.3. har me sett at Venstre framleis fekk ein del røyster i Kviteseid, men at prosenten var noko lågare enn elles. Så sjølv om det ikkje var aktivitet i foreininga, røysta fleirtalet framleis på Venstre. Ei anna årsak til at Venstre ikkje hadde møter, kan vere at foreininga vart påverka av kløyvinga av landspartiet, og at dette merka seg tydeleg i Kviteseid. Ein påstand er at både leiarskapet og medlemmane gjekk til dei Moderate, og me ser ut frå valresultata at Moderate og Høire fekk ein stor prosent av røystene denne tida. Sidan det ikkje finnes noko protokoll frå dei Moderate (eller Høire) i Kviteseid, kan me ikkje undersøke dette nærare.

Når me samanliknar medlemsoppslutninga mellom Treungen og Kviteseid, kan me få eit bilet på kor mange som støtta Venstres politikk, og som var aktive. I protokollen for Kviteseid er det tre sider lengst bak med tittelen «Venstreforeningens medlemmer». Lista har 103 namn. Det står ikkje nokon dato for når medlemene vart skrivne inn og eg kan derfor ikkje vere sikker på kor mange som var med ved ulike årstal. Eg kan heller ikkje finne ut av når folk meldte seg ut, og om dei gjorde det.³⁸⁴ Protokollen til Treungen avslutta også med ei slik medlemsliste. Her står det også merknader om medlemene er døde, har emigrert eller meldt seg ut. Men heller ikkje her står det dato, og det er vanskeleg å vite når merknadene vart skrivne.³⁸⁵ Midt i protokollen står det også ei liste over foreiningas fyrste medlemer.³⁸⁶ Når eg kryssjekkar desse to listene, står dei same namna på begge. På den fyrste lista er det 37 namn, mens den siste har 64 namn.³⁸⁷ I tillegg til merknadene i margen om folk som har meldt seg ut, er det ei lita liste med «Udmelt af Foreningen», der det er oppført 14 namn.

I begge protokollane er det fleire namn som er strokne ut. Dette kan bety tre ting: enten at medlemene meldte seg ut, flytta eller døydde. I protokollen til Kviteseid har skriftypen til sekretæren endra seg, så eg trur medlemene vart skrivne opp i ein viss periode, der det var ulike sekretærar. Dei fyrste 58 namna er skrivne av same personen.³⁸⁸ Frå venstreforeininga

³⁸³ Kviteseid fp. At Kviteseid venstreforening ikkje hadde møte i fleire år kan ha ein samanheng med at Venstres mål, å kjempe mot embetsmannsstanden, vart nådd då Venstre vann valet i 1884, og Kviteseid venstreforening, som mange andre i landet, ikkje lenger hadde nokon motivasjon for å samlast.

³⁸⁴ Kviteseid fp. «Venstreforeningens medlemmer».

³⁸⁵ Treungen fp. «Medlemmernes navn».

³⁸⁶ Treungen fp. «De første medlemmer i Treungen».

³⁸⁷ Treungen fp. «Medlemmernes navn».

³⁸⁸ Kviteseid fp. «Venstreforeningens medlemmer».

vart skipa i 1883, var det same sekretären heilt til opphaldet frå 1887-1903. Frå 1903 var det ein annan sekretær. Når eg samanliknar skrifta hans med medlemsoversikta, kan det sjå ut som at det er same personen som har skrive protokollane etter 1903 og medlemene frå nr. 69.³⁸⁹ Ut frå dette kan eg tolke at medlemene frå nr. 69 vart innskrivne etter 1903, og dei før vart skrive mellom 1883 og 1887.³⁹⁰

Det er ein ting å vite kor mange møte som vart haldne og kor mange som var medlemer, men kor mange var eigentleg til stades på møta? I protokollen for Treungen er det oppført kor mange møtedeltakarar det var fram til midten av 1891, deretter vart det slutt på det. Kviteseid Venstreforening skreiv aldri ned kor mange av medlemene som var til stades, anna enn ved spesielle høve. For å få noko aning om kor mange som møtte opp etter 1891, har eg sett på røysteresultat ved «bestyrar»-val og delegatval til amtsforeininga. Då veit me minstetalet av oppmøte ved å sjå på den som fekk flest røyster, men sidan eg ikkje veit akkurat korleis røystereglane var, om ein berre kunne røyste på ein representant, eller om ein kunne røyste på fleire, er det vanskeleg å seie akkurat kor mange som var til stades.³⁹¹ Enkelte gonger stod det kor mange som røysta for og kor mange som røysta mot eit forslag, og då kan eg vite omrent kor mange som var til stades.³⁹²

Figur 3 viser oppmøtetal til Kviteseid Venstreforening frå 1883 til 1905. Dei oppførde tala er mine tolkingar ut frå protokollane. Mange er minimumstal på oppmøte, som eg har kome fram til ved å sjå på røysteresultat ved «bestyrar»-val, eller val over ei sak, eller talet på underskrifter. Det siste møtet som vart halde i 1903 var eit folkemøte, noko som forklarar det høge oppmøtetalet på (minst) 50.³⁹³ Elles kan me sjå at gjennomsnittstalet på møtedeltakarar ligg på mellom 15 og 20.

Ved å studere figur 4, ser me at i Treungen låg frammøtet mellom 10 og 15 medlemer. I protokollen for Treungen stod det som sagt oftare oppført kor mange som var til stades, men også her er det ein del minstetal som eg har funne ut av å telje underskrifter og røyster ved

³⁸⁹ Kviteseid fp. «Venstreforeningens medlemmer», møte 19.07.1903.

³⁹⁰ Kviteseid fp. «Venstreforeningens medlemmer». Grunnen til at eg set 1887 som eit skilje her, er at sidan det ikke var noko aktivitet i foreininga etter -87, er det lite truleg at det vart innskrivne nye medlemer.


³⁹¹ Det verkar som om ein kunne røyste på fleire representantar, for det er tilfeller der det er til saman fleire røyster enn det er oppmøtte. Til dømes var det frå Kviteseid bondevenforenings møte 29. mars 1871 19 medlemer til stades, og ved valet av bestyrelse fekk vinnaren 18 røyster, mens nr. to fekk 16, og nr. tre fekk 15 røyster. Det er usikkert om venstreforeininga hadde same valreglar som bondeforeininga. Kviteseid fp. 25.03.1871.

³⁹² Her er det viktig å ta omsyn til medlemene under 18 år som ikkje kunne røyste. Sidan det ikkje står alder bak namna i medlemslistene, vil det vere umogleg å vita kor gamle medlemene var, viss me ikkje ser i folketeljingane eller kyrkjebökene.


³⁹³ Kviteseid fp. 06.08.1903.

val. Treungen hadde også fleire folkemøte, som ikkje er registrerte i figur 4, der det berre var kommentarar som «en mengde mennesker» og «efter forholdene en stor forsamling». ³⁹⁴ Når det står «efter forholdene en stor forsamling» kan me ikkje sikkert vite kva som meinast med det, i og med at forhalda ikkje er beskrive anna enn at det er eit folkemøte.³⁹⁵

*Figur 3 Kor mange som var til stades på møta til Kviteseid Venstreforening.*³⁹⁶



*Figur 4 Kor mange som var til stades på møta til Treungen Venstreforening.*³⁹⁷



Poenget med å vise til desse tala og figurane, er at me kan få ei viss oversikt over kor store og aktive foreiningane var. Viss det var eit lag som hadde svært lite oppmøte, vil det kanskje i teorien ikkje ha vore ei viktig foreining for bygda. Når me ser at Treungen hadde eit jamt

³⁹⁴ Treungen fp. 12.03.1894, 04.09.1894.

³⁹⁵ Forhalda kan vere korleis været var (i Varden vart det referert til eit «avholdsstevne» felles for Rauland og Vinje, men grunna därleg vær var det berre formannen frå Rauland som møtte opp. «Avholdsstevne», Varden, 04.10.1905: 2.), politiske konfliktar i lokalsamfunnet, kven som skulle halde foredrag og kva tema som var i fokus.

³⁹⁶ Kviteseid fp.

³⁹⁷ Treungen fp.

oppmøte, kan me konkludere med at det var ei foreining som hadde ein viss storleik. Det same gjeld for Kviteseid Venstreforening.

Kor mange røyster fekk så Venstre i desse herada? Ved valmannsvalet i 1891 røysta 72,5 % på Venstre i Nissedal, mens partiet i Kviteseid fekk 44,4%, den nest lågaste venstrepresenten i heile amtet.³⁹⁸ Når me veit at Kviteseid Venstreforening ikkje hadde nokon aktivitet frå 1888 til 1902, og samanliknar det med aktiviteten til Treungen Venstreforening, som hadde heile 6 møte i 1891,³⁹⁹ vil ikkje desse tala forundre oss, og det viser kor viktig aktiviteten i foreiningane var for resultata ved vala. Sidan Treungen Venstreforening hadde meir aktivitet enn Kviteseid Venstreforening, ser det ut som laget i Treungen var viktigare for bygda si enn det tilsvarande laget i Kviteseid hadde. I 1903 var det over 75 % som røysta Venstre i både Treungen og Kviteseid,⁴⁰⁰ og då hadde Kviteseid tatt opp att aktiviteten i foreininga. Så me kan konkludere med at sjølv om det ikkje var så stor oppslutning på foreiningsmøta, var Venstre den klåre vinnaren ved val.

5.6.2. Forhandlingssaker

For å finne ut av den politiske kulturen, kan me blant anna sjå kva politiske interesser som var blant folk, og slik sjå kva som engasjerte dei, kva dei reagerte på, og kanskje også kvifor. Når eg studerer forhandlingssakene til desse to protokollane, er det nokre tema som kjem opp i begge, og nokre tema som er særskilt for dei enkelte foreiningane. Det som kjenneteiknar dei felles sakene er at dei omfattar rikspolitikk, og gjerne tankar som vart gjeldande i heile amtet/landet, og som me også har sett fleire venstreforeiningar kjempe for eller imot. Det som er særskilt for dei enkelte foreiningane er ofte lokalpolitiske saker, med nokre unntak. Derfor vil eg i dette delkapittelet fokusere på dei sakene me finn att i begge foreiningane, sidan det er politisk kultur i heile Øvre Bratsberg eg forskar på.

Fyrst og fremst var det val dei var opptekne av, både val av «bestyrelsen», kommuneval og valmannsval i tillegg til val av representantar til amtsvenstremøte.⁴⁰¹ Dette er ikkje viktig i seg sjølv, og var ei naturleg side av foreiningslivet, men det gjorde at folk som vanlegvis ikkje kunne røyste ved valmannsvala, fekk erfaring i det i laget, noko som gjorde at medlemene fekk trening i det politiske systemet, og derfor er det eit viktig punkt å trekkje fram.

³⁹⁸ Berre Hitterdal (Heddal) hadde færre venstrerøyster i prosent, med 44,3. Wærstad, 1982: 162.

³⁹⁹ Sjå vedlegg 2.

⁴⁰⁰ Rovde, 2005: 28.

⁴⁰¹ Blant anna: Treungen fp. 1891 (dag og mnd. mangler), 25.02.1893, 04.05.1896, Kviteseid fp, 02.01.1884, 02.01.1885.

Det begge foreiningane var samde om var sparetanken, fråhald og kvinnesak. Sparsemd i statshushaldninga er eit svært interessant punkt å få med seg. Dette vart diskutert også i Hvideseid bondeforening, og var i 1905 eit svært viktig argument for republikk. Treungen Venstreforening ville avskaffe pensjonsvesenet, kutte toll på kaffi, sukker, ljosolje og korntoll, og avgifter, inndraging av embet som overfogde- og skoledirektør, som dei såg på som «overflødige embeder». Dei ville også minske løn og pensjon til embetsmenn for at det skulle sparast meir i statshushaldninga.⁴⁰²

Når det gjeld kvinnesaka definerer ikkje Kviteseid Venstreforening dette nærare,⁴⁰³ men Treungen Venstreforening går konkret inn og diskuterer røysterett for kvinner. Det var semje om å forkaste Viggo Ullmanns forslag om røysterett for kvinner. Dette temaet kom opp i samanheng med utviding av røysteretten, og det var delte meininger i laget om kor stor denne utvidinga skulle vere.⁴⁰⁴

Fråhaldssaka kjem også så vidt opp, og er verd å nemnast i denne samanhengen. Treungen Venstreforening hadde ein gong framme at det var viktig å sende gode fråhaldsfolk til tinget. Kviteseid Venstreforening meinte det eksisterte eit «drikkeondet», og ville at dette skulle bli utrydda gjennom lovgjeving.⁴⁰⁵

Unions- og seinare statsformspørsmålet er det berre Treungen forhandlingsprotokoll som nemner noko om. Dette er eit viktig punkt med tanke på problemstillinga mi, og sjølv om Kviteseid Venstreforening ikkje tek det opp, var det eit svært viktig tema for Treungen Venstreforening. Det var ordskifte om Noreg burde få eige konsulatvesen og/eller utanriksminister. Her var stor usemje, nokre meinte berre konsulatvesen, andre begge delar, men alle var samde om at sjølvstendet til Noreg burde styrkjast, og foreininga sendte ein resolusjon som sa at «Forsamlingen uttaler sig for at bevare sin fulde selvstændighed som man troer alene Kan ske ved egen udenriksminister og egne Konsuler».⁴⁰⁶ Det vart halde fleire folkemøte der unionsspørsmålet og ønskje om utviding av Noregs sjølvstende vart teke opp, blant anna i Treungen 10. november 1905. Foredragshaldaren Leif Gundersen, som var på foredragsturné, «talede varm for indførelsen af Republik», og etter foredraget var det diskusjon der begge statsformene vart representerte. Venstreforeininga, med formannen som

⁴⁰² Kviteseid fp, [6].06.1885, Treungen fp, 07.01.1888, 20.02.1897.

⁴⁰³ Kviteseid fp, 16.12.1883.

⁴⁰⁴ Treungen fp, 05.02.1887, 27.06.1891.

⁴⁰⁵ Treungen fp, 15.08.1903, Kviteseid fp, [6].06.1885.

⁴⁰⁶ Treungen fp, 12.03.1894, 10.02.1894.

talsmann, takka foredragshaldaren for «hans varme Ordlag i Republikanernes Sag». Leiinga i foreininga var tydelege på at dei var for republikk, men heldt likevel ope for at folk kunne vere for monarki.⁴⁰⁷ I Nissedal var det nesten 74,9% som røysta for republikk, så det var tydeleg fleire som var samde med leiinga.⁴⁰⁸

Kviteseid Venstreforening skreiv lover for laget, og ved å studere dei kan me finne ut av kva foreininga hadde som grunnverdiar. Sidan me har sett at det var etter forholda mange medlemer i foreininga, kan dette ha vore verdiar som var utbreidde blant ein større del av lokalsamfunnet. Ved skipinga av foreininga vart desse lovene vedtekne: 1) Foreininga skulle samle så mange som mogleg som var samde i politikken til venstrefolket i landet, og vekkje og utvikle ålmenn-ånd ved folkeleg og politisk opplysning, og bevare og utvikle sin folkelege fridom slik den vart gjeven ved grunnlova i 1814. 2) Foreininga skulle arbeide for at grunnlova vart kjend og forstått av folket, og verke for alminneleg deltaking i vala. 3) Foreininga skulle halde foredrag og samtalar om politiske og andre emne, og ha opplesing av det som kan vere av nytte. 4) Alle som var konfirmerte kunne vere medlem ved betaling av medlemskontingent, men ein kunne berre røyste om ein var over 18 år. Ved prøveval måtte ein vere røystefør. 5) Det skulle vere val av styre kvart år.⁴⁰⁹

I 1903 vart det så vedteke nye lover for foreininga: 1) Samle venstrefolk ved alle val, og vekkje behovet for samfunnslivet. 2) Kunne vere medlem om ein var fylt 18 år. 3) Det skulle vere to frå kvart valsokn (hovudsoknet Kviteeid, Brunkeberg og Vrådal) som skulle vere i styret. 4) Det kunne gjerast endringar viss fleirtalet på møtet var samde, og dette vart opplyst om på forhand.⁴¹⁰

For Treungen Venstreforening er det ingen lovforslag eller vedtak i protokollen, men me kan lese om lovforslaget til Nissedal Venstreforening, hovudsoknet til Treungen, så eg vel å ta føre meg den her. Ved skipinga av foreininga vart desse lovene vedtekne: 1) Foreininga sin formann skulle vere på «kristelig grund i Grundlovens aand», og jobbe for at foreininga med Sverige skulle verke for folkefridomens bevaring og utvikling. 2) Foreininga skulle jobbe for politisk opplysning, for alminneleg deltaking i offentlege val i tillegg til andre samfunnsmessige saker. 3) Ein kunne vere medlem viss ein var samde i foreiningas formål, og var over 18 år. 4) Foreininga skulle ha eit styre som bestod av sju medlemer, som skulle

⁴⁰⁷ Treungen fp, 10.11.1905.

⁴⁰⁸ Rovde, 2005: 32.

⁴⁰⁹ Kviteeid fp. 15.10.1883.

⁴¹⁰ Kviteeid fp. 19.07.1903.

veljast kvart år. 5) På kvart møte skulle det verte bestemt når og kvar neste møte skulle vere, I tilllegg til samtaleemne. 6) «Bestyrelsen» kunne sjølv bestemme når dei skulle ha møtet.⁴¹¹

Når det gjeld punkt ein, er det interessant å leggje merke til at foreininga skulle jobbe for at foreininga med Sverige skulle verke for folkefridommens bevaring og utvikling, og *ikkje* avskaffing av unionen. Men at dei ønskjer folkefridommens utvikling viser att at folkesuverenitet vart kjempa for i lokale foreiningar, som i landsforeininga.

Likskapen mellom lovene til Kviteseid og Nissedal Venstreforening er store. Formålet med folkeopplysning og alminneleg deltaking ved offentlege val står i lovene til begge laga. Grunnlova kjem fram i begge lovene, og kven som kunne røyste innan foreininga er også lik. Nissedal hadde med unions-politikk i si lov, noko Kviteseid ikkje hadde. Nissedal hadde også med kva grunnsyn formannen skulle ha, mens Kviteseid slo fast at alle som var samde i venstres politikk kunne vere medlem, og ut frå dei skulle ei viss mengd veljast inn i styret.

Når me studerer protokollane er det nokre ting som står fram. I Kviteseid Venstreforening var det eit diskusjonsmøte den 4. november 1883, der det vart diskutert eit opprop som høiremenn hadde skrive som eit motsvar til oppropet venstreforeininga hadde forfatta ved skipinga. Der vart dei skulda for «radikalisme [...] for at ville «undergrave den bestaaende Samfundsorden» for at ville indføre Republikken [...] og for at staa i samanheng og Forbindelse med Fritenkerne [...].» Foreininga reagerte på desse skuldningane, og meinte at mykje av det som var skrive passa betre på høirefolket sjølv. Men det var også peika på at oppropet til Venstre hadde fått til seg «Venstres Fritenkere Republikanerne og sosialisme [...]»,⁴¹² noko som kan bety at den radikale sida av venstrepolitikken drog til seg folk som støtta seg til republikanismen allereie fleire år før kongevalet, og som også kan forklåre kvifor Venstre i Øvre Bratsberg gjekk imot Venstre nasjonalt.

Noko som kan vere interessant å nemne frå protokollen til Treungen, er eit møte 16. oktober 1905 som vart avlyst på grunn av «Rykter om at den danske Prins var villig til at vere Kungen (sic.) i Norge og i saa fald fandt man sig bunden af Stortingets Tilbod af 7. Juni.» Møtet skulle eigentleg vere ei protestsamling mot å innføre monarki, men styret meinte tydelegvis at Stortingets forslag til prins Carl ikkje var noko å gå imot utan å rikke på 7. juni-vedtaket.⁴¹³

⁴¹¹ Treungen fp. «Afskrift».

⁴¹² Kviteseid fp. 04.11.1883.

⁴¹³ Treungen fp. Notis i protokollen ang. møte 16.10.1905.

5.6. Konklusjon

Venstre var det viktigaste partiet i Øvre Bratsberg dei siste tiåra på 1800-talet, sjølv om Høire vokste meir og meir, og så vidt tok Venstre att før 1905. Venstre fremma ein politikk som hadde sparsomt og skulesak som noko av dei viktigaste punkta på agendaen, og dette passa bøndene i Øvre Bratsberg bra. Venstre var først og fremst eit parti for bønder, lærarar og arbeidarar, og vart ein arena der bondestanden kunne vidareføre konflikten med embetsmenn og Høire som representerte dei, særleg gjennom val. Høire var eit parti for handelsmenn og embetsmenn, ei gruppe det var svært få av i Øvre Bratsberg, også i 1905, og fekk heller ikkje så stor posisjon i regionen.

Ved å studere Treungen Venstreforening og Kviteseid Venstreforening, har me sett at det var ulik aktivitet i foreiningane, der Treungen Venstreforening hadde større aktivitet over lengre tid, og hadde derfor også størst påverknad på valresultata i Nissedal herad. Kviteseid Venstreforening hadde lågare aktivitet, noko som også viste seg ved valresultata, ved at Venstre fekk færre røyster. Likevel var Venstre det største partiet også her.

Me har sett at republikktanken opphaveleg kom ut frå ein tolking av folkesuverenitetslæra, som sa at all makt låg hjå folket, og ein trond derfor ikkje ein monark. Nasjonalt hadde Venstre delte meningar om republikkspørsmålet og statsformdebatten, men i Øvre Bratsberg viste det seg at Venstre støtta republikk, og tolka folkesuverenitetslæra dit hen at landet ikkje trengte nokon konge.

6. Den politiske kulturen i 1905 og republikanismen

6.1. Innleing

Fram til no har det vore den politiske kulturens utvikling på 1800-talet som har vore i fokus i oppgåva. Denne kulturen merkte seg tidleg ut med usemje mellom bondestanden og embetsmannstanden og geografisk isolasjon som førte til eigenrådighet. Den utvikla seg til å vere meir opplysningsorientert, hadde fokus på sparsom og folkeaktivitet. Deler av denne politiske kulturen har vist seg å vere viktig for veksten av republikanismen som viste seg ved folkerøystinga november 1905, og i dette kapittelet ønskjer eg å gå nærmare inn på korleis den politiske kulturen påverka republikanismen i Øvre Bratsberg i 1905.

For å finne ut av korleis den politiske kulturen var i 1905, og korleis den påverka republikanismen i Øvre Bratsberg, har eg bruka avisa Varden som ein hovudkjelde. Grunnen til at eg har valt Varden, er at det var den avisa som var mest lese i området, i tillegg til at det var ei avis som tydeleg støtta republikken. Andre Bratsberg-aviser var Vestmar, Grenmar og Kragerø Blad. Vestmar var ein venstreavis, men var forsiktig med statsformsynet sitt, som var republikk, men var opne for andre meningar i avisa. Grenmar og Kragerø Blad var tydelege monarkist-aviser, og når eg seinare i kapittelet skal drøfte motargumenta til republikk, er det desse avisene eg har henta det frå. Men både Vestmar, Grenmar og Kragerø Blad var byaviser som hadde få lesarar utanfor sitt nærrområde, og var små samanlikna med Varden.⁴¹⁴

Foreiningslivet som hadde blomstra opp sidan 1870-talet var framleis sterkt i Øvre Bratsberg i 1905, og prega på mange måtar den politiske kulturen dette året, og kanskje også røysteresultatet ved kongevalet. I spørsmålet om republikk spelte også avisa ein stor rolle, og ved å ha foreiningslivet i bakgrunn når me analyserer politisk kultur gjennom avisa, vil me få eit større bilet av den politiske kulturen i regionen.

Som hovudkjelde til informasjon for mange i Øvre Bratsberg reiser dette spørsmålet om kor viktig Varden var for republikk-tilslutninga. Kor aktiv var vest-telene i avisa? Korleis kan den politiske kulturen tolkast ut frå det som vart skrive i Varden? Kven agiterte for republikk? Og korleis var statsformdebatten? Dette er spørsmål eg ønskjer å svare på i dette kapittelet.

⁴¹⁴ Rovde, 2005: 33.

6.2. Varden

Varden var den største avisa i amtet, og vart lesen av heile amtet.⁴¹⁵ Aviser var i 1905 etablert i livet til folk flest, «som form for formidling, som mental førestilling og som ein strukturerande del av kvardagen». Dei var til stades som ei påminning om ein fellesskap og identitet.⁴¹⁶

Varden vart skipa i 1874 i bondevenrørslas ånd,⁴¹⁷ og vart ei venstreavis.⁴¹⁸ Kontoret låg i Skien, men det tok ikkje lang tid før avisa fekk lesarar frå bygdene i heile amtet, og då det vart danna eit økonomisk selskap for avisa, var også vest-telene med på sponsinga. Mange av desse var også leiarar for bondevenforeiningar, og dei hadde stor respekt i bygdene dei kom frå, noko som truleg førte til at Varden fekk så stor tilslutning utanfor Skien. I 1905 hadde Varden eit opplag på 5-6000 eksemplar, og med eit folketal på 73100 vil det sei at Varden dekte omtrent 40% av Bratsberg, viss me tar atterhald om at ei avis hadde omtrent 4-6 lesarar.⁴¹⁹ Varden hadde også korrespondentar, for det meste lærarar, som førte til at saker vart rapporterte frå heile amtet.⁴²⁰ Når folk abonnerte på og kjøpte Varden, viste dei også at dei høyrde til venstrerørsla,⁴²¹ og at Varden spreidde seg så langt utover amtet, kan bety at folk flest høyrde til Venstre i dette området.

Nordby meiner at Vardens utbreiing var med på å endre haldninga i heile amtet «smått om senn».⁴²² Folk tar i bruk dei avisene som er tilgjengelege og dei ein er samde med, og storleiken til Varden i Bratsberg viser at dette var ei avis som lesarane kunne sei seg samde med, og let seg påverka av. Ein innsendar «[f]rå Hjartdal» takka pressa for at dei var samde om «ja»-et 13. august. «Enighet gjør sterke» står det i innlegget.⁴²³ Om pressa var samde med folket eller folket var samde med pressa, er uvisst, men dette viser at for denne innsendaren

⁴¹⁵ Eit døme på dette er at me ser at eit dikt frå Varden vart lese opp på eit møte i ungdomslaget Heimdal, noko som viser at avisa var godt etablert også i Vinje. Heimdal, 21.03.1897.

⁴¹⁶ Hasle, Kari A. (2005) Pressa i 1905. I K. A. Hasle et. at. (Red.) *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i avisar på Nord-Vestlandet*. Volda: Jens Per Johansen AS: 15.

⁴¹⁷ Nordby, Truls E (1999) *Varden frå fjord til fjell gjennom 125 år: avishistorie i Telemark frå 1874 til 1999*. Porsgrunn: Forlaget Grenland. : 12.

⁴¹⁸ Flo, Idar André (2010) *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010)*. Bind 4 Norske aviser frå A til Å. Oslo: Universitetsforlaget: 362.

⁴¹⁹ Kleppen, Halvor (2005) Gjermund Grivi og den republikanske agitasjonen i Telemark 1905. I I. Skobba et. at. (Red.) *Telemark Historie nr. 26-2005. Telemark 1905*. (40-59) Porsgrunn: Wera AS: 46. Det Ststistiske Centralbureau. (1903). *Norges offisielle statistik. Fjerde Række. Nr. 73. Folketellingen i Kongeriget Norge 3 desember 1900. Andet Hefte*. Kristiania. H. Aschehaug & Co. Henta frå:

https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iv_073.pdf Sist besøkt 02.10.2018.: 3.

⁴²⁰ Nordby, 1999: 61

⁴²¹ Hasle, 2005: 22.

⁴²² Nordby, 1999: 13.

⁴²³ *Fra Hjartdal*, Varden, 22.08.1905: 2.

var det viktig at dei var saman om saker. Avisas abonnentstal viser så at fleire meinte det same.

Redaksjonen i Varden bestod av ein redaktørsekretær og redaktøren, som i 1905 var Harald Kristoffersen. Høiland skriv i sin avhandling at avisene var politiske *talerøy* for redaktørane, ved at redaktøren skreiv sine eigne meiningar i avisene, og kunne velje og vrake kva som skulle med av politiske saker og meiningar, så sant aksjeeigarane ikkje reagerte negativt på dei. Avisene hadde blitt ein folkelesing på eit ulikt nivå som tidlegare, og fleire kunne bli påverka av det som stod i avisene. Det er derfor viktig å vite kven som var redaktør og kva politiske interesser han hadde, for å forstå det politiske standpunktet avisene hadde.⁴²⁴ Kristoffersen var redaktør frå 1902 til 1931,⁴²⁵ og var som sine forgengarar ein venstreman som høyrde til den radikale fløya. Han støtta Gunnar Knudsen og arbeidet hans for republikanismen.⁴²⁶

Mens omtrent 1/3 av landets aviser låg rundt Oslofjorden i 1905, var Varden ei avis for periferien. Redaksjonen hadde ikkje det privilegiet å omgå dei leiande menn i landet, og måtte hente mykje av informasjonen frå andre aviser, og sat med lite fyrstehandskunnskap om det som skjedde. Kari A. Hasle lurar på om distriktavisenes avstand frå sentrum kan ha hatt noko å seie for at dei ikkje var underlagde statsminister Michelsens strenge kontroll på same måte som hovudstadsavisene i 1905.⁴²⁷ Det kan verke som at aviser som Varden ikkje var like mykje bunden av hovudstadens makt, spesielt om statsformtemaet, der Varden tidleg var svært tydeleg på kva statsform den meinte landet burde ha, mens regjeringa stod for eit anna syn.

Det er interessant å analysere avisas rolle som sentrum, for Rokkans teori seier at sentrum også hadde tilgang til informasjon. Me kan på ein måte seie at Varden var eit sentrum, med at redaksjonen kontrollerte informasjonen dei hadde med i avisene, samtidig som dei henta informasjon frå hovudstadsavisene, og vart derfor ein del av periferien. Men den viktigaste funksjonen Varden fekk i denne samanhengen, var å minke avstanden mellom sentrum og periferi. Alle lesarar, uansett kvar dei var frå, fekk noko felles, felles inntrykk, informasjon, inspirasjon og ein stad å ytre seg, ein stad å kommunisere med kvarandre.

Sjølv om Varden var ei Bratsberg-avis, følgde den med på dei nasjonale og internasjonale hendingane og politikken. Dei fekk telegram og brev tilsendt frå heile Noreg, både om

⁴²⁴ Høiland, 2018: 12

⁴²⁵ Wikipedia, *Varden (avis)* Henta frå [https://no.wikipedia.org/wiki/Varden_\(avis\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Varden_(avis)). Sist besøkt 22.08.2018.

⁴²⁶ Nordby, 1999: 74.

⁴²⁷ Hasle, 2005: 18.

politiske og kulturelle saker. Det vart også sendt ope brev frå nordmenn i Amerika som kom på trykk i Varden. Skjedde det noko interessant på Stortinget, vart dette også skrive om i avisas.⁴²⁸ Dikt og vitsar vart ofte å lese i avisas, og mens vitsane var berre for underhaldninga sin del, hadde dikta ofte ein politisk agenda. I 1905 var desse dikta svært nasjonalistiske.⁴²⁹ Det vart også trykt saker frå heile Bratsberg, blant anna referat frå heradsstyra rundt omkring. Lesarane til Varden fekk ein god oversikt over kva som skjedde både i amtet og ut i verda.

6.2.1. Kva vest-telene sjølv skreiv i Varden

Kor aktive var så vest-telene? «Sjølv om avisene var etablert som folkelesnad i 1905, var steget til å ta i bruk mediet truleg for stort for folk flest» skriv Kari A. Hasle.⁴³⁰ Når eg har undersøkt Varden, finn eg ikkje så ofte døme på ein vest-tele som skriv brev til avisas, men gjennom korrespondentane vart det likevel ofte publisert stoff frå bygdene. Det som vart publisert frå korrespondentane vart sendt av bygdefolk, men skrive i redaksjonens penn. Det vil då alltid vere ein ørliten sjanse for at redaktøren endrar på det korrespondentane har skrive, eller at noko av meiningsa har vorte endra i tolkingsprosessen. Me kan sjå at når ei sak engasjerer, er det fleire som tyr til pennan, som til dømes før folkerøystinga i november eller etter folkerøystinga i august. Lesarane i 1905 var ikkje passive mottakarar av nyheiter frå avisar, men dei reflekterte og reagerte på dei også.⁴³¹

Vest-telene viste fleire gonger gjennom Varden at avisas var viktig i kvardagen deira. Mykje av det som skjedde i bygdene vart det opplyst om i avisas. Møte, møtereferat og viktige meiningsytringar om saker av stor interesse kan me lese. Når det var innlegg frå Øvre Bratsberg, vart det ofte opplyst kvar dei kom frå.⁴³² Dette gjer det lett å undersøkje kva som kjem frå bygdene i Øvre Bratsberg. Vest-telene brukte Varden for å spreie eit ord til vener og kjenningar som også var busette i Øvre Bratsberg.⁴³³ Det er derimot sjeldan at forfattaren signerer breva og innlegga sine. Dette gjer at det ikkje er lett å vite kva for ein person som står bak fråsegna, om vedkomande var med i eit lag, kva yrke eller utdanning han hadde.

Ein vest-tele skriv at når det var noko som var svært viktig, ville det vere av stor interesse å omtnale det offentleg, og det er truleg fleire som nytta seg av dette.⁴³⁴ Då var Varden den

⁴²⁸ Varden, 28.10.1905: 1. Varden, 29.10.1905: 1.

⁴²⁹ Varden, 10.07.1905: 2. *13.august*, Varden, 11.08.1905: 1.

⁴³⁰ Side 26.

⁴³¹ Hasle, 2005: 26.

⁴³² Eit døme er *Nyt frå Hjartdal*, Varden, 19.07.95: 1.

⁴³³ Et «nei» fra Fyrisdal, Varden, 04.09.1905: 1. *Fra Nissedal*, Varden, 28.11.1905: 2.

⁴³⁴ Kommissærvalget for Mo, Varden, 14.06.1905: 1. *Flødningsforholdene paa Nisser og Vraavand*, Varden, 23.10.1905: 1.

offentlege arenaen som vart bruka av bygdefolket i Øvre Bratsberg, for utanom avisa var det kyrkjerommet som nådde flest menneske, men nokre gonger trong informasjonen å nå lenger.⁴³⁵ Mens det var svært mange foreiningar og kyrkjelydar frå Nedre Bratsberg som annonserte møte og festar, førekomm ikkje dette frå Øvre Bratsberg. Men til fleire som var velkomne på dei ulike tilstellingane, og kor større område gjestene kom frå, til større var sannsynet for at det vart annonsert i Varden.

Saker som vart sendte inn til Varden frå Øvre Bratsberg var lokalpolitiske saker,⁴³⁶ brev til redaktøren om ei sak ein reagerte på (ofte lokal), generell informasjon som kunne vere av nytte, til dømes korleis avlinga var, referat frå møte og stemner, opplysningar om komande hendingar, innsendingar på førespurnad frå Varden,⁴³⁷ annonsar, både bedrift, kontor og dødsannonsar, etter 13. august sendte nesten alle valsokna innlegg om korleis valdagen hadde gått føre seg.⁴³⁸ I tillegg vart det sendt inn ein del brev om at ein måtte røyste ja 13. august, og nei 12. og 13. november.⁴³⁹

Det vart sendt inn klager på heradsstyret, melding om avgjersler eller om personar som hadde sagt eller gjort noko ein ikkje var samd med, og då kom det i mange tilfelle også oppfølging og svar på dette. Då hendte det at heile eller deler av namnet på forfattaren stod, og det vart ofte skrive i brevform, retta mot redaktøren.⁴⁴⁰ Så sjølv om sakene og personane held til i sambygde, gjekk likevel debatten mellom dei offentleg i Varden.

6.2.2. Retorikken til Varden

Øyvind Østerud skriv at politisk kultur vart uttrykt blant anna gjennom retorikk, biletmønster og stilmønster, noko som vart variert over den politiske geografien.⁴⁴¹ Det er her derfor interessant å sjå korleis retorikken til Varden var, særskilt i samband med folkerøystinga i november.

⁴³⁵ Hasle, 2005: 20.

⁴³⁶ *Flødningsforholdene paa Nisser og Vraavand. Før og nu* er eit godt døme på ein politisk og næringslivssak som vest-telene skriv om i Varden.⁴³⁶ Dette var ei sak som kom opp fleire gonger til debatt. *Flødningsforholdene paa Nisser og Vraavand*, Varden, 23.10.95: 1.

⁴³⁷ Til dømes kva skular som praktiserte landsmålet.

⁴³⁸ Varden, 17.08.1905: 1, 2.

⁴³⁹ Varden, 09.08.1905: 2, *Vinje*, Varden, 09.11.1905: 2.

⁴⁴⁰ *Fattiggarden i Fyresdal*, Varden, 18.08.1905: 1.

⁴⁴¹ Østerud, 1991: 222.

Fyrst og fremst trykkjer Varden berre artiklar og innlegg som talar for republikk. Med mange lesarar i heile amtet, også i Øvre Bratsberg, vil me tru at avisa ville påverke lesarane til ein viss grad.

Varden brukte negative omgrep som «kongegale» når dei skreiv om monarkistane, og framstiller republikk som den beste statsforma.⁴⁴²

[A]t al Magt og Raadighed over Norges Styre blir hos det norske Folk [...] Men stemmer du Ja, da opnaar du at vi faar en fremmed Mand paa vor første Plads i Statsstyret, en Mand som ikke kjender os og som vi ikke kjender.⁴⁴³

Varden brukte omgrepet «ukjent prins» ved fleire høve, og prøvde å framandgjere prins Carl. Mange av artiklane, både Vardens eigne og nokre henta frå andre, kalla den potensielle nye kongen for framand, frå eit framandt fyrstehus. Men ein dansk prins var ikkje så framand som mange skulle ha det til, og var det nærmeste ein kunne kome i Noreg. Noreg hadde trass alt vore i union med Danmark i over 400 år før berre 90 år sidan på dette tidspunktet, så framande var dei neppe. Det er nok heller eit retorisk verktøy for å få folk til å verte republikanarar. Det var skilnad på ein utlending og ein nordmann i toppen. I artikkelen «Hvorfor spare?» er redaktøren svært ironisk, og trekkjer fram Bjørnsons «Kongen» der kongen vart skildra som ein «Løgn i Spidsen».⁴⁴⁴ Det vart skrive at det ikkje var «særlig Grund til nu at vælge til Konge nogen anden Fremmed Fyrste, som ikke har delt de Farer og Vanskeligheder, som Norge i disse Tider har gjennemgaat.» Det vart spurt «Kjender Du Danskeprinsen? Nei da, i ingen henseende. Og alligevel vil du sætte ham paa den høieste Stilling i dit Land?»⁴⁴⁵ Korleis kan ein velje ein framand til å leie sitt land? Det var dette samvitet Varden prøvde å få folk til å kjenne på.

«Danskeprinsen vil intet godt gjøre dig og dit hus. Danskeprinsen kan intet godt gjøre for Norge. Men han baade kan og vil hæve en voldsom Gage af Norges Statskasse. Det er det eneste sikre.»⁴⁴⁶ Her prøvde Varden å treffe sparekulturen og dei som ønskte sparsomt i statshushaldninga. Som me skal sjå seinare, er den økonomiske sida av monarki republikanarane viktigaste argument, og i Varden vart dette skrive om svært ofte.

⁴⁴² *Landdistrikternes svar*, Varden, 06.11.1905: 1.

⁴⁴³ *Hvorfor spare?*, Varden, 23.10.1905: 2.

⁴⁴⁴ *Hvorfor spare?*, Varden, 28.09.1905: 2.

⁴⁴⁵ *Forslag til statsformen*, Varden, 07.11: 3. Orda om at det er best å velje ein konge som hadde delt dei vanskelege tidene med Noreg, til konge, kan me også lese at stortingsmennene som fremma «timandsforslaget». Heiberg, J. V. (Red.) (1906) *Unionens opløsning 1905. Officielle aktstykker vedrørende unionskrisen og Norges gjenreising som helt suveren stat*. Kristiania: J. M. Stenersen & Co as Forlag: 335.

⁴⁴⁶ *Det eneste*, Varden, 04.11.1905: 2

I tilfelle vart monarkiet samanlikna med bibelske bilete. Det var ein innsendar frå Rauland som samanlikna monarken med gullkalven frå 2. Mosebok, altså ein avgud.⁴⁴⁷ I ein annan artikkel meinte ein at sidan kongen ville vere heilag, ville det verte avgudsdyrkning.⁴⁴⁸

I dit hjerte er du Republikaner. DU vil gjerne ha et norskstyret og folkestyret Norge. Du vil gjerne ha et borgerligt, jævnt og billigt Styre. Nuvel. Det kan du skaffe dig selv og dine Efterkommere ved at stemme Nei. Saa gjør det. Lad dig ikke forstyrre eller forvirre af noget. Lad alle dumme Skraemsler og Trudsler gaa dit Øre forbi. Følg dit eget hjerteslag. Stem Nei.⁴⁴⁹

Her talar Varden til hjarta, kjenslene, og samvitet. Dei skriv «du», som om dei snakkar direkte til lesaren. Varden skriv så ein trur at hjarteslaga til alle er republikanske. Ein får ei kjensle av at viss ein røystar «ja», går ein mot det ein sjølv ønskjer. Men for mange var republikk det ein ikkje ønskte, og var det då nokon som fekk därleg samvit av at ein ville ha monarki? Dette kjem sjølvsagt ikkje fram i Varden, men kan oppfattast slik når ein les avisa.

Varden brukar altså fleire metodar for å treffe lesarane og overtyde dei om at dei skal røyste «nei» ved folkeavrøystinga. Dei skriv både om det rasjonelle og pragmatiske, som at monarkiet ville verte dyrt, nasjonalistisk, om at den føreslegne prinsen ikkje ville vere norsk, personlege kjensler, religiøse overtydingar, og brukar negative omgrep om monarkistar og monarkiet. Me kan då berre spekulere på om retorikken fungerte, og om folk tok til seg det dei las, eller om dei ikkje kjende seg att i det som stod på trykk. Det som er sikkert er at redaksjonen i Varden gjorde det dei kunne for å overtyde, og snakka republikanarane si sak kanskje meir enn nokon andre.

6.3. Politisk kultur i Øvre Bratsberg (tolka frå Varden)

Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg? Ved å studere vest-telenes aktivitet i Varden, supplert med anna forsking og andre kjelder, er det hovudsakeleg fire kjensler som kan skildre den politiske kulturen; 1) nasjonalisme, 2) offervilje, 3) fred, 4) republikanismen. Alle desse finn me gjennom bruken av folkemøte, foreningsliv og adresser til Storinget. Mens me allereie har studert foreningslivet, og seinare skal studere adressene, vil eg i dette delkapittelet gå gjennom desse kjenslene, og sjå korleis folkemøta tok opp desse.

Bøndene frå Bratsberg meinte sjølv at Bratsberg var det området i Noreg som var mest «norsk», der folk var mest nasjonale, meir klåre og vakne i sine nasjonale instinkt, og i

⁴⁴⁷ Den politiske himmel sett frå folkehavet, Varden, 09.11.95: 1.

⁴⁴⁸ Varden, 10.11.1905: 2. Forfattaren viser til 1. Samuelsbok kapittel 12, vers 17-19.

⁴⁴⁹ Varden, 08.11: 1.

Varden vart det nokre gonger trykt innlegg og artiklar som hylla telemarksbonden.⁴⁵⁰ Bøndene, særskilt frå Øvre Bratsberg, hadde ein tradisjon med skryt og sjølvhevding, som har ført til ein kraftkjelde som Øystein Rian meinte bidrog til at telemarkingane ikkje bukka under i historias løp. Denne skryte-tradisjonen, kombinert med geografiske plasseringa, spela ein rolle for kva bilete telemarkingane hadde på seg sjølv,⁴⁵¹ noko som også påverka den politiske kulturen. Når ein løfta seg sølv og sin kultur så høgt, for det forståing for kvifor dei var så imot embetsmenn, framande fyrstar og ville vere herrar i eige hus. Folket hadde kravd respekt for Noregs sjølvstenderett og verna om fedrelandets fridom og ære, og i juni 1905 var dette komplett. Telemarksbøndene arbeidde for at folk kunne byggje og bu i fred og tryggleik på eigen grunn.⁴⁵² Det vart skrive i Varden om at «[...] høit oppe i en Fjeldbygd, hvor alt er saa nationalt, saa ægte norsk som her. Landskabet, Dyrrene, Menneskene.»⁴⁵³ På Ungdomslagets krinsstemne i Brunkeberg tala formann i Telefylkets Ungdomslag, Lavrants Rui, om at der det er eit sterkt nasjonalt liv, der er forsvarsevna god. Denne haldninga forsterkar den nasjonalistiske kjensla som me kan finne i Øvre Bratsberg, og som me seinare vil sjå spela ein vesentleg rolle i kampen om innføringa av republikanismen.

Den politiske kulturen var også slik at telemarkingane ikkje var redde for å kjempe for saker dei trudde på, og når det galdt Noregs sjølvstende, var dette verkeleg ei sak dei var viljuge til å ofre alt for. Raulands heradsstyre skreiv at «et enigt og offervillig Folk staar bag» regjerings vedtak 7. juni.⁴⁵⁴ For Rauland var det viktig med ære, rett og sjølvstende, samtidig om at folket måtte halde saman, og dei var viljuge til å kjempe for dette: «Det gjelder for os fremdeles at holde sammen, vise klogskab og Fasthed, se mere på Realiteter end Former og bringe Norges skude i en tryg og lykkelig havn.»⁴⁵⁵ Hjartdal skreiv at dei var samde med regjeringa om handlinga 7. juni, og at dei ønskte ein fredeleg ende på konflikten. Desse bygdene uttrykkjer sjølvstende som noko svært viktig. Men i tillegg til det er offervilje, ære og god stemning blant folk viktig.

Det herska ei viss frykt for krig med Sverige etter 7. juni, og mange meinte det ville vise Sverige og verda at nordmenn ville vere sjølvstendige og samtidig unngå krig ved at alle røysta «ja» 13. august. Vest-telene sendte fleire brev til redaksjonen om at ein måtte unngå

⁴⁵⁰ *Udstillingen i Seljord*, Varden, 04.10.1905: 1. Varden, 09.09.1905: 2.

⁴⁵¹ Rian, 2004: 30f.

⁴⁵² *Hyllest til Bratsberg*, Varden, 09.08.1905: 2.

⁴⁵³ *Udstillingen i Seljord*, Varden, 04.10.1905: 1.

⁴⁵⁴ Varden, 20.07.1905: 2.

⁴⁵⁵ Varden, 15.08.1905: 2.

krig.⁴⁵⁶ Nordby meiner også redaksjonen vart riven med av den nasjonale kjensla som for gjennom landet før folkerøystinga.⁴⁵⁷ Folk ville ikkje vere i union lenger, og det stod blant anna ein notis i Varden med setninga: «Til den norske Regjering frå Haukelifjeld. Lad ikkje Svensken overliste os» av Aslak Botn.⁴⁵⁸

Karlstadsemja, som sa at Noreg skulle leggje ned alle grensefestningar mellom Noreg og Sverige, meinte mange var til å skjemmast av.⁴⁵⁹ Mange meinte denne overeinskomsten var audmjkande. Likevel måtte den stå, kom det fram, for det var enda meir audmjkande å ha ein svensk prins til konge.⁴⁶⁰ Den politiske kulturen i Øvre Bratsberg var altså det me i dag kallar nasjonalistisk, der den var sentrert rundt norsk sjølvstyre, at Noreg var for nordmenn. For å sjå ein motsetning, kan me i Grenmar lese om «...[d]en vundne Overenskomst, der ikke kunde opnaaes paa bedre Vilkaar end skeet». ⁴⁶¹ Så mens vest-telene ynkar seg for overeinskomsten, fryda redaktøren til Grenmar over den. Kan dette tyde på at vest-telene var meir opptatt av forsvar? Det kan verke som at vest-telene var opptatt av å forsvere seg sjølv (og æra), og var viljug til å kjempe viss det var nødvendig. Men me ser denne motstanden mot karlstadsemja også i Kristiania, så det var ikkje noko særegi i Øvre Bratsberg.⁴⁶² Men den kjem tydeleg fram der gjennom Varden.

Det var nødvendigvis ikkje stridslysta som var mest synleg i denne delen av amtet. Sjølv om Rauland ovanfor skreiv at dei var offerviljuge, var det mest ønskje om fred mellom Noreg og Sverige som kom fram.⁴⁶³ Men då Karlstadforhandlingane var avslutta, og Noreg måtte leggje ned festningane ved grensa til Sverige, vekte dette mykje oppsikt. Telemarkingane var tydeleg opptekne av at Noreg skulle kunne verne grensene sine, i tilfelle dei vart overfallne, ikkje berre av svenskane, men av andre potensielle fiendar.⁴⁶⁴ Telemarkingane sendte inn fleire notisar og artiklar om at Noreg ikkje måtte leggje ned desse festningane,⁴⁶⁵ og Roan Ungdomslag klaga til Stortinget og skreiv at dei «ser med sorg norske festningar rivne paa svensk komando. Helder døy «med æra enn leva med skam»».⁴⁶⁶ Dette er enda eit døme på at

⁴⁵⁶ Varden, 09.08.1905: 2. Varden. 12.06.1905: 2

⁴⁵⁷ Nordby, 1999: 64.

⁴⁵⁸ Varden, 04.09.1905: 1. Aslak Gunders. Botn, gardbrukar f. 1843, frå Vinje (Haukelifjell). Digitalarkivet, <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01037183001740>. Sist besøkt 25.01.2019.

⁴⁵⁹ Kredsstemma i Brunkeberg, Varden, 27.09.1905: 2.

⁴⁶⁰ Ydmygelse, Varden, 13.10.95: 1.

⁴⁶¹ Skal der aldrig blive fred i dette land?, Grenmar, 02.10.1905: 2.

⁴⁶² Protester mot Karlstadresultatet, Grenmar, 02.10.1905: 3.

⁴⁶³ Varden, 12.06.1905: 2. Varden, 09.08. 1905: 2.

⁴⁶⁴ Varden, 07.09.1905: 2.

⁴⁶⁵ Ungdomsstevnet i Brunkeberg, Varden, 25.09.1905: 2.

⁴⁶⁶ Fæstningerne, Varden, 04.10.1905: 3.

telemarkingane sette æra høgt, og også uttrykte offervilje. Det var fleire som skreiv adresser til Stortinget og regjeringa med bøn om at festningane ikkje skulle rørast.⁴⁶⁷ Men likevel vart det uttrykt at viss det trøngst, var dei viljuge til å døy for landet: «det hev fedrane døydt for, det vil og me gjere - trengst det.»⁴⁶⁸

Folk i Øvre Bratsberg vart mobiliserte gjennom blant anna folkemøte, noko som viser ein politisk kultur der folket gjekk saman for å oppnå ein ting, og arbeidde for å samlast under same sak. Dette var ein tradisjon dei hadde hatt sidan 1870-talet, som både foreiningar, heradsstyra og folkehøgskulen i Seljord heldt fram med for å diskutere viktige politiske saker.⁴⁶⁹ Agøy hevdar at poenget med folkemøta ikkje var å tilegne seg ny kunnskap og opplysning, men å få stadfesting på det ein allereie meinte og var samde om.⁴⁷⁰ Ved til dømes folkemøte i Treungen 11. november 1905, vart begge statsformene representerte ved foredrag og diskutert, men fleirtalet støtta republikken, noko dei truleg allereie hadde gjort.⁴⁷¹ Det same ser me ved folkemøte i Moredal, der det vart tala for republikk, noko folk allereie støtta, i følgje innlegget i Varden. Det vart halde folkemøte fleire stader i forkant av folkerøystinga 13. august for å få folk til å røyste.⁴⁷² På folkemøta vart det bruka både kjente personar og lure knep, for å manipulere folk til å vere samde med arrangørane.⁴⁷³ I Varden står det i ein artikkel om eit ungdomsstemne i Brunkeberg med omrent 500 til stades, der det vart vedteke ein adresse til stortinget. Nokre dagar seinare les me at det var feil informasjon frå førre artikkel, at ikkje alle 500 var med på adressa, men cirka 50 som skreiv den etter at dei andre hadde reist.⁴⁷⁴ Dei som skreiv adressa prøvde å manipulere leserane i Varden om at 500 meinte dette, noko Agøy har sett også har skjedd på andre folkemøte.⁴⁷⁵

Det var mange som møtte opp på krinsstemne og folkemøte. Ungdomslaget holdt krinsstemne, og ein deltarar skreiv til Varden at det var 2-300 menneske som var samla.⁴⁷⁶ Også i september skulle Telefylkets Ungdomslag ha krinsstemne i Brunkeberg,⁴⁷⁷ der 400-500 personar kom. Desse kom frå Fyresdal, Vrådal, Kviteseid, Brunkeberg, Seljord og

⁴⁶⁷ *Ungdomsstevnet i Brunkeberg*, Varden, 25.09.1905: 2.

⁴⁶⁸ *Fraa Flatdal. Den 17. mai*, Varden, 30.05.1905: 1.

⁴⁶⁹ Treungen fp. 27.12.1905. *For Republikk*, Varden, 06.11.1905: 2.

⁴⁷⁰ Agøy, 2018: 370.

⁴⁷¹ Treungen fp, 10.11.1905.

⁴⁷² *Frå Moredal*, Varden, 14.08.1905: 1. Varden, 03.08.1905: 2.

⁴⁷³ Agøy, 2018: 369.

⁴⁷⁴ *Ungdomsstevnet i Brunkeberg*, Varden, 25.09.1905: 2. *Frå Brunkeberg*, Varden, 02.10.1905: 2.

⁴⁷⁵ Agøy, 2018: 368.

⁴⁷⁶ Varden, 28.08.1905: 2.

⁴⁷⁷ Varden, 09.09.1905: 3.

Flatdal.⁴⁷⁸ Blant anna møtte det opp omrent 300 menneske på eit møte på Telemarks Folkehøgskule i Seljord.⁴⁷⁹ Kviteseid og Flatdal hadde også politiske møte denne tida.⁴⁸⁰

Påverka Varden veljarane i Bratsberg til å røyste «nei», og for republikk, eller kan det ha vore ein allereie etablert idé i lokalsamfunna? Når me har sett på korleis bondevenene og venstrerørslene jobba for Noregs utvida sjølvstende i unionen, og enkelte sentrale personars ønskje om republikk, lenge før 1905, er det ikkje vanskeleg å tru at republikktanken allereie eksisterte i Bratsberg før unionsoppløysinga, og at Varden berre uttrykte meininger som allereie fanst. Då unionsoppløysinga var eit faktum, kunne ein realisere den sida av folkesuverenitetslæra som sa at monarkiet ikkje var nødvendig for å få eit folkestyre, ein tanke som me har sett hadde vore i ein utviklingsfase allereie frå 1860-talet. Vest-telene var aktive i debatten om statsforma, som me skal sjå meir i kapittel 6.4. og snakka varmt om republikken. Me kan ikkje sjå bort i frå at dei republikanske haldningane allereie låg til grunn i Øvre Bratsberg, og at Varden sette ord på det folket allereie følte og meinte.

Varden skriv fleire gonger at stemninga var for republikk i Bratsberg, og også i resten av landet. Sidan det totalt i Bratsberg var fleire «ja» enn «nei», hadde Varden feil, eller hadde dei ikkje det? «Med hensyn til Statsformen har man jo heroppe i Bygderne havt noksaa store Tanker om Republiken, dersom denne kunde inføres uden for store Ulempor eller volde vor Anerkjendelse hindringer [...]» skriv ein innsendar frå Bratsberg.⁴⁸¹ Varden skriv også at «de Kongeivrigre Blade ved, at store Dele av folket holder paa Republiken [...].»⁴⁸² «Det norske Folks Flertal er i sit hjerte republikansk. Kongsmændenes fremste Talsmænd erkjender det. Og det er Utvilsomt sandt», skriv Varden.⁴⁸³ Frå fleire bygder vart det meldt at den republikanske stemninga var sikkert og jamt stigande.⁴⁸⁴ Dette er berre nokre døme på notisar Varden deler med lesarane sine om kva stemninga i amtet og landet var, og det er truleg at dette vart notert hjå dei enkelte veljarane. I eit folkemøtet i Mordedal var «stemningen [...] udmerket og det blir ikke mange Ja-Stemmer her».«⁴⁸⁵

⁴⁷⁸ *Kredsstema i Brunkeberg*, Varden, 27.09.1905: 2.

⁴⁷⁹ *Telemarks høgskule*, Varden, 94.11.95: 1.

⁴⁸⁰ Varden, 09.11.95: 2.

⁴⁸¹ *Fra Telemarken*, Varden, 19.10.1905: 1. Det vart opplyst at det var fleirtal av republikanarar i Flatdal (*I flatdal*, 09.11.1905: 2.) og i Kviteseid var det god stemming for republikk (Varden, 11.11.1905: 2)

⁴⁸² *Regjeringen*, Varden, 06.11.1905: 2.

⁴⁸³ *Grundloven*, Varden, 08.11.1905: 2.

⁴⁸⁴ Varden, 02.11.1905: 2

⁴⁸⁵ *For Republik*, Varden, 06.11.95: 2.

Desse utsegnene frå Varden er i konflikt med det tala og statistikkane seier. Mens det var nesten 64 % som røysta for republikk i Øvre Bratsberg, var det berre 20% av landets befolkning som røysta nei.⁴⁸⁶ Her har enten nokre telemarkingane og redaksjonen i Varden misforstått stemninga i landet, ikkje voreærlege og prøvd å påverke valet, eller så har noko radikalt hendt før folkerøystinga. Truleg så prøvde Varden å gjere alt dei kunne for å påverke veljarane i Bratsberg til å røyste «nei», og overdreiv i sin «informasjon» om korleis republikktanken stod i landet for å lure folk til å halde ved den tanken. Det er lettare å røyste mot regjeringa, og mot tradisjonen, viss ein trur at fleirtalet i landet gjer det same, og dette må redaksjonen i Varden brukt for alt det er verd. Tydelegvis så fungerte denne strategien, sidan Bratsberg var det fylket med flest «nei»-røyster, men det var likevel ikkje fleirtal alt i alt. Stemninga var trass alt for republikk dei mange stadene rapportane kom frå i Øvre Bratsberg, men ikkje elles i landet. Grenmar opplyser om at til og med dei mest radikale bygdene i landet var for monarki og prins Carl, så her var det usemje blant pressa.⁴⁸⁷

Vestmar, skreiv at Nansen hadde sagt at det i Noreg var fleirtal for monarki, men Vestmar meinte at ein ikkje kunne vite om dette var korrekt. «Det er tvertimod al Grund til at tro, at dersom en Folkeafstemning om det Spørgsmaal kunde foregaa ganske frit, vilde den vise et stort Flertal for Republikken, skrev «Fredrikstad Dagblad».»⁴⁸⁸ Når me tek alle oppropa og lesarinnlegga i Varden og måler dei opp mot røsteresultata, kan me konkludere med at det var ei generell haldning for å støtte republikk. Men det vert også røysta «ja», så det er viktig å ikkje konkludere med at alle var for republikk. Grenmar skriv «de Udtalelser og Ønsker, som her er fremsatte af Ungdomsforeninger og politiske Møder har ikke i mindste Maade virket til at overbevise os om, at Kravet paa en ny Statsform virkelig er et Folkeønske».«⁴⁸⁹ Avisa meinte at den republikanske rørsla ikkje hadde noko djup rot hjå det norske folk, og det hadde den også rett i, utanom då det gjaldt sitt eige amt.⁴⁹⁰

Røsteresultatet viser at folk i Øvre Bratsberg ikkje hadde noko problem med å snu ryggen til dei leiande mennene i landet når situasjonen tala for det, og dette oppmoda også Varden til. Republikanarane som kjempa for republikk fekk spørsmålet om dei ikkje skulle følgje regjering, Nansen og Berner. Då svara Varden at det gjer dei når dei ser det som godt og

⁴⁸⁶ St.mdd. nr. 5, 1905: 17.

⁴⁸⁷ Grenmar, 26.10.1905: 2.

⁴⁸⁸ Kongedømme eller republik?, Vestmar, 29.07.1905: 1.

⁴⁸⁹ Ny statsform?, Grenmar, 04.10.1905: 2.

⁴⁹⁰ Til Landets Beste, Grenmar, 18.10.1905: 2.

riktig, men ikkje elles. «Det er din egen overbevisning, du skal følge.»⁴⁹¹ Ein innsendar frå Øvre Bratsberg skriv «[s]o dumme er me ikkje her uppe i Fjellbygda at me trur slikt» når regjeringa sa at forfatninga høva til kongedømme. Grunnlova, meinte mange, gav rom for fridom og utvikling, og derfor også endringa av statsforma.⁴⁹² Dette vert ein stor og viktig del i debatten, og monarkistanes viktigaste argument for å behalde monarkiet.

Når Noreg endeleg var fritt, var det betre å ikkje ha konge som tidlegare hadde gitt det norske folk berre sorg, stod det i eit dikt i Varden. Me ser tydelege spor av at ein ville vere herre i eige hus, og at nordmennene «raader sjølv vaart hus!». Denne haldninga viser ein klar og tydeleg linje frå den sterke sjølveige-tida før 1800, og sjølv om prosenten av sjølveige hadde gått ned før 1905, var haldninga om å vere herre i eige hus framleis der.⁴⁹³

Etter folkerøystinga var Varden raskt ute med å vere tydelege på at dei ønskte venskap mellom dei ulike partane.⁴⁹⁴ «Saa vidt vi har kunnet se er der i den republikanske Presse Samstemmighed om, at for Folkeavstemningens Resultat skal man bøie sig lojalt.»⁴⁹⁵ Dette vert også skrive før folkerøystinga.⁴⁹⁶ Me finn ingen døme på at folk i bygdene demonstrerte mot røysterresultatet, eller mobiliserte seg for eit republikk-parti, men heller tvert imot. Det var ein frykt om at Venstre skulle verte splitta eller gå i oppløysing, sidan Venstre i Øvre Bratsberg hadde kjempa for republikk, men heller ikkje dette skjedde.⁴⁹⁷ Elles ser me at republikanarane respekterte avrøystingas resultat, sidan den hadde vorte bestemt av folket.

Nærøvik skriv at «[n]asjonalismen i Telemark hadde sterke undertonar av republikanismen», og ser det i samanheng med radikalismen som spreidde seg gjennom bondevenrørsla, folkehøgskulen, samtalelag og skyttarlag.⁴⁹⁸ Den republikanske haldninga var ikkje ny i Bratsberg i 1905, og hadde allereie i fleire år utvikla seg og spreidd seg. Men det var først i 1905 ein kunne sjå fruktene av republikk-tanken som hadde modnast dei siste tiåra, og folk faktisk kunne ta stilling til statsforma.

⁴⁹¹ *Hjem skal du følge?* Varden, 08.11.95: 2.

⁴⁹² *Folkeavrøystinga under «Pres»*, Varden, 09.11.95: 1.

⁴⁹³ *Jaabæks nei!*, Varden, 03.11.1905: 1.

⁴⁹⁴ *Efterpaa*, Varden, 14.11.1905: 2.

⁴⁹⁵ *Enighed*, Varden, 16.11.1905: 2.

⁴⁹⁶ *Oppraab*, Varden, 17.10.1905: 1.

⁴⁹⁷ Treungen fp, 27.12.1905.

⁴⁹⁸ Nærøvik, 1979: 144.

6.4. Statsformdebatten og argument for republikk

I dette delkapittelet skal statsformdebatten koma i fokus. Dei fleste republikkargument er henta frå Varden, og motargumenta er henta hovudsakeleg frå Grenmar og Kragerø Blad. Eg kjem hovudsakeleg til å bruke republikkargument som kom frå Øvre Bratsberg, men sidan det ikkje er nokre motargument å lese derfrå, vil desse kome frå byavisene frå Porsgrunn og Kragerø. Desse henta også ein del argument frå dei nasjonale avisene, noko Varden også gjer om republikk, og desse vil fylle inn for å underbyggje, eller i nokre høve koma med eigne argument.

Vestmar har ein artikkel i trykk den 11. november der det står at kommande folkerøysting *ikkje* tar stilling til monarki eller republikk, men om ein var samde eller ikkje i stortingets «bemyndigelse» til regjeringa om å oppfordre prins Carl av Danmark til å bli norsk konge.⁴⁹⁹ Varden meinte at avrøystinga handla om monarki og republikk. Det vart ein stor debatt i forkant av avrøystinga som omhandla republikk og monarki, og realiteten vert at det var statsforma ein kjempa for ved folkerøystinga, sjølv om nokre aviser prøvde å ta spørsmålet konkret og seriøst.

I Vestmar skriv H. Bakke at «[...] når mend som professor Sars, president Berner og statsråd Løvland, der har stået forholdene nærmest sätter al sin indflytelse ind til fordel for kongedømme,- så er der intet andet at gjøre, end at støtte stortingets forslag, og gjøre vort til at vi jo før jo hellere kan komme ind ind (sic.) i ordnede forhold». Vidare står det at han meiner måten republikanarane har arbeida for å fremme statsforma, har samtidig øydelagt for saka. Opphaveleg var Bakken for republikk, men hadde endra syn og såg monarkiet som den mest fornuftige statsforma.⁵⁰⁰ Samanliknar me med Varden vart eit slikt type innlegg aldri publisert. Mens Vestmar berre hinta forsiktig om kva statsform dei meinte var best, men var open for at alle «faglige Indlæg i Dagens politiske Spørgsmaal» ville bli publisert,⁵⁰¹ dreiv Varden med ein tydeleg selektiv behandling av ytringar og meininger, og dreiv ein meir aggressiv form for forsvar av republikken og debatt mot monarki.

Statsformdebatten var ein politisk sak som gjekk på tvers av partia, og som ingen parti på landsbasis hadde bestemt kva statsform dei ville støtte. Mange venstremenn støtta monarki,

⁴⁹⁹ *Til Kragerø Stemmeberettigede!*, Vestmar, 11.11.1905: 2.

⁵⁰⁰ *Folkeafstemningen*, Vestmar, 04.11.1905: 2.

⁵⁰¹ Vestmar, 28.10.1905: 1.

og mange stader jobba Venstre og Høire saman om gjennomføringa av kongevalet.⁵⁰² «Det er bemerkelsesverdig, hvorledes den ene Venstremand efter den anden finder det nødvendigt at rette Advarsler mod Forfatningsstormerne» skriv Grendmar, og refererer til litteraturhistoriker Nils Kjær som seier at «det er ikke sundt for et Folk at holdes i evig Spænding af den store Politik. Selv om det høres ud som en høiresætning, saa er det ikke sundt». ⁵⁰³ I Bratsberg derimot, støtta fleire Venstrelag republikken, og dei gjekk imot landsforeininga i denne saken.

Det vart lenge diskutert korleis statsform-spørsmålet burde bestemmost. Det var tre måtar dette kunne skje på: 1) ein valt komité som ville bestemme det;⁵⁰⁴ 2) folkerøysting der folk får velje direkte; 3) ved stortingsvalet i 1906, der folket får røyste på dei partia som støtta dei ulike statsformene.⁵⁰⁵ Men pressa er tydeleg på at regjeringa og Stortinget ikkje skulle bestemme statsforma utan å høyre kva folket ville.⁵⁰⁶ Vestmar, skreiv at statsformspørsmålet burde bli bestemt ved valet i 1906,⁵⁰⁷ mens Varden vippa meir mot ein komité som skulle velje.⁵⁰⁸ Grenmar forstod ikkje poenget med at folket måtte bli høyrd i denne saka, for Stortinget hadde fått suverenitet frå folket til å ta avgjersler på deira vegne.⁵⁰⁹

Ja, det er for Opretholdelsen av Norges Statsform, Kongedømmet, for 7de Juni-Verkets Fuldendelse, for Næringslivets Krav, for den storpolitiske Krises endelige Afslutning, for den Regjering, som har ledet os frelst over alle Skjær, for det Storthing, hvis Beslutning er inbanket for Folkets Domstol. Nei er mod Grundlovens Opretholdelse, mod Krisens Afslutning iaar, mod Næringslivets Krav paa Arbeidsfred, mod Regjeringen, som staar og falder med sit Forslag, mod Storthinget af 1905, som vil blive umyndiggjort, hvis Neierne seirer, men for den politik, hvori Socialisterne ser «Banen fri» for sine Planer. Kan Valget være tvilsomt?⁵¹⁰

Dette vart skrive av Grenmar, som heldt til i Porsgrunn, der nesten 80 % røysta monarki. Valet var tydelegvis ikkje tvilsamt i dette området. Viss ein var tvilsam i Øvre Bratsberg, kjem ikkje dette fram nokon stad, anna enn valloppmøtet. Når eit herad hadde lågt oppmøte, kan ein årsak vere at ein var i tvil om kva statsform som var best.

Allereie 3. juni skreiv Varden om republikk som statsform. Frå då av vart artiklar om statsformspørsmålet og republikkpositive artiklar trykte svært ofte, og lesarane kunne lett

⁵⁰² *For Kongevalg*, Grenmar, 01.11.1905: 3. *Ingen oprivende Kamp*, Grenmar, 02.11.1905: 2. *Varm stemning for Kongevalg*, Grenmar, 02.11.1905: 2.

⁵⁰³ *Det er bemerkelsesverdig*, Grenmar, 19.10.1905: 2.

⁵⁰⁴ *Republik eller kongedømme?* Varden, 18.06.1905: 2. Varden, 21.06.1905: 2.

⁵⁰⁵ *Norges Trone. Den danske Carl*, Varden, 13.07.1905: 2. *Tre Maader*, Varden, 24.10.95: 2.

⁵⁰⁶ Varden, 18.07.1905: 2.

⁵⁰⁷ *Regjeringsformen*, Vestmar, 30.09.1905: 2.

⁵⁰⁸ *Statsformen*, Varden, 28.09.1905: 2. Også kalla timannsforslaget.

⁵⁰⁹ *Folkeafstemning?*, Grenmar, 25.10.1905: 2.

⁵¹⁰ Grenmar, 08.11.1905: 1.

verte påverka av dei varme orda om republikk, og dei krasse orda om monarki. Varden, tok som oftast ikkje med artiklar eller innlegg som talar for monarki.

Som sagt var det arrangert folkemøte fleire stader i Øvre Bratsberg for å diskutere den politiske situasjonen, og kva statsform landet burde ha. Det var folkemøte i Seljord

hvor Kr. Hansen og Sv. Kodde og Naadland talte for Republik. Sogneprest Wicklund andbefalte Kongedømme, men hadde omrent ingen Tilslutning i Forsamlingen. Ca. 350 Mennesker var tilstede. Følgende Resolution vedtages: «Den 12. November røystar me for Republik. Vedteke paa Folkemøte i Seljord efter Foredrag af Erling Børgson».⁵¹¹

Seljord, på lik linje med Treungen, haldt foredrag der begge statsformene vart diskutert, men på begge stadene heldt fleirtalet av dei som møtte fram på republikken.⁵¹²

Når Stortinget røysta om det skulle gjennomførast eit kongeval straks, røysta alle tingmennene frå Bratsberg imot forslaget. Forslaget fekk fleirtal, og ein som ikkje kunne tolerere dette var finansminister Gunnar Knudsen, som på grunn av det gjekk ut av regjeringa.⁵¹³ Knudsen, som hadde bakgrunn frå Bratsberg, fekk fleire brev om takk for at han stod fast på sine meininger, mellom anna frå Gauset Ungdomslag frå Tinn.⁵¹⁴ Knudsen var ein mann som hadde støtte frå folk i Øvre Bratsberg. At amtets fremste rikspolitikar tok valet om å gå imot regjeringa og støtta republikk, og hadde stortingsrepresentantane frå sitt eige amt med seg, kunne gje mot til folket i amtet til å gjere det same. At alle dåverande tingmenn, fleire tidlegare tingmenn og suppleantar frå Bratsberg også valde å røyste for republikk, som Ullmann og Peder Rinde,⁵¹⁵ kan, saman med støtta til Knudsen, ha styrkt det republikanske fellesskapet i Bratsberg.

Valkampen før folkerøystinga 12. og 13. november varte i 14 dagar, og for mange var den alt for kort. «Tida var saa knap, at det hele ble en overumbling» skriv redaktøren i Varden.⁵¹⁶ Folkerøystinga viste ikkje nødvendigvis folkets sanne vilje gjennom ordformuleringa,⁵¹⁷ og

⁵¹¹ Varden, 05.11.1905: 1. Landhandlar Kr. Hansen frå Kviteiseid var formann i ein ungdomsforening, som hadde som mål å støtte Telemark Høgskule (*Ungdomsforening*, Varden, 01.11.1905:2.). Sv. Kodde var gardbrukar (Digitalarkivet. Henta frå (25.01.2019):

<https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01052848000978>) og Naadland var som kjent styrar for Telemark Folkehøgskule. Erling Børgson har eg ingen opplysning om.

⁵¹² Treungen fp: 27.12.1905. Vestmar har ein notis som «Skibsreder Leif Gundersen, Porsgrund, [som] holder i disse Dage Foredrag i Vesttelemarken for Republikken». Vestmar, 11.11.1905: 1.

⁵¹³ *Stillingen i Stortinget*, Vestmar, 21.10.1905: 2.

⁵¹⁴ Varden, 06.11.95: 2.

⁵¹⁵ Varden, 07.11.1905: 2.

⁵¹⁶ *Efterpaa*, Varden, 14.11.1905: 2.

⁵¹⁷ *Til det norske folk*, Varden, 03.11.95: 1.

redaktøren meinte at «[u]dfaldet maatte da blive som det blev: et tabt Slag, et totalt Nederlag for Republikanerne».⁵¹⁸ Det var nok truleg derfor bratsbergtingmennene ikkje ville ha folkerøysting med det same. Me kan spekulere på om resultatet kunne ha vorte annleis dersom valkampen hadde vore lengre. Republikanarane vann valkampen der dei allereie var etablerte, men med den korte tida til disposisjon, var det ikkje mogleg med dåtidas teknologi og infrastruktur å gjere seg gjeldande så langt utanfor sin eigen krets.⁵¹⁹

Kva argument brukte republikanarane for å fremme republikk? Eg vil her sjå nærare på dette ut frå min studie av Varden. Eg har henta nøkkel-argumenta frå Olav Rovde,⁵²⁰ sett på korleis desse synspunkta vart framførde, og kva betydning dei hadde. Deretter vil eg kort vise til monarkistanes motargument.

Me kan samle republikk-argumenta i fire kategoriar. Den fyrste var at eit kongedøme var brot på eit demokratisk likskapsideal.⁵²¹ Ein konge har fødselsrett til stillinga, mens ein president er demokratisk og folkevald øvste leiar. Altså, ein konge er eit brot på eit demokratisk likskapsideal. Ein president er ein leiar som er vald av folket, og som er blant folket. Det er ein leiar som passar best med den nasjonale kjensla.⁵²² Mange frå Øvre Bratsberg meinte republikk ville støtte opp om demokratiet betre enn eit monarki nokon gong ville, noko som samsvarer med folkesuverenitetslæra tolka slik Rousseau, USA og Frankrike gjorde. Republikk var best «idet vi tror det bedst vil fremme Fædrelandets Gavn og er i dybere Samklang med Grunnlovens demokratiske Aand.»⁵²³ Varden skreiv 29. august:

Man foretrækker Republikken fordi den bedst stemmer med Demokratiets Sag og Tanke, fordi det strider med al fornuftig Sans, at store Stillinger skal arves, fordi kongedømmet lægger falske Maal og er en stadig Kilde til Snobberi.⁵²⁴

Dette er ein retorikk som talar rett til bøndene ved at dei trekkjer fram omgrep som «demokrati», «fornuftig sans» og «snobberi». Snobberia var noko som høyrd til hoffet i hovudstaden, og som var noko negativt.⁵²⁵ For mange republikanarar var likskapsidealet

⁵¹⁸ *Efterpaa*, Varden, 14.11.1905: 2.

⁵¹⁹ Noko Høiland også har sett i sin undersøking om republikanismen i Agder. Høiland, 2018: 99.

⁵²⁰ Rovde, 2005: 30f.

⁵²¹ Rovde, 2005: 30.

⁵²² *Statsform*, Varden, 28.09.1905: 2.

⁵²³ *Vinje*, Varden, 09.11.95: 2.

⁵²⁴ *Statsformen*, Varden, 29.08.1905: 2.

⁵²⁵ *Stemmer du?* Varden, 10.11.1905: 2.

vikting. Ein frykta at innførselen av ei kongeslekt ville vere med på å auke klasseulikskapane i Noreg i staden for å redusere dei.⁵²⁶

Den andre kategorien var at eit arveleg aristokrati kunne involvere landet i dynasti- og slektsinteresser og på den måten blande seg inn i internasjonal storpolitikk Noreg ikkje var tent med.⁵²⁷ Dette ville skje gjennom kongens slektskap med andre nasjonar. At kongen kom frå Danmark og dronninga frå England kunne også føre til at stormakter som Russland og Tyskland meinte Noreg var i allianse med Storbritannia, noko som kunne vere ueheldig for forholdet med desse landa. «Ogsaa fremtrædende høiremænd finder, at Norge maa holde seg udenfor «de fyrstlige Forbindelser» vart det skrive frå Seljord.⁵²⁸ Dette meinte også både Hagerup og andre stortingsmenn, både frå Høire og Venstre.⁵²⁹

Den tredje kategorien var Sparsemd i statshushaldninga, og var også det mest brukte og kanskje viktigaste argumentet telemarkingane brukte.⁵³⁰ Frå fleire bygder kravde folk statleg sparsemd frå øvst til nedst.⁵³¹ Varden oppmuntra alle i by og bygd til å «bruge Jaabæks kvasse Nei mod en stor Udgiftspost».⁵³² Bondevenleiaren vart trekt fram i 1905, sjølv om bondevenene ikkje hadde vore organiserte sidan 1870-talet. Arven etter Jaabæk var framleis stor i Bratsberg, og særskilt i dei øvre bygdene.⁵³³ Kongehuset ville verte dyrt og mest sannsynleg koste mykje meir enn ein president ville gjere, og derfor ville republikk vere den billigaste statsforma. Derfor ville republikk også vere den mest rettferdige styreforma.⁵³⁴ Det var snakk om at omtrent 750 000 kroner skulle gå til underhaldning til kongefamilien. Peder Rinde samanliknar i ein artikkel i Vestmar, årsløna til kongen med statsrådane, og der statsministeren ville få 22 000 i løn i året, ville kongen få 750 000.⁵³⁵ Republikanarane meinte at denne summen etter kvart ville auke. For at staten skulle ha råd til å betale dette, måtte det kome nye skattar og auking på tollavgifter.⁵³⁶ Forhandlingsprotokollen til både Treungen og

⁵²⁶ Ferkingstad, 1958: 21ff, henta hjå Høiland, 2018: 62.

⁵²⁷ Rovde, 2005: 31.

⁵²⁸ Varden, 26.10.1905: 2.

⁵²⁹ Mykland, H. Falck (1951) *Dagbok ført i 1905 av statsminister Francis Hagerup*. Oslo: H. Aschehoug og Co: 194. Etter 7. juni sendte regjeringa eit tronforslag til den svenske kongen, som var av huset Bernadotte, om at ein av han sine sonar skulle bli Noregs nye konge, med ein rekke krav. Dette vart kalla Bernadotte-tilbodet, og det var ikkje før slutten av oktober at svenskekongen takka nei til tilbodet.

⁵³⁰ Rovde, 2005: 31.

⁵³¹ Varden, 02.11.1905: 3.

⁵³² Varden, 26.10.1905: 2.

⁵³³ Dette har også Høiland sett i Mandal og Lister amt. Sjå Høiland, 2018: 107, 110f og 113.

⁵³⁴ *Ydmygelse?* Varden, 13.10.1905: 1.

⁵³⁵ *Republik eller Kongedøme*, Vestmar, 21.10.1905: 2. Beløpet vil i dag tilsvare 54 200 000 NOK i følgje prisindeks-kalkulatoren til ssb.no.

⁵³⁶ *Penge! Penge!*, Varden, 21.10.1905: 2. *Stemmer du?*, Varden, 10.11.1905: 2

Kviteseid Venstreforening fortel at spørsmålet om å setje ned toll- og skattenivået var diskusjonstema allereie frå 1870-talet.⁵³⁷ For at også presidentskapet skulle koste minst mogleg, var republikanarane samde om at dei ville sleppe valkampar mellom presidentar, og heller la Stortinget stå for utpeikinga. Den sveitsiske, republikanske modellen vart sidd på som den aller billigaste styreforma.⁵³⁸ Også gamle høiremenn i Øvre Bratsberg ville røyste for republikk på grunn av den økonomiske ulempa med konge, påstod Varden.⁵³⁹

Den fjerde kategorien var at det var ein utanlandske prins som skulle få tilbod om kongetrona, og det ville då ikkje verte eit nasjonalt kongedøme.⁵⁴⁰ Sjølv om Danmark ikkje var eit ukjent land for nordmenn, var likevel prins Carl ein «ukjend» prins, det vil seie at han ikkje var norsk, og at nordmenn flest ikkje visste så mykje om han. Varden trykte eit innlegg av Arne Garborg der han uttrykte håp at den nye kongen i noko grad ville greie å realisere tanken om eit folkekongedøme,⁵⁴¹ noko republikanarane tidlegare hadde meint ville verte umogleg for ein framand prins. Med målrørsla framleis sterkt til stades i mange bygder i Øvre Bratsberg, som me har sett i kapittel 4.7., var arbeidet for å fremme det nasjonale gjennom det norske språket viktig. Ein norsk konge som ikkje snakka norsk kunne vere hemmande i dette arbeidet. Det nye, sjølvstendige landet måtte også utvikle si nasjonalkjensle, og ein utanlandske konge ville truleg hindre denne prosessen.

Korleis argumenterte så monarkistane mot desse argumenta? Ved å studere monarkist-avisene Grenmar og Kragerø Blad, har eg fått ein god oversikt over kva monarkistane reagerte på som republikanarane sa og gjorde, og korleis dei argumenterte mot dei.

Når det gjaldt argument-kategorien om demokratisk likskapsideal argumenterte monarkisten Fridtjof Nansen med at «[d]et Monarki, vi nu har, er mere demokratisk og frit end mange Republiker»,⁵⁴² og fleire var samde.⁵⁴³ Som sagt var monarkistane mest brukte argument at grunnlova var tydeleg på at Noreg var eit monarkisk demokrati, og at den ikkje var open for å endre statsform.⁵⁴⁴ Her argumenterte republikanarane tilbake med at Noreg hadde den friaste konstitusjonen i verda, og gav rom for fridom og utvikling, og var i tråd med

⁵³⁷ Treungen fp: 07.01.1888. Kviteeid fp: 21.05.1870.

⁵³⁸ *Ingen Valgkamp*, Varden, 06.11.1905: 2.

⁵³⁹ *Fra flere Bygder*, Varden, 02.11.1905: 3.

⁵⁴⁰ Rovde, 2005: 31.

⁵⁴¹ Varden, 27.11.1905: 1.

⁵⁴² *Nansen om statsformen*, Grenmar, 11.10.1905: 3.

⁵⁴³ *Folkeafstemningen*, Kragerø Blad, 04.11: 2.

⁵⁴⁴ *Stillingen*, Vestmar, 28.10.1905: 2. *Folkeavrøysting under «Pres»*, Varden, 09.11.1905: 1. *Forfatningen krever kongevalg*. Grenmar, 05.10.1905: 1.

folkesuverenitetslæra me har tatt føre oss i kapittel 5.5.1.⁵⁴⁵ Monarkistane meinte så at folkets fridom og utvikling ikkje ville bli hindra av eit monarki, og at det fantes fleire døme på monarki i Europa som også hadde ei svært fri konstitusjon.⁵⁴⁶ Grenmar skriv også at grunnlova var tufta på eit monarki, og at viss ein ville innføre republikk, måtte grunnlova «uden videre kaste[s] Vrag paa».⁵⁴⁷ Vestmar trykte eit intervju av utanriksminister Løvland frå ein fransk avis, der Løvland seier at «Norges monarkiske Forfatning er uberørt af de stedfundne Forandringer».⁵⁴⁸ Det var tydelegvis usemje om kva konstitusjonen sa i denne saka, om det var eit monarki, eller gav rom for å endre seg til republikansk.

Mens republikanarane meinte eit monarki ville vere uheldig med tanke på å involvere landet i internasjonale forhold landet ikkje var tent med, meinte monarkistane at nettopp det var ein fordel. Prins Carl sitt slektskap til fleire av dei europeiske kongehusa, ville vere til fordel for «et lidet Folk», både når det gjaldt politikk og økonomi.⁵⁴⁹ Monarkistane meinte også at «Norge som republik ikke vil kunne naa den Prestige i Europa som kongeriket Norge»,⁵⁵⁰ og at landet vil «naa frem til Tryghed og nyt Tiltag gjennem et demokratisk Dynasti med mægtige Forbindelser end gjennem farlig Ensomhed i en Republik».⁵⁵¹ Med forholdet ein monark ville ha til dei andre statane ville det føre til at Noreg ikkje ville oppleve nokre «overrasking», i motsetning til viss landet var ein republikk, som då ville stå utanfor det europeiske fellesskapet.⁵⁵²

Monarkistane meinte at monarki var den billigaste statsforma, og sjølv om ein konge ville få meir i løn enn ein president, ville det politiske biletet bli dyrare med republikk. Til dømes ville det bli brukt mykje pengar i valkamp,⁵⁵³ og det ville vere større fare for korruption.⁵⁵⁴ I dei allereie eksisterande republikekane hadde det blitt vist at republikk ikkje nødvendigvis var meir sparsam enn monarki.⁵⁵⁵ Monarkistane meinte også at innføringa av republikk ville føre til store kamper om forfatninga som kunne bli skjebnesvanger for landets økonomi, på negativ

⁵⁴⁵ Folkeavrøysting under «Pres», Varden, 09.11.1905: 1.

⁵⁴⁶ Til det norske Folk!, Vestmar, 04.11.1905: 1.

⁵⁴⁷ Folkeafstemningen, Grenmar, 11.11.1905: 2.

⁵⁴⁸ Le Temps interviewet udenriksminister Løvland, Vestmar, 30.09.1905: 3.

⁵⁴⁹ Til Kragerø Stemmeberedigede!, Vestmar, 11.11.1905: 2.

⁵⁵⁰ Prins Karl og Norges Trone, Grenmar, 09.10.1905: 3.

⁵⁵¹ Bjørnstjerne Bjørnson, Kragerø Blad, 30.09.1905: 3.

⁵⁵² Er Republikken billig?, Kragerø Blad, 19.10.1905: 2. Med «overrasking» meinast krig eller konflikt mellom land, noko som monarkistane meinte ville vere tvilsamt gjennom slektskap og venskap mellom statsoverhovuda.

⁵⁵³ Til Kragerø Stemmeberedigede!, Vestmar, 11.11.1905: 2.

⁵⁵⁴ Kongedømme- Folkeafstemning, Grenmar, 28.10.1905: 2.

⁵⁵⁵ Ny statsform?, Grenmar, 04.10.1905: 2.

måte.⁵⁵⁶ Sidan landet ville vere utanfor det europeiske fellesskapet som republikk, ville landet måtte bruke meir pengar på eit forsvar, enn det ville trengt viss det var monarki.⁵⁵⁷ I tillegg måtte ein betale pensjon til «en Masse forhenværende Presidenter».⁵⁵⁸

Som motargumentet om nasjonalt kongedøme, vert Harald Hårfagres Kongestol bruka. Det vart eit synonym på den norske trona,⁵⁵⁹ og med dette prøvde dei å vekke den nasjonalistiske kjensla. Det vart skrive at minna etter gamle konganes ville vere så sterke at ein dansk prins kunne bli omgjort til norsk konge,⁵⁶⁰ og tenkje og handle som nordmann.⁵⁶¹

Til slutt vil eg nemne monarkistanes argument om at Noreg var kjende med statsforma monarki, og hadde utvikla det konstitusjonelle monarkiet godt. Monarkiet hadde vorte godt og heldig for folket, vart det skrive, mens republikk hadde landet ingen erfaring med. «Hvorfor ønsker vi at beholde Kongedømmet? Fordi vi ikke uden tvingende Nødvendighed vil forandre Norges ældgamle Forfatning, hverken Harald Haarfagres mere en tusenårige Kongedømme eller Grundloven af 17de Mai 1814.»⁵⁶²

Las ein aviser som støtta monarki, fekk ein eit inntrykk av at monarkiet var det beste for landet, og republikk var eit dårlig alternativ. Las ein Varden fekk ein eit inntrykk av at republikk var det beste for landet, og at monarki ikkje var bra nok. Som eg har skrive tidlegare var det Varden som vert mest lest på bygdene i Bratsberg, og det var få av byavisene som kom heilt til Øvre Bratsberg. Varden slapp ikkje til monarkistar i avis si, så motargumenta som Grenmar og Kragerø Blad førte nådde truleg ikkje alle i fjellbygdene. Mens byavisene gir eit inntrykk av at det var svært få republikanarar i landet, og at stortingsmennene som støtta republikk var svært få, oppmuntrar Varden folk til å støtte desse menn, og ein får inntrykk av at dei kunne vinne kampen om statsforma. Dette tyder på at Varden var ein viktig aktør for republikanismen i Øvre Bratsberg, og dei bygde på haldningar som allereie var grunnfesta i området. Kombinerer me bondevenrørsla og norskdomrørsla, kan desse forme argumentar for republikk som mange bønder i amtet kunne slutte seg til gjennom sparsom, norskdom, nasjonalisme og fråhald, i tillegg til det demokratiske idealet

⁵⁵⁶ *Prins Karl og Norges Trone*, Grenmar, 09.10.1905: 3.

⁵⁵⁷ *Er Republikken billig?*, Kragerø Blad, 19.10.1905: 2.

⁵⁵⁸ *Kongedømme og Sparsomhed*, Vestmar, 11.11.1905: 3.

⁵⁵⁹ *Kongeriget Norge*, Grenmar, 02.11.1905: 2.

⁵⁶⁰ *Nationalt Kongedømme*, Kragerø Blad, 26.10.1905: 2.

⁵⁶¹ *Du norske Mand*, Kragerø Blad, 09.11.1905: 2.

⁵⁶² *Hvorfor ønsker vi at beholde Kongedømme?*, Grenmar, 11.11.1905: 2.

dei hadde kjempa om dei siste tiåra. Me må også kombinere dette med telemarkradikalismen og opposisjonskulturen som hadde vore og framleis var, sterk i Øvre Bratsberg.

6.5. Innsende resolusjonar og adresser

Karlstadsemja fekk folk til å mobilisere, og dei sendte inn resolusjonar og adresser til Stortinget og regjeringa. Stortinget fekk inn 25 resolusjonar før Karlstadsemja, og 40 etter, der dei sistnemnde kravde at folket skulle vere med å bestemme statsforma.⁵⁶³ Blant desse finn me 50 innsendte resolusjonar om Noregs framtidige statsform. Frå Øvre Bratsberg vart det sendt inn fem resolusjonar som vart registrert i dokument nr. 1 om «Utdalelser angaaende Norges fremtidige statsform».⁵⁶⁴ Det var elles til saman 12 innsendte resolusjonar og opprop frå Øvre Bratsberg som me kan finne i Varden. Dei andre Bratsbergavisene hadde svært få adresser, og dei få som kom med var frå handels- og sjøverksemder frå byane.

I Bratsberg kom dei fleste adressene frå kystområda. Det var for det meste foreiningar for ulike yrkesgrupper som stod bak, som til dømes Porsgrunds sjømandsforening og Skiens kjøbmandsforening. Dei fleste gjekk inn for monarki.⁵⁶⁵ Desse foreiningane og yrkene dei representerte, trong stabilitet i det internasjonale marknaden, og mellom nasjonane, og var derfor tidleg ute med å ønskje at statsforma vart bestemt, og meinte derfor også at monarki ville gje betre stabilitet for landets økonomi.

Frå Øvre Bratsberg finn me resolusjonar frå folkemøte og foreiningar. Frå Vinje vart det sendt ein resolusjon som «henstiller, at kongevalg ikke foretages før folkeviljen er hørt», noko Fyresdal arbeiderlag, Veum arbeiderlag og Seljord Ungdomslag også sendte. «Folkemøte i Nissedal uttaler sig for republik og anmoder storting og regjering om intet at foretage med hensyn til statsformen, før folket er hørt».⁵⁶⁶

Dei som sendte inn resolusjonar frå Øvre Bratsberg var altså folkemøte i Vinje, Fyresdals arbeidarlag, Veum arbeiderlag,⁵⁶⁷ Seljord ungdomslag og folkemøte i Nissedal. Eg fann alle

⁵⁶³ Solstad, 1964: 85.

⁵⁶⁴ Heiberg, 1906: 672-685.

⁵⁶⁵ Heiberg, 1905-1906: 672f,

⁵⁶⁶ Heiberg, 1905-1906: 676ff.

⁵⁶⁷ Arve Solstad meiner det ser ut til at Arbeidarforeininga støtta republikk, sjølv om dette aldri vart stadfesta gjennom partiprogramma. Arve Solstad har studert kven som støtta republikken, og har kome fram til at alle arbeidaravisane og mange viktige arbeidarforeining-leiarar støtta republikk. I Vestmar vart arbeidarane oppmuntra til å røyste «nei» ved kongevaltet. Me kan også tru at Fyresdal og Veum arbeidarforeiningar også støtta opp om republikken. Solstad, 1964: 137-178. I følgje Veums arbeidarlags porotokoll var det arbeidarlag også i Nissedal, Vrådal, Kviteseid og Treungen. «Veum Arbeiderlag». AAT-831002. Henta frå (14.03.2019): https://www.telemarksbilder.no/bitstream/handle/123456789/2481/Moteprotokoll1903_30.pdf?sequence=1&isAllowed=y: 02.07.1905. Arbeidere, Vestmar, 11.11.1905: 2.

desse resolusjonane i Varden.⁵⁶⁸ I tillegg til desse fann eg same staden også ein del brev til Stortinget og regjeringa. Blant anna var det ungdomsstemne i Brunkeberg, der kring 50 menneske vedtok ei adresse til Stortinget med bøn om ikkje å røre grensefestningane, og med krav om å la folket uttale seg om statsforma.⁵⁶⁹ Roan ungdomslag i Veum skreiv kunngjering til Stortinget om at dei «ser med sorg norske festningar rivne paa svensk komando. Helder døy «med æra enn liva med skam»».⁵⁷⁰ Eit brev var underskrive «Telemarkinger», der dei ber Stortinget la folket bestemme statsforma.⁵⁷¹ «Vinje Herredstyre ber stortinget om ikkje å bestemme forma for riksskipnaden, før folket har fått høve til å sei sin mening om det. Ordføraren.» Telefylkets Arbeidersamlag, som hadde årsmøte i Kviteseid, la ned ein bestemt protest mot at statsforma skulle verte fastslått før folket har hatt høve til å uttale seg. Menn og kvinner i Lårdal varsla Stortinget om at statsforma ikkje måtte slåast fast før det norske folk i val hadde sagt sin vilje.⁵⁷² Frå heradsstyret i Vinje vart det sendt ei oppmading til Stortinget om ikkje å fastsette statsforma før folket hadde uttala seg.⁵⁷³ Dei fleste var altså opptatt av at folket måtte bli høyrt før regjeringa bestemte kva statsform landet skulle ha, og det var ikkje nødvendigvis kva statsform som bør bestemmast resolusjonane var mest opptatt av, sjølv sagt med unntak.

Det var tre typar resolusjonar; 1) dei som sa at regjeringa og Stortinget måtte gjennomføre eit kongeval; 2) dei som sa at folket måtte bli høyrd før statsforma vart bestemt; 3) dei som agiterte for den eine eller andre statsforma. I Øvre Bratsberg vart det oftast nummer to og tre som vart sendt, og ofte ein kombinasjon av dei to. Fleire adresser som nemnd over, ynskja at folket måtte bli høyrd om statsforma, og mange anbefalte republikk.

6.6. Konklusjon

I dette kapittelet er det den politiske kulturen i 1905 og republikkargumentasjon som har vore i fokus. Eg har forsøkt å vise korleis den politiske kulturen var i 1905. Ved å studere avisene i Bratsberg kan me forstå korleis den tidlegare utviklinga av den politiske kulturen viste seg i 1905. Vest-telene var nokon lunde aktive i avisas Varden, og særskilt då folkerøystinga vart bestemt, men det me ser er at det er mest foreiningar som er aktive i avisas, og få enkeltpersonar. Ut frå denne aktiviteten ser me at politisk kultur var eit naturleg resultat av

⁵⁶⁸ *Fæstninger*, Varden, 04.10.1905: 3. *Varden*, 19.10.1905: 2. *Seljord ungdomslag*, Varden, 20.10.1905: 2. *For Republikken*, Varden, 26.10.1905: 2.

⁵⁶⁹ *Ungdomsstevnet i Brunkeberg*, Varden, 25.09.1905: 2.

⁵⁷⁰ *Fæstninger*, Varden, 04.10.1905: 3.

⁵⁷¹ *Til den norske regjering*, Kristiania, Varden, 19.10.1905: 1.

⁵⁷² *Folket bør høres*, Varden, 24.10.1905: 2.

⁵⁷³ *Fra herredsstyrerne*, Varden, 06.11.1905: 1.

utviklinga tiåra før. I kampen om statsforma ser me at vest-telene var opptekne av sparsom, norskdom, likskapsideal, sider ved den politiske kulturen som hadde vokse seg sterkare etter skipingane av ulike foreiningar etter 1870-talet. Den politiske kulturen påverka kva folk gjekk inn for ved folkerøystinga i november 1905 ved at haldningar, tradisjonar og ideologiar viste kor viktig statsformspørsmålet var. Folk skulle ta stilling til spørsmålet regjeringa stilte, og når ein såg på den politiske kulturen som prega samfunnet, ville ein då kome fram til det svaret ein mest naturleg burde gje.

Eg har også gjort ei undersøking av argumentasjonar republikanarane brukte hausten 1905. Det var hovudsakeleg fire argument som gjekk att: 1) brot på eit demokratisk likskapsideal, 2) innblanding i internasjonal storpolitikk, 3) spareargumentet, og 4) det ville ikkje verte eit nasjonalt kongedøme med ein framand prins på trona.

Det kan verke som at det allereie fanst eit grunnlag for republikanske haldninga i Øvre Bratsberg, og når unionsoppløysinga var eit faktum, fekk viktige aktørar, med god hjelp av Varden, setje ord på det dei allereie tenkte og følte. Folket frå Øvre Bratsberg gjorde kva dei kunne for at republikktanken skulle spreie seg, og meinte det var den statsforma som passa best for landet. Eg vil likevel påstå at Varden hadde ein viss påverknad på innbyggjarane i Øvre Bratsberg i kampen om statsforma, og mange andre aktørar brukte denne avisar for å spreie si mening og tilråding. Sjølv om republikanarane tapte krigen om statsforma, vann republikanarane slaget om Øvre Bratsberg.

7. Konklusjon

I problemstillinga mi reiser eg to spørsmål: Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg, og korleis medverka den til veksten av republikanismen? Eg vil i konklusjonskapittelet drøfte eit spørsmål om gangen, og svare på forskingsspørsmåla som vart stilt i innleiinga.

Hovudvekta av oppgåva var om politisk kultur, der store deler av den politiske kulturen i Øvre Bratsberg vart forska på og analysert. Som nemnd i innleiinga var denne ein politisk kultur som omslutta fleirtalet, og då særskilt fleirtalet av røysteføre, og ikkje nødvendigvis *alle*.

7.1. Korleis var den politiske kulturen i Øvre Bratsberg?

Me ser ein gradvis, men sein, utvikling og endring av den politiske kulturen i Øvre Bratsberg. Den politiske kulturen gjekk frå å vere prega av at bøndene var i opposisjon til makthavarane før innføringa av demokrati, til at bøndene vart politiserte og meir delaktig i politikken, til å utvikle ein sterk organisasjonstradisjon som var basert på haldningar og tankar som allereie var ein del av folket. Dette gav grunnlag for utviklinga av ein republikansk haldning som fekk vekseforhold gjennom den politiske kulturen som hadde vore utvikla over lengre tid.

Utviklinga av den politiske kulturen gjekk føre seg i tre epokar, før 1814, mellom 1814-1884, og etter 1884. Eg har ved hjelp av fordeling av kapittel tatt føre meg politisk kultur i desse epokane, og har sett at sjølv om det var nye ting som prega kvar enkelt epoke, var dei likevel alltid i samanheng med dei tidlegare, og det var mykje som gjekk vidare til neste epoke.

Kva deler av den politiske kulturen gjekk attende gjennom heile perioden eg forska på? Den sida av politisk kultur som aller tydelegast var gjeldande gjennom heile perioden eg har forska på, var sparsemdprinsippet. Allereie lenge før 1800 var dette ein viktig post for bøndene i Øvre Bratsberg, noko som hadde ført med seg at dei i nokre tilfelle har vore handsama annleis enn resten av riket. Sparsemdprinsippet var også tidleg det som førte at bøndene ofte var i opposisjon til embetsmenn, dei styrande, som nokre gonger førte til konflikt. Bøndene i Øvre Bratsberg jobba også lenge med å minske makta til embetsmenn, og då ofte gjennom sparsemdprinsippet, ved at embetsmenn skulle få lågare løn og pensjon. I 1905 fekk sparetanken ein ny dimensjon, ved at sparsemd var ein viktig årsak til at mange ville forkaste monarkiet. Denne gruppa, republikanarane, stod så i opposisjon til fleirtalet, som ænskja at

monarkiet skulle oppretthaldast, og opposisjon vart derfor ein anna side av politisk kultur som viste seg gjeldande over lengre tid. Gjennom bondevenrørsla og venstrerørsla sette bøndene seg i opposisjon mot embetsmenn, og fremma ein politikk som kom bøndene til gode, og som bøndene skulle føre på Stortinget.

Korleis kan valstatistikk kaste ljós over den politiske kulturen? Valstatistikkane viser at det tok tid før bøndene i Øvre Bratsberg mobiliserte seg ved val, og det var først i 1870-åra at oppmøtettalet byrjar å stige. Her kan me sjå ein samanheng med den politiske aktiviteten i lokale foreiningar, som Venstrelag og folkehøgskulen. Når me samanliknar valstatistikkane med korleis Venstre førte valkamp før riksretten i 1883, ser me at valoppmøtet auka kraftig denne perioden. Valstatistikkane har også vist at det frå 1883 til 1905 var partiet Venstre som dominerte det politiske biletet, men at Høire sakte men sikkert voks. Statistikkane har vist store lokale skilnadar ved ulike val, men også den generelle utviklinga og resultata, noko som har ført til at me kunne drøfte vidare *kva* som førte til desse resultata, og sett korleis politisk kultur påverka val og korleis val påverka den politiske kulturen.

Kva parti hadde mest å seie for den politiske kulturen i Øvre Bratsberg? Tal frå valmannsvala viser også kva dei røysteføre røysta på, og etter partiskipinga i 1884 var det tydeleg at Venstre var det store vinnaren i Øvre Bratsberg. Etter 1888 gjekk røystetalet til Venstre noko ned, og Høire og Moderate fekk fleire og fleire veljarar. Men Venstre var likevel alltid i fleirtal før 1905. Når eit parti var så stort som Venstre var i Øvre Bratsberg (opp til 70 % ved nokre val), vil det sei at partiet førte ein politikk som mange kunne samle seg under. Mange av dei politiske sakene som Venstre var opptatt av, var saker som allereie var viktige for bøndene, og ved å politisere desse sakene hadde bøndene noko felles å kjempe for. Men det var nødvendigvis ikkje partiet som påverka den politiske kulturen, men heller den politiske kulturen som påverka partiet. Dette ser me klårt i 1905, der landsforeininga til Venstre var del om kva statsform som var føretrekt, og mange av dei leiande venstremenn gjekk offentleg og støtta monarki. I Øvre Bratsberg ser me at mange Venstrelag støtta republikk, og jobba aktivt med å fremme statsforma. I Øvre Bratsberg var det ein politisk kultur der ein ikkje var redd for å gå imot landsstyret (Regjering og Storting), og ta opp kampen for det dei meinte var mest rettferdig, økonomisk lønsamt, og gav mest folkefridom.

Korleis kan me bruke Stein Rokkan sin teori om sentrum- periferi for å forklare den politiske kulturen, og veksten av republikanismen? Det er tydeleg at Øvre Bratsberg var ein del av periferien, og langt i frå sentrum, både når me ser på horisontal og vertikal periferi. Sentrum

var både hovudstaden, der makteliten haldt til, og informasjonen kom frå, men me fann også sentrum i bygdene, som embetsmenn og dei lokale styrande. Det var ofte konflikt mellom bønder og embetsmenn, ofte på grunn av økonomiske forhold, og me finn attende den sosio-kulturelle konfliktdimensjonen fleire gonger i historia. Det vart utvikla ein motkultur som samsvarer med den frå Vestlandet, og som førte til større avstand til Austlandet, som Øvre Bratsberg var ein del av. *Kor viktig var så motkulturen for utviklinga av republikanismen i Øvre Bratsberg?* Øvre Bratsberg hadde ein klar motkultur, der dei gjennom målrørsla, ungdomslaga og fråhaldsrørsla bidrog til at Øvre Bratsberg sin kultur retta seg meir mot Vestlandet enn Austlandet. Me ser at Øvre Bratsberg hadde ein sterk motkultur, ved at dei ofte gjekk imot og utfordra den dominante kulturen i landet som var knytt til den styrande eliten, altså embetsmannstanden og det urbane borgarskapet. Denne motkulturen vart også styrka av telemarkradikalismen, ein radikalisme der dei var opptatt av å bevare gamle tradisjonar, og skilte seg derfor ut frå resten av landet som var opptatt av samfunnsendringar, til å fornye dei tradisjonane. Telemarkingane haldt framleis på det gamle, men med eit snev av nytenking, blanda med nasjonalisme (som forsterka denne radikalismen), og motkultur, får me ein bondekultur som var innoverprega, og som fort kunne stå i opposisjon til bykulturen, også kjent som sentrum.

7.2. Korleis medverka den politiske kulturen til å forklare veksten av republikanismen i Øvre Bratsberg?

Den politiske kulturen i Øvre Bratsberg utvikla haldningar og normer som gav grobotn til dei republikanske tankane, og då dei ulike rørslene vart etablert i andre halvdel av 1800-talet, gav dette næring til republikktankane hjå fjellbøndene. I tillegg ser me også utvikling av folkesuverenitetsprinsippet, som i fyrste omgang førte til riksrett og partidanning. Me såg også ein vidtgåande tolking av folkesuverenitetslæra, der ein mente at med folkesuverenitet trond ein ikkje konge, og at republikk var den statsforma som gjorde at folket fekk all makt. I Øvre Bratsberg kan me finne spor av denne tolkinga av folkesuverenitetslæra ved at fleire kjempa for folkefridom (Nissedal Venstreforening, tingmenn frå Bratsberg), og kombinert med haldninga om at ein ville vere herre i eige hus, gav dette næring til veksten av republikktanken.

Kva rørsler hadde noko å seie for veksten av den republikanske tanken? Det var ingen rørsler som hadde som hovudsak å innføre republikk, men innetter mange av rørslene finn me haldningar, tankar og personar som gav næring til den republikanske tanken. Bondevenrørsla var tidleg ute med republikk-synet, og foreiningas skipar, Søren Jaabæk, var tydeleg

republikanar. I Øvre Bratsberg finn me derimot spor av at Jaabæks republikanske haldningar ikkje var godt tatt imot. Eit tiår seinare kom Viggo Ullmann til Øvre Bratsberg og skipa Folkehøgskulen, ein mann som også var tydeleg republikanar. Allereie på skipingsmøtet i 1878 forelas Ullmann om republikk, og i løpet av tiåra fram mot 1905 vart dette eit tema som jamleg kom opp på seminar og folkemøte. Ikkje minst vart elevane på folkehøgskulen påverka av politikken som Ullmann opent drøfta med dei, ein gruppe der mange hadde blitt røysterettskvalifiserte i 1905. Ullmann og fleire andre frå folkehøgskulerørsla skipa så Venstrelag i Bratsberg. Venstre jobba for folkesuverenitet, sparsomt, bønders veg til tinget og ikkje minst skulepolitikk. Nokre av dei som høyrde til den mest radikale fløya i Venstre, Viggo Ullmann, Peder Rinde og Gunnar Knudsen, var menn som hadde mange tilhengjarar i Øvre Bratsberg. Når ein så kom til unionsoppløysinga, og temaet om statsform for godt kom opp i debatt, var det mange frå Øvre Bratsberg som viste sin støtte til særskilt Gunnar Knudsen, og republikanismen.

I tillegg til desse store, politiske rørlene, kunne ungdomslaga og målrørsla bidra med den nasjonalistiske kjensla, og motviljen til å innføre ein «framand» konge. Norsk kultur, nasjonalisme og språk vart dyrka, og også tanken om «Noreg for nordmenn».

Den sterke motkulturen forsterka Øvre Bratsberg sin posisjon som periferi, og då særskilt sosio-kulturelt. Å vere i avstand til sentrum kan føre til ein kulturell avstand, som kan føre til opposisjon til makthavarane, som kan, i Øvre Bratsberg sitt tilfelle, føre til at periferien vil minske makta til sentrum. Ein måte dette kunne skje på, og som kunne bli ein realitet i 1905, var avskaffing av monarkiet, og full folkesuverenitet, og sjølvstyring gjennom republikken. Studerer me andre områder i landet der motkulturen var sterk, finn me også tydelege republikk-område, til dømes indre fjordstrøk på Sørlandet og Vestlandet. Dette, meiner eg, gir eit grunnlag for veksten av republikanismen, og telemarkradikalismen gir så næring til republikktanken.

Utviklinga av lekmannskristendommen i Øvre Bratsberg gjorde det mogleg at ein kunne ta avstand frå dei gamle tradisjonane, sjølv om det var svært få som gjekk ut av statskyrkja. Denne tidlege utviklinga førte til haldningsendringar hjå bøndene i Øvre Bratsberg, men også her ser me ein tendens til at ein tar det nye med *inn* i det gamle, og ikkje endrar, men fornyar tradisjonane.

Kva republikkargument kan me finne attende i den politiske kulturen før 1905? Eg sette republikk-argumenta inn i fire kategoriar, og alle desse kan me finne attende i den politiske

kulturen i Øvre Bratsberg. Sparsemd-argumentet sa at eit monarki ville vere mykje dyrare enn ein republikk, og for å få råd til kongens lønn måtte skattar og toll aukast, ein sak bøndene i Øvre Bratsberg hadde jobba imot i lang tid allereie. Både bondevenrørsla og venstrerørsla hadde dette som viktige punkt.

Argumentet om framand fyrste og unasjonalt kongedømme møter me i norskdomsrørsla, ungdomsrørsla og særskilt målrørsla, som alle var store og aktive i Øvre Bratsberg. Målrørsla var også veldig viktig for folkehøgskulerørsla, og også dei jobba mykje for dette. Desse rørslene var mest tydeleg om dette under sjølve statsformdebatten hausten 1905, men mange av haldningane hadde ligge der lenge. Då er særskilt nasjonalkjensla viktig, og tanken om at den øvste statsleiar skulle vere norsk.

Det tredje argumentet om at arveleg aristokrati kan føre landet inn i internasjonal storpolitikk som landet ikkje var tent med, kan me finne attende i den politiske interessa hjå bønder fyrste halvdel av 1800-talet og oppover hundreåret. Bøndene frå Bratsberg hadde ein større interesse i lokalpolitiske og nasjonale saker, enn i internasjonal storpolitikk. Både bondevener og Venstrefolk kjempa for å få bøndene på Stortinget, og minske makta til embetsmenn. Embetsmenn hadde for mange blitt eit symbol på «unorsk» politikk. Og sjølv om bøndene ikkje var ukjende med behovet for kontakt med andre nasjonar, ynskja dei å kunne styre sin eigen skute, og ikkje bli fortalt kva dei skulle gjere. Dette var ein haldning som gjaldt både om andre land forhold til Noreg, og embetsmanns forhold til bønder.

Det fjerde, og siste republikk-argumentet, at monarki var brot på eit demokratisk likskapsideal, finn me attende i folkesuverenitetslæra. Øvre Bratsberg hadde ein kultur basert på egalitet blant bøndene, der det ikkje var store skilnadar på rike bønder og fattigfolk (det var få av både svært rike og svært fattige). Denne haldninga finn me så attende i politikken som stortingsbøndene frå Bratsberg førte, å minske makta til embetsmenn, og la majoriteten (bøndene) styre landet. I kampen for folkesuvereniteten som Venstre kjempa, og både Venstre sin og bondevenrørsla sin kamp om utviding av røysteretten/ ålmenn røysterett, finn me attende tanken om demokratisk likskap.

Den politiske kulturen i Øvre Bratsberg danna eit grunnlag for haldningar, tankar og idear som attende kunne støtte republikken. Gamle tradisjonar kombinert med ønskje om opplysning, politisk aktivitet, frilynt og fridom, førte til ein røre av idear som saman gjorde tanken om republikk både mogleg og ønskjeleg hjå folk i Øvre Bratsberg. Knut Dørum meiner nordmenn gjekk frå å vere undersåttar til medborgarar, og Agøy at telemarkingane

gjekk frå passivitet til radikalisme. Ser me på Øvre Bratsberg meiner eg det er ei line frå opposisjon til republikanisme. Mange av argumenta republikanarane i Øvre Bratsberg brukte før kongevalet, kan me finne attende i den politiske kulturen allereie før oppgåvas periode, og var gjeldande gjennom heile periodane. Då er det særskilt den sjølvstendige, sjølveigde, eigenrådige kulturen som hadde avstand og konflikt med sentrum og fremma sjølvstyre som me kan finne attende i republikk-tanken hjå bygdefolket.

7.3. Avhandlinga sin plass i forskingssituasjonen

Denne avhandlinga har sett på kva rolle politisk kultur spela på veksten av republikanismen, noko som, så vidt eg veit, ikkje har blitt gjort før. I staden for å studere politisk kultur i seg sjølv, slik Dørum, Ihalainen et. al. og mange andre historikarar har gjort, har eg brukt politisk kultur til å studere eit anna tema, nemleg republikanismen. For å kunne sjå politisk kultur sin rolle for veksten av republikanismen, har eg måtte studert den politiske kulturen i Øvre Bratsberg nærrare, og derfor samtidig bruka politisk kultur som mange brukar den, men for å studere eit område som ikkje systematisk har blitt analysert for å koma fram til den politiske kulturen.

Korleis kan så denne undersøkinga bidra til den større forskingssituasjonen? Å sjå ein utvikling av politisk kultur i eit område som Øvre Bratsberg, gjer at me kan sjå kva som var typisk for området, og finne opphavet til ein del av tankane og ideane som prega området. Me ser at sjølv om politisk kultur endrar seg over tid, så har den framleis eit utgangspunkt, som kan både verte forsterka og forminska gjennom utviklinga over tid. Denne avhandlinga kan brukast i ein større forsking på analyse av republikanismen, og bidra med korleis republikktanken vokst. Det er mange fleire faktorar som spela inn for utviklinga av republikanismen, og ved å forske på andre sider enn politisk kultur, kan ein få eit større og meir kompleks bilet av korleis den republikanske tanken vart utvikla i Noreg før 1905.

Mitt studie er også ein studie av ein region, nesten eit lokalsamfunn, i motsetning til Knut Dørum som studerte heile landet, og P. Ihalainen et. al. som studerte heile Skandinavia. Avhandlinga har vist at politisk kultur også kan brukast i mindre studie for å forklare politiske fenomen, og vise korleis samfunnet var.

Kjeldeliste

Utrykte kjelder

«Breigjot» Boks: VK 2003-006 (76). Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet.

Dørum, Knut, *Norsk politisk historie*. bd 1. Upublisert manus.

«Fohandlingsprotokol for Treungens venstreforening», ligg i avdeling for private arkiv på Nissedal kommunehus, ukjent opphav.

«Protokoll for Kviteseid Venstrelag», eigm av Kviteseid Venstre og forvalta av formann Hartwig John.

«Raulands Ungdomslags medlemmer for 1899» og «Raulands Ungdomslag 1904-1905». Boks: VK 1993-005. Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet.

«Uppskrivings- og vedtakings- bok for ungdomslaget Heimdal. 1897». Boks: LAVK 1993-001. *Ytre Vinje med Hjallarhornet + «Uppskrivings- og vedtakings-bok for ungdomslaget Heimdal 1897»* Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet.

«Veum Arbeiderlag». AAT-831002. Henta frå (14.03.2019):

https://www.telemarksbilder.no/bitstream/handle/123456789/2481/Moteprotokoll1903_30.pdf?sequence=1&isAllowed=y.

Nettstader:

Digitalarkivet, (25.01.2019) <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01037183001740>.

Digitalarkivet, (22.02.2019) <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01052848000978>.

Data om det norske partisystem, *Partidokumentarkivet*. Henta frå (29.03.1905):

<http://www.nsd.uib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=100&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=partikode:31&fq=aarstall:1885&fq=aarstall:1891&fq=aarstall:1894&fq=aarstall:1897>.

Data om det norske partisystem, *Partidokumentarkivet*. Henta frå (29.04.2019):

[http://www.nsd.uib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=100&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=partikode:71&fq=aarstall:1888&fq=aarstall:1891](http://www.nsd.uib.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/?q=&rows=100&fq=doktype:2&fq=doktype:1&fq=aarstall:1885&fq=aarstall:1894&fq=aarstall:1897&fq=partikode:71&fq=aarstall:1888&fq=aarstall:1891).

Trykte kjelder

Fedraheimen, 06.01.1883, nr. 1, 7. årgang. Henta frå (27.02.2019):

<https://www.nb.no/items/c76fb4e750d4f154c9408032d617a544?page=1&searchText=Fedraheimen%201883>

Grenmar. Eg har systematisk gått gjennom kvar utgåve av avis Grenmar frå 30.09.1905 til 13.11.1905, 28. årgang. (Mikrofilm)

Det Kongelige Finants-, handels-, og Told- Departementet (1838). *Statistiske tabeller for kongeriket Norge. Første række.* Christiania: Chr. Grøndal. Henta frå (20.02.2019):

https://www.ssb.no/a/histstat/nos/st_01r_1835.pdf

Kragerø Blad. Eg har systematisk gått gjennom kvar utgåve av avis Kragerø Blad frå 30.09.1905 til 13.11.1905, 24. årgang. (Mikrofilm)

St. mdd. Nr. 5 (1905-1906). *Ang. redegjørelse for resultaterne af folkeavstemningen den 12te og 13de november 1905.* Henta frå (14.10.16): https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1905-06&paid=2&wid=a&psid=DIVL2371&pgid=a_1876

Det Statistiske Centralbureau (1895) *Norges officielle statistik. Tredie Række No. 219. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Storhingsvalgene 1815-1885.* H. Aschehaug & Co. Kristiania. Henta frå (06.12.2018): https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_219.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1896) *Norges officielle statistik. Tredie Række No. 245. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Storhingsvalgene 1894.* H. Aschehoug & Co. Kristiania. Henta frå (06.12.2018): https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_245.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1898) *Norges officielle statistik. Tredie Række No. 306. Statistik vedkommende Valgmandsvalgene og Storhingsvalgene 1897.* H. Aschehoug & Co. Kristiania. Henta frå (24.04.2019): https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_306.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1901) *Norges officielle statistik. Fjerde Række nr. 25. Statistik vedkommende Valgthingene og Valmgandsthingene 1900.* I kommission hos H. Aschehoug & Co. Kristiania. Henta frå (05.12.2018): https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iv_025.pdf.

Det Ststistiske Centralbureau. (1903). *Norges officielle statistik. Fjerde Række. Nr. 73.*
Folketællingen i Kongeriget Norge 3 december 1900. Andet Hefte. Kristiania. H. Aschehaug & Co. Henta frå (02.10.2018): https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iv_073.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1905) *Norges officielle statistik. Gjerde Række nr. 109-Statistik vedkommende Valgthingene og Valmgandstingene 1903.* I kommisjon hos H. Aschehoug & Co. Kristiania. Henta frå (05.12.2018):
https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iv_109.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1907) *Norges officielle statistik. V. 49. Stortingsvalget 1906.* H. Aschehoug & Co: Kristiania. Henta frå (07.03.2019):
https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_v_049.pdf.

Det Statistiske Centralbureau (1927) *Norges offisielle statistikk. VIII. 14. Forbudsavstemningen 18 oktober 1926.* Oslo: H. Aschehoug & Co. Henta frå (01.04.2019):
https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_viii_014.pdf.

Telefylkets Ungdomssamlag, *Vedtak fyr Telefylkets ungdomssamlag. Godkjende paa aarsstemna i Kviteseid den 4de Juli 1896.* Hasles Trykkeri. Skien. Teipa fast i Heimdal Ungdomslags protokoll. «Uppskrivings- og vedtakings- bok for ungdomslaget Heimdal. 1897». Boks: LAVK 1993-001. *Ytre Vinje med Hjallarhoret + «Uppskrivings- og vedtakings-bok for ungdomslaget Heimdal 1897»* Vinje kulturhistorisk arkiv v/ Raulandsakademiet.

Varden. Eg har systematisk gått gjennom kva utgåve av avisas Varden frå 30.05.1905 til 30.11.1905, 31. årgang. (Mikrofilm)

Vestmar. Eg har lest avisene gitt ut 29.07.1905, 28.09.1905, 30.09.1905, 07.10.1905, 14.10.1905, 21.10.1905, 28.10.1905, 04.11.1905, 11.11.1905, 38. årgang. (Mikrofilm)

Litteratur

Agøy, N. I. (2005) Folkeavstemningen 13. august- hva var den og hva var den ikke? I Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905.* Porsgrunn: Wera AS.

Agøy, N. I. (2014) Nasjonen i Telemark, Telemark i nasjonen. I Hyvik, Hoel og Krøvel (red.) *Med påhalden penn?* (51-94) Oslo: Novus Forlag.

Agøy, N. I. (2015) Fra passitivitet til radikalisme. I Agøy et. al. (Red.) *Telemarks Historie 2. 1814-1905.* (2. opplag, bd. 2) Bergen: Fagbokforlaget.

Agøy, N. I. (2018) Falske nyheter, alternative fakta og sleipe knep. Politiske folkemøter. *Heimen*. 55 (04) 361-374. Henta frå (18.04.2019):
https://www.idunn.no/file/pdf/67092024/heimen_2018_04_pdf.pdf.

Andersen, A. S. et. al. (Red.)(1999) *Glimt fra arbeiderbevegelsens historie i Telemark. LO 100 år 1899-1999*. Skien: Oluf Rasmussen AS.

Berg, O. T. (2014, 24. oktober) Krysspress. *Store Norske Leksikon*. Henta frå (25.01.2019):
<https://snl.no/krysspress>.

Berge, R. (1975) *Vinje og Rauland IV*. Stavanger: Dreyer Aksjeselskap.

Bolstad, G. (2010) «*Der blev dygtig politiseret...*» *Politisk kulturdannelse i Øvre Telemark rundt 1814* (Mastergradsoppgåve). Volda: Høgskulen i Volda.

Bolstad, G. I Ormestøy P. (Red.)(2016) A. *Ole Blom. Dagbøker og brev 1809-1846. Bind 1 1809-1823*. Latvia: Jelgavas Tipografija.

Dørum, K. (2010) Opprør eller legitim politisk praksis? Kommunalisme og folkelige aksjoner i Norge ca. 1700-1850. I H. Sandvik (red.) *Demokratisk teori og historisk praksis. Forutsetninger for folkestyre 1750-1850*. Danmark: Scandinavian Academic Press.

Dørum, K. (2012) Thrane-bevegelsen i et nytt lys. I Dørum, K. Sandvik, H. (Red.) *Opptøyer i Norge 1750-1850*. Otta: Spartacus Forlag AS.

Dørum, K (2016) *Frå undersått til medborgar. Styreform og politisk kultur i Noreg 1660-1884*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Dørum, K. (2017) Haugianerne i norsk politikk på 1800-tallet. I Dørum, K. Sødal, H. K. *Hans Nielsen Hauge. Fra samfunnsfiende til ikon*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Dørum, K. Sødal, H. K. (2017) *Hans Nielsen Hauge. Fra samfunnsfiende til ikon*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Fiskaa, I. (2012) Kofthusreisinga i Agder og Telemark 1786-87. I K. Dørum og H. Sandvik (Red.) *Opptøyer i Norge 1750-1850*. 2. opplag. Oslo: Scandinavian Academik Press.

Flo, Idar André (2010) *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010). Bind 4 Norske aviser frå A til Å*. Oslo: Universitetsforlaget.

Heiberg, J. (red.) (1906) *Unionens opløsning 1905. Officielle aktstykker vedrørende unionskrisen og Norges gjenreisning som helt suveren stat*. Kristiania, J.M. Stenersen & Co.s Forlag.

Hasle, K (2005) Pressa i 1905. I Hasle, Hyvik og Tafjord (red.) *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i aviser på Nord-Vestlandet*. Volda: Jens Per Johansen AS.

Hovland, Brit Marie (1994) *Folkeavstemningen over monarki-republikk i 1905. Et økologisk perspektiv*. (mellomfagstillegg) Høgskulen i Volda: Institutt for historie.

Hyvik, J. J. (2014) Valgmennene i Bratsberg amt våren 1814. I Hyvik, Hoel og Krøvel (Red.) *Med påhalden penn?* (123- 158) Oslo: Novus Forlag.

Høiland, S. (2018) *Det jevne Folkestyre, som de i Aanden såå».* Republikanerne i Lister og Mandals amt i 1905 (Mastergradsoppgåve). Kristiansand: Universitetet i Agder.

Kaartvedt, A. (1984) *Høures historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884-1918*. Oslo/Gjøvik: J. W. Cappelens Forlag A.S.

Kjeldstadli, K. (2004) Dinnes faktisk en radikal Telemark-tradisjon? I Schrumpf, Ellen et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 25- 2004. Den stridbare Telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS.

Kjeldstadli, K (2010) *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget.* (6. opplag) Oslo: Universitetsforlaget.

Kleppen, H. (2005) Gjermund Grivi og den republikanske agitasjonen i Telemark 1905. I I. Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905*. Porsgrunn: Wera AS.

Kuhnle. Stein et. al. (Red.) (1999) *State formation, nation-building, and mass politics in Europe: the theory of Stein Rokkan: based on his collected works*. Oxford: Oxford University Press.

Lunde, O. (1996) *De første arbeiderforeninger i Telemark. Thranittbevegelsen i Bratsberg Amt*. Bø: Bø Trykk AS.

Mikkelsen, A. (2014) *Frihet til å lære. Frilynt folkehøgskole i 150 år*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Mjeldheim, L. (1984) *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880-åra til 1905*. Bergen: Universitetsforlaget.

Munch (2011) Preface. I P. Ihalainen et. Al (red.) *Scandinavia in the Age of Revolution. Nordic Political Cultures, 1740-1820*. New York: Routledge.

Myhre, J. E. (2015) Mellom Nordsjø og Nordsjøen. Byutvikling på 1800-tallet. I N. I. Agøy et. al. (Red.) *Telemarks Historie 2. 1814-1905*. (2. opplag) Bergen: Fagbokforlaget.

Mykland, H. F. (1951) *Dagbok ført i 1905 av statsminister Francis Hagerup*. Oslo: H. Aschehoug og CO.

Nielsen, Y. (1906) *Norge i 1905*. Horten: C. Andersens Forlag.

Nordby, Truls E (1999) *Varden frå fjord til fjell gjennom 125 år: avishistorie i Telemark frå 1874 til 1999*. Porsgrunn: Forlaget Grenland.

Nærbøvik, Jostein (1979) *Bondevener og andre uvener. Studie frå Telemark*. Kragerø: Naper Boktrykkeri.

Olsnes, A (1978) *Venstre i Bratsberg i 1880-åra*. (Hovudoppgåve), Universitetet i Bergen.

Olsnes, Aanund (1980) Vinstre klovnar. Om partistridane i Telemark i 1880-åra. *Telemark historielag nr. 1- 1980. Tidsskrift*: 85.

Olsnes, A. (2004) Ustyrlege Telemark. I Schrumpf, Ellen et.al (Red.) *Telemark Historie nr. 25- 2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS.

Olsnes, A (2015) Frå bondevener til republikanarar. I Agøy et. al. (Red.) *Telemark historie 2, 1814-1905*. (2. opplag) Bergen: Fagbokforlaget.

Quisling, J. L. (1908) *Til Øvre Telemarkens historie: spredte bidrag fra det 18. og 19. aarhundrede*. Skien: Eirik St. Nilssens Forlag.

Rian, Ø (2004) Motstanden mot fremmed herredømme. Telemarkingene slik historien skapte dem. I Schrumpf, Ellen et.al (Red.) *Telemark Historie nr. 25- 2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS.

Rian, Ø (2015) Gammelt og nytt i strid og samvirke. *Telemark 1500-1814*. I Ø. Rian (red.) *Telemark historie 1, før 1814*. (2. opplag) Bergen: Fagbokforlaget.

Rokkan, S (1967) Geography, Religion, and Social Class: Crosscutting Cleavages in Norwegian Politics. I S. M. Lipset og S. Rokkan (Red.) *An offprint from Party Systems and Voter Alignments*. USA: The Free Press.

Rokkan, S (1987) *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rovde, O (2005) Kvifor stod tanken om republikk så sterkt i Telemark? I I. Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905*. Porsgrunn: Wera AS.

Rui, O. V. (1999) *Folkeopplysning og kulturpolitisk strid i Telemark. Viggo Ullmann og Telemark Folkehøgskule 1878-1892*. (Hovudoppgave), Universitetet i Oslo

Rui, O. V. (2005) Kongedømme eller republikk? Viggo Ullmann og 1905. I I. Skobba et. al. (Red.) *Telemark Historie nr. 26- 2005. Telemark 1905*. Porsgrunn: Wera AS.

Sandvin, H. (1999) *Hans Nielsen Hauge og Telemark*. (2. opplag) Haugekomitéen i Telemark.

Schrumpf, E (2019) Drikkeskikker og politisk kultur i Telemark på 1800-tallet. I O. L. Hoel et. al. (Red.) *Heimen 56* (1) 25-38. Universitetsforlaget. Henta frå (18.04.2019):

https://www.idunn.no/file/pdf/67116924/heimen_2019_01_pdf.pdf.

Seip, J. A. (1981) *Utsikt over Norges historie. Annen del*. Oslo/Gjøvik: Gyldendal Fakkelbøker.

Seip, J. A. (1987) *To linjer i norsk historie. Fra embetsmannsstat til ettpartistat. Høyre gjennom hundre år 1880-1980*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Sejersted, F. (Red.) (1984) *Høyres historie 4. Statistikker Tabeller*. Oslo/ Gjøvik: J. W. Cappelens Forlag A.S.

Slagstad, Rune (1998) *de nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Slettan, D. & Try, H. (1979). *Bondevenene: Jaabækrørsla 1865-1875*. Oslo: Det norske samlaget.

Solstad, A. (1964) *Republikanerne i 1905. Aktører og aktivitet*. (Hovudfagsoppgave) Statsvitenskap, Oslo: Universitetet i Oslo.

Steane, J. G.: (1951) *Vår over Vrådal. Blad av ei bygd si religiøse soge*. Oslo: Lutherstiftelsen.

Sødal, T (2010) *Til skræk og Exempel. Trolldom, dødsstraff og kriminalitet på Agder ca. 1550-1700*. Kristiansand: Portal.

Thoresen, S. O. (1979) *Kviteseid seminar. Eit skuletiltak i Vest-Telemark*. Henta frå (11.12.2018): <https://docplayer.me/4588662-Kviteseid-seminar-eit-skuletiltak-i-vest-telemark-svein-olav-thoresen-1979.html>.

Thorsen, Dag Einar (2018) *Radikal*. Henta frå (16.04.2019): <https://snl.no/radikal>.

Tranberg, A (2004) Lønnskrav og lønnsprosess. Konflikter mellom allmue og prest i Vest-Telemark på 1600- og 1700-tallet. I Schrumpf, Ellen et.al (Red.) *Telemark Historie nr. 25-2004. Den stridbare telemarkingen*. Skien: Oluf Rasmussen AS.

Try, H. (1979) To kulturer, en stat 1850-1884, 11. I K. Mykland (red.) *Norges historie*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag A.S.

Vormeland, O. (2009) *Olaus Arvesen*, Norsk biografisk leksikon. Henta frå (25.02.2019): https://nbl.snl.no/Olaus_Arvesen.

Wikipedia, *Varden (avis)*. Henta frå (22.08.2018): [https://no.wikipedia.org/wiki/Varden_\(avis\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Varden_(avis)).

Walstad, P. H. B (2006) «*Dannelse og duelighet for livet»* *Dannelse og yrkesutdanning i den grundtvigske tradisjon* (Doktorgradsavhandling), Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet, Trondheim

Wærstad, R (1982) *Venstre i Bratsberg Am 1891-1897*. (Hovudoppgåve) Universitetet i Oslo

Østerud, Ø (1991) *Statsvitenskap: innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Sejersted, F. (2017) *Unionoppløsningen i 1905*. Henta frå (10.10.2018): https://snl.no/Unionsoppl%C3%B8sningen_i_1905.

Øidne, Gabriel (1986) Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet. I O. Aagedal *Bedehuset: rørsla, bygda, folket*. Gjøvik: Det norske samlaget.

Vedlegg


Vedlegg 1 «Nei»røysteprosent i Bratsberg 12. og 13. november 1905⁵⁷⁴

| Nr. | Herad | Prosent |
|-----|------------|---------|
| 1 | Rauland | 83,6 |
| 2 | Vinje | 75,2 |
| 3 | Nissedal | 74,9 |
| 4 | Tinn | 72,6 |
| 5 | Kviteseid | 69,1 |
| 6 | Bø | 67,9 |
| 7 | Seljord | 66,3 |
| 8 | Gransherad | 63,7 |
| 9 | Fyresdal | 59,7 |
| 10 | Laardal | 57,1 |
| 11 | Solum | 51,5 |
| 12 | Mo | 51,1 |
| 13 | Gjerpen | 49,8 |
| 14 | Skien | 47,2 |
| 15 | Siljan | 46,8 |
| 16 | Hjartdal | 42,3 |
| 17 | Sauherad | 41,4 |
| 18 | Heddal | 34,9 |
| 19 | Lunde | 33,3 |
| 20 | Drangedal | 31,1 |
| 21 | Holla | 28,8 |
| 22 | Eidanger | 25,5 |
| 23 | Brevik | 24,9 |
| 24 | Porsgrunn | 24,4 |
| 25 | Bamle | 20,9 |
| 26 | Skåtøy | 17,9 |
| 27 | Kragerø | 12,0 |
| 28 | Sannidal | 4,9 |

⁵⁷⁴ Rovde, 2005: 32.

Vedlegg 2 Figur av røysteoppmøte i Øvre Bratsberg 1829-1905


Figur over røysteoppmøtet i kvart herad i Øvre Bratsberg fra 1829 til 1905.⁵⁷⁵



⁵⁷⁵ Centralbureau, 1895: 64ff. St.mdd. nr. 5, 1905-1906: 8. Centralbureau, 1905: 16f. Centralbureau, 1901: 22f

Vedlegg 3 Utviklinga av røystene til partia på 1880- og 90-talet

Utviklinga av røysteresultatet for Venstre, Høire/ Moderate og spreidde ved valmannsvala i 1885, 1888, 1891, 1894 og 1897.⁵⁷⁶



⁵⁷⁶ Olsnes, 1978: 106, 150. Wærstad, 1982: 162ff.

Vedlegg 4 Aktivitet i ulike Venstrelag i Øvre Bratsberg på 80-talet⁵⁷⁷

| Namn | 1884 | 1885 | 1885 | 1887 | 1888 | 1889 | 1890 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|
| Fyresdal Venstreforeining | A | P | | M | M | M | A |
| Kviteseid Venstreforeining | A | P | | | | | |
| Laardal Venstrelag | | K | | | | | |
| Nissedal Venstreforeining | A | P | | R | P | P | |
| Rauland Venstreforeining | K | | | | | | |
| Seljord Venstreforeining | A | K | R | | P | | A |
| Vinje Venstresamlag | K | P | | R | M | | |
| Aktive foreiningar | 6 | 6 | 1 | 3 | 4 | 2 | 2 |
| Aktive foreiningar i heile Bratsberg | 17 | 16 | 3 | 11 | 13 | 8 | 8 |

A= Representasjon på amtsvenstremøte, K= Foreininga er konsituert, M= Eit medlemsmøte i foreininga er halde, R= Foreininga har gjort eit resolusjonsvedtak, P= Foreininga har skipa til eit prøveval.

⁵⁷⁷ Olsnes, 1978: 182.